

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnda-AU
Møtestad:	Videomøte frå fylkeshuset i Førde, Leikanger og Bergen. Thon Hotel Sandven. Vik vgs.
Dato:	11.06.2019
Tid:	13:00

Program

Kl. 13.00 – 13.05 Opning
Kl. 13.05 – 14.00 Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fellesnemnda-AU. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 25/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 26/19	Møteprotokoll Fellesnemnda-AU 13.05.19	2019/3389	
PS 27/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 5/19	Løypemelding - DP 1.8 Fagskule	2018/15997	
PS 28/19	Ymse		
PS 29/19	Historisk markering av Vestland fylkeskommune i Håkonshallen, 15.10.19 - innretning av gjesteliste	2018/16486	
PS 30/19	Regional planstrategi for Vestland - utfordringar for fylket og regionane	2015/1434	
PS 31/19	Folkehelseoversikt 2019	2019/12067	

PS 25/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Arkivnr: 2019/3389-5
Saksbehandlar: Anita Fjellheim

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	26/19	11.06.2019

Godkjenning av møteprotokoll Fellesnemnda-AU 13.05.19**Forslag til vedtak**

Møteprotokollen for FN-AU 13.05.19 vert godkjent.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Fellesnemnda-AU
Møtestad: Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5, Bergen
Dato: 13.05.2019
Tidspunkt: 15:00-16:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hordaland		
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP til 15:45
Sogn og Fjordane		
Jenny Følling	Nestleiar	SP
Sigurd E. Reksnes	Medlem	SP
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Bjørn Hollevik	Medlem	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleiar
Tore Eriksen	Fylkesrådmann, Sogn og Fjordane
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet, Hordaland
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar, Hordaland
Anne-Kjersti Stavø Stenehjem	Seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane
Hilde Joranger Mæland	Kommunikasjonssjef, Hordaland
Dianne Kilvær	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet, Hordaland
Petter Lem Gullestad	Rådgjevar/jurist, fylkessekretariatet, Hordaland
Toralf Rutledal	Seniorrådgjevar, Hordaland
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær/seniorrådgjevar, Hordaland

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 18/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 19/19	Godkjenning møteprotokoll FN-AU 26.04.19	2019/3389	
PS 20/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 4/19	Regional planstrategi for Vestland - løypemelding om utfordringar for samfunnsutvikling i Vestland fylke	2015/1434	
PS 21/19	Ymse		
PS 22/19	Vidare utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del II	2018/16486	
PS 23/19	Markeringar knytt til etableringa av Vestland fylkeskommune i 2019/2020	2019/11170	
PS 24/19	Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest	2019/11412	

PS 18/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 13.05.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

Foreslår at saka: «Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest» vert sett på sakskartet som ei politisk sak.

Røysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Saka «Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest vart sett på sakskartet som politisk sak PS 24/19.

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 19/19 Godkjenning møteprotokoll FN-AU 26.04.19

Forslag til vedtak

Møteboka vert godkjent.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 13.05.2019

Vedtak

Møteboka frå møte den 29.04.2019 vart godkjent utan merknader.

PS 20/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 13.05.2019

Referatsak RS 4/19 vart referert.

PS 21/19 Ymse

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 13.05.2019

Orientering:

Eivind Hansen, administrerende direktør, Helse Bergen:
Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest.

Ellers ingen saker til ymse.

PS 22/19 Vidare utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del II

Forslag til vedtak

FN-AU tek saka til drøfting og orientering.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 13.05.2019

Det var 7 representantar tilstades.

Røysting

Prosjektleiari sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

FN-AU tek saka til drøfting og orientering.

PS 23/19 Markeringar knytt til etableringa av Vestland fylkeskommune i 2019/2020

Forslag til vedtak

Med grunnlag i FN-AU sine merknader til saksframlegget, får prosjektleiari fullmakt til å arbeide vidare med tiltak for markeringar og informasjon i samanheng med innføringa av Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 13.05.2019

Det var 7 representantar tilstades.

Røysting

Prosjektleiari sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med grunnlag i FN-AU sine merknader til saksframlegget, får prosjektleiari fullmakt til å arbeide vidare med tiltak for markeringar og informasjon i samanheng med innføringa av Vestland fylkeskommune.

PS 24/19 Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 13.05.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag til uttale til Styret i Helse Vest, Stortingsbenken for Hordaland, Stortingsbenken for Sogn og Fjordane, statsråd Bent Høie (kopi til fylkesordførarane i Hordaland og Sogn og Fjordane, samt ordførarane i dei to fylka):

Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest

Plasseringa av ein eigen AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest handlar om beredskapen til heile helseregionen. Då er regionsjukehuset Haukeland universitetssjukehus det sjølvsgde valet.

Luftambulansetenesta bidreg til å nå målet om likeverdige tenester for pasientane. Funksjonsdeling mellom sjukehusa og til dels lange avstandar mellom pasient og sjukehus, let seg kompensere ved å bringe ei avansert akuttmedisinsk teneste ut til pasientane og levere rask og trygg transport til sjukehus.

I mai skal styret i Helse Vest vedta kor ein felles AMK-sentral for luftambulansane i helseregionen skal liggje. Her i frå skal all luftambulansetraffikk i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane styrast. Dette er ei sentralisering som vil auke kvaliteten og tryggleiken i luftambulansetenesta, uavhengig av plassering.

Koordinering av luftambulansetenesta handlar om, på best mogleg vis, å sikre at pasienten får den best moglege behandlinga. Haukeland universitetssjukehus har den kompetansen som trengs for å fylle alle rollene ein eigen AMK- LA-sentral skal ha. Som regionsjukehus med regionalt traumesenter, er Haukeland den sentrale arenaen når store beredskapshendingar skjer på Vestlandet. Haukeland er det sjukehuset i regionen med størst pasientstraum inn til sjukehuset med luftambulanse. Dei har det mest omfattande kirurgiske tilbodet i regionen innan både nevrokirurgi, thoraxkirurgi og brannskade, med eit omfattande intensivmedisinsk tilbod. Ved å legge AMK-LA-funksjonen til regionsjukehuset, vil Helse Vest sikre ei god samling av kritiske beredskapsfunksjonar.

Både Helse Førde og Helse Fonna og alle styreleiarane i helseføretaka i vest, meiner at denne funksjonen bør ligge på regionsjukehuset. Dette er og i samsvar med praksisen i dei andre regionale helseføretaka i Noreg. Også vår region må ha eit hovudsjukehus som skal sikre maksimal kapasitet og slagkraft slik at det kan tene heile regionen effektivt, når situasjonen krev det. Ved å leggje AMK-LA til Helse Bergen vil både flytryggleik og pasienttryggleik bli godt ivaretatt.

Røysting

Anne Gine Hestetun sitt forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest

Plasseringa av ein eigen AMK-sentral for luftambulansen i Helse Vest handlar om beredskapen til heile helseregionen. Då er regionsjukehuset Haukeland universitetssjukehus det sjølvsgade valet.

Luftambulansetenesta bidreg til å nå målet om likeverdige tenester for pasientane. Funksjonsdeling mellom sjukehusa og til dels lange avstandar mellom pasient og sjukehus, let seg kompensere ved å bringe ei avansert akuttmedisinsk teneste ut til pasientane og levere rask og trygg transport til sjukehus.

I mai skal styret i Helse Vest vedta kor ein felles AMK-sentral for luftambulansane i helseregionen skal liggje. Her i frå skal all luftambulansetraffikk i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane styrast. Dette er ei sentralisering som vil auke kvaliteten og tryggleiken i luftambulansetenesta, uavhengig av plassering.

Koordinering av luftambulansetenesta handlar om, på best mogleg vis, å sikre at pasienten får den best moglege behandlinga. Haukeland universitetssjukehus har den kompetansen som trengs for å fylle alle rollene ein eigen AMK- LA-sentral skal ha. Som regionsjukehus med regionalt traumesenter, er Haukeland den sentrale arenaen når store beredskapshendingar skjer på Vestlandet. Haukeland er det sjukehuset i regionen med størst pasientstraum inn til sjukehuset med luftambulanse. Dei har det mest omfattande kirurgiske tilbodet i regionen innan både nevrokirurgi, thoraxkirurgi og brannskade, med eit omfattande intensivmedisinsk tilbod. Ved å legge AMK-LA-funksjonen til regionsjukehuset, vil Helse Vest sikre ei god samling av kritiske beredskapsfunksjonar.

Både Helse Førde og Helse Fonna og alle styreleiarane i helseføretaka i vest, meiner at denne funksjonen bør ligge på regionsjukehuset. Dette er og i samsvar med praksisen i dei andre regionale helseføretaka i Noreg. Også vår region må ha eit hovudsjukehus som skal sikre maksimal kapasitet og slagkraft slik at det kan tene heile regionen effektivt, når situasjonen krev det. Ved å leggje AMK-LA til Helse Bergen vil både flytryggleik og pasienttryggleik bli godt ivaretatt.

PS 27/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Notat

Dato: 21.05.2019
Arkivsak: 2018/15997-16
Saksbehandlar: adelan

Til: Fellesnemnda, Partssamansett utval, Fellesnemnda-AU

Frå: Prosjektleder Rune Haugsdall

Løypemelding - DP 1.8 Fagskule

Delprosjekt 1.8 Fagskule er organisert under delprosjektområde 1 – vidaregåande opplæring. Delprosjektet skal utarbeide framlegg til organisering og styring av fagskuleutdanninga i Vestland fylkeskommune.

Gjennom delprosjektet har det vore arbeid med å kartlegge dagens situasjon og organisering av fagskule i dei to fylka. Vidare er delprosjektgruppa i gang med å skrive sluttrapport med tilråding til organisering og styring av fagskuleutdanninga i Vestland fylkeskommune. Basert på tilrådinga delprosjektet vil gje føreslår ein følgjande saker til det nye fylkestinget i desember 2019:

- Sak om nye felles vedtekter for styra for fagskulane i komande Vestland fylkeskommune
- Sak om oppretting av to nye styrer for dei to fagskulane
- Sak om samanslåing av dei to fagskulane frå 01.01.2021

Når det gjeld oppretting av to nye styrer for dei to fagskulane er det jf. fagskulelova § 9 krav til at ein fagskule skal ha eit eige styre. Det vil sei at det ikkje kan etablerast eitt felles styre for dei to fagskulane. Det er mogleg å nemne opp dei same medlemmene i begge styra, men tilsett- og studentrepresentant kan ikkje vere dei same. Fagskulelova seier følgjande om samansetning av eit fagskulestyre:

«§ 10. Styrets sammensetning

Styret skal ha minst sju medlemmer. Minst to medlemmer skal ha bakgrunn fra relevant arbeids- eller næringsliv. Minst ett medlem skal være valgt av og blant de ansatte, og minst ett medlem skal være valgt av og blant studentene. Hvis styret har mer enn ti medlemmer, skal minst to medlemmer være valgt av og blant studentene og minst to av og blant de ansatte. Det skal velges personlig varamedlem for medlemmene valgt av de ansatte og studentene. Det skal være minst ett varamedlem for medlemmene fra arbeids- eller næringsliv, og minst ett varamedlem for de øvrige medlemmene. Eier utpeker selv, eller fastsetter hvem som skal utpeke, styrets leder.

Ved valg av styremedlemmer gjelder likestillings- og diskrimineringsloven § 28 innen den enkelte valgkrets.

Styremedlemmene og varamedlemmene velges for inntil fire år. Styremedlemmer og varamedlemmer som velges av og blant studentene, velges for ett år. Styremedlemmer og varamedlemmer kan gjenvelges.»

Ved oppnemning av nye styrer for dei to fagskulane er det viktig å ta omsyn til ei viss stabilitet og vidareføring av kompetanse. Jf. dagens styrevedtekter ved dei to fylkeskommunane nye styrer ved fylkestingsvalet. Det vil sei at det vert velt nye styrer i desember som nemnt over, og dersom dei to fagskulane vert vedteke slått saman frå 01.01.2021 vil det etter berre eitt år veljast eit nytt styre for fagskulen i Vestland.

PS 28/19 Ymse

Arkivnr: 2018/16486-53
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	29/19	11.06.2019

Historisk markering av Vestland fylkeskommune i Håkonshallen, 15.10.19 - innretning av gjesteliste**Forslag til vedtak**

FN-AU er samd i prosjektleiaren sitt forslag til innretning på gjesteliste til den historiske markeringa av Vestland fylkeskommune i Håkonshallen, 15.oktober 2019, og at denne innretninga og eventuelle merknader i møtet vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg gjesteliste og utsending av invitasjonar.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektlear, 28.05.2019**Bakgrunn for saka**

Prosjektlear viser til sak i FN-AU, 130519, om markering av Vestland fylkeskommune. I saka, som arbeidsutvalet slutta seg til, vart det i samband med konstitueringa av Vestland fylkesting, lagt opp til ei historisk markering av den nye fylkeskommunen i Håkonshallen i Bergen, 15.april 2019.

Prosjektlear legg med dette fram ei sak som foreslår innretning på gjesteliste og deltakarar til denne historiske markeringa.

Innretning på gjesteliste

Prosjektlear legg til grunn eit samla tal på opptil 290 deltakarar på arrangementet i Håkonshallen, der eit viktig føremål er i størst mogleg grad å inkludere kommunane, folkevalde på Stortinget, eksterne samarbeidspartnarar, næringsliv, etatar, organisasjonar m.m. i sjøsettinga av den nye fylkeskommunen.

Prosjektlear foreslår derfor at dagens to fylkesting vert representert med fellesnemnda på markeringa, og legg til grunn følgjande hovudinnretning på deltaking og invitasjonar:

- Vestland fylkesting
- Fellesnemnda
- Dagens fylkesrådmenn
- Administrasjon i Vestland fylkeskommune
- Hovudtillitsvalde
- Regjering/departement
- Hordalandsbenken på Stortinget
- Sogn og Fjordane-benken på Stortinget
- Nye ordførarar/byrådsleiar i 43 kommunar
- Nye fylkesordførarar i Vestlandsrådet (Rogaland og Møre og Romsdal)
- Fylkesmannen i Vestland

Dette vil medføre om lag 100 gjester som kan inviterast frå organisasjonar, statlege etatar, næringsliv, utdanning og forskning, kultur og idrett, media, samarbeidspartnarar, særskilte gjester osv.

Prosjektlear vil utfordre FN-AU til å peike på særskilte representantar og deltakarar utover eller innanfor denne innretninga som bør inviterast til den historiske markeringa av Vestland fylkeskommune i Håkonshallen, 15.oktober 2019.

Arkivnr: 2015/1434-769

Saksbehandlar: Marit Rødseth og Synnøve Stalheim

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	30/19	11.06.2019
Fellesnemnda		18.06.2019

Regional planstrategi for Vestland - utfordringar for fylket og for regionane**Samandrag**

Fylkestinget skal vedta ein regional planstrategi – ein utviklingsplan for fylket- seinast eitt år etter konstituering. Neste planstrategi vil gjelda for 2020-2024 og skal vedtakast i det nye fylkestinget for Vestland. Fylkestinga i begge fylke vedtok å starte førebuing av eit felles kunnskapsgrunnlag og delegerte arbeidet til fellesnemnda. Fellesnemnda delegerte styringa av det vidare arbeidet til arbeidsutvalet.

Det er lagt opp til ein prosess for ny regional planstrategi i to fasar slik:

Fase 1 Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag - utviklingstrekk og utfordringar i fellesnemnda

Fase 2 Utforming av mål og strategiar og vurdering av planbehov i nytt fylkesting

Det er utarbeidd eit stort kunnskapsmateriale og gjennomført omfattande medverknad i form av spørreundersøking til og dialogmøte med kommunar, næringsliv og organisasjonar.

Det er lagt vekt på FN sine berekraftmål og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Ein folkehelseoversikt er ei lovpålagt oppgåve som er lagt til grunn for val av utfordringar. På bakgrunn av i heilheitleg vurdering av alt bakgrunnsmateriale vil prosjektleiar framheva fylgjande tema som hovudutfordringar for neste planstrategi.

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft
- Relevant kompetanse og kunnskap
- Digitalisering av samfunnet
- Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- Attraktive stader og gode nærmiljø
- Likeverdig samfunn
- Ungdom – trivsel og tilhøyre

I tråd med framdriftsplanen legg prosjektleiar no fram rapporten om hovudutfordringar for Vestland fylke og for regionane til fellesnemnda. Prosjektleiar tilrår at dette kunnskapsgrunnlaget blir lagt til grunn for arbeidet med ny planstrategi i nytt fylkesting.

Forslag til innstilling

1. Fellesnemnda for Nye Vestland tilrår at rapporten *Vestland – utfordringar for fylket og for regionane* blir lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ny regional planstrategi for 2020-2024.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Utkast - rapport om utfordringar for fylket og regionane

Prosjektlear, 27.05.2019

Bakgrunn

Planlegging etter plan- og bygningslova skal fremje berekraftig utvikling. Fylkestinget pliktar i fylgje plan – og bygningslova å vedta ein regional planstrategi kvart fjerde år.

Planstrategien skal innehalde:

- Oversikt over sentrale utviklingstrekk
- Oversikt over utfordringar og moglegheiter i fylket
- Mål for utviklinga i fylket
- Oversikt over kva regional planar det skal arbeidast med i perioden

I realiteten er planstrategien ein utviklingsplan for fylket og vedkjem alle forvaltningsnivå og sektorar.

Neste planstrategi vil omfatta perioden 2020-2024. Det vil sei at det er fylkestinget i Vestland som skal vedta planstrategien. Fellesnemnda tilrådde fylkestinga i sak 17/18 å gi fellesnemnda fullmakt til å starte opp førebuaende arbeid med regional planstrategi. Fylkestinga i begge fylka har i møte 12. og 13.juni 2018 slutta seg til dette. Fellesnemnda gav arbeidsutvalet i oppdrag å styre gjennomføringa av prosessen med førebuaende arbeid for regional planstrategi i møte 22. juni 2018. Arbeidsutvalet gjorde ei deling av prosessen i to fasar i møte 10.09.2018, der fase 1 gjennomførast i noverande fylkesting, medan fase 2 er lagt til det nye fylkestinget for Vestland

- Fase 1: Haust 2018-vår 2019 Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag med oversikt over sentrale utviklingstrekk og utfordringar og moglegheiter
- Fase 2: Haust 2019-vår 2020 Utarbeiding av mål og oversikt over kva planar som det skal arbeidast med i perioden

Det er lagt til grunn at eit førebuaende kunnskapsgrunnlaget skal ferdigstillast i fellesnemnda i juni 2019.

Arbeidsutvalet har delteke i regionale dialogmøte og er orientert om arbeidet ved referatsak i FN-arbeidsutvalet 13.mai 2019.

I samsvar med framdriftsplanen legg prosjektlear no fram forslag til rapport med oversikt over utfordringar og moglegheiter til fellesnemnda med tittel: *Vestland – utfordringar for fylket og for regionane*. Etter handsaminga i Fellesnemnda vil rapporten bli redigert og formidla til relevante organ i fylket.

Formell oppstart av arbeidet med regional planstrategi vil koma i nytt fylkesting. Det nye fylkestinget vil velja kva utfordringar ein vil gå vidare med til mål og strategiar og kva planar som skal arbeidast med i valbolken.

Folkehelseoversikt

Fylkeskommunen skal også utarbeida ein oversikt over folkehelsestatus i fylket i medhald av lov om folkehelse. Folkehelseoversikta skal vektleggast i arbeidet med regional planstrategi. Det har derfor vore tenleg å samordna desse prosessane. Statistikkgrunnlag for folkehelse er innarbeidd i det felles kunnskapsgrunnlaget. I det vidare arbeidet vil utfordringar for folkehelse utgjera eit sjølvstendig arbeid i medhald av forskrift til folkehelselova. Folkehelseutfordringar skal omtalast på fagleg grunnlag og vil bli lagt fram for fellesnemnda og fylkestinga til orientering. Fellesnemnda vil få ei eiga sak (2019/1003-11) om folkehelseoversikta.

Rapport om utviklingstrekk

Fylkeskommunane har utarbeidd ein felles rapport som omhandlar sentrale utviklingstrekk. Rapporten har fått namnet: *Vestland – statistikk og utviklingstrekk*. Rapporten er tilgjengeleg på nettsidene til Vestland og er formidla på opne møter og i e-post til kommunar, statlege etatar, verksemdar og lag og foreiningar. Link til rapporten finn de her: <https://www.vlfk.no/splitter-nye-funn-om-utviklinga-i-vestland-området/>

Utfordringar og moglegheiter

For å koma fram til fylket sine hovudutfordringar er det gjennomført omfattande medverknadsprosessar. Det er gjennomført ei spørjeundersøking til fleire målgrupper i kommunane, til næringsverksemdar og til frivillig sektor. Det har vore høg svarprosent på undersøkinga. Resultata er oppsummert regionvis. Det er gjennomført fem opne regionale dialogmøte mellom Fellesnemnda sitt arbeidsutval og lokale representantar.

- Bergen (Bergensregionen)
- Voss (Indre Vestland)
- Sløvåg i Gulen (Nordhordland og HAFS)
- Førde (Nordfjord og Sunnfjord)
- Leirvik (Sunnhordland)

Møta er planlagt i samarbeid med regionråda. Dei er kunngjort i lokalaviser og på nett. Møta har hatt fylgjande innhald:

- Velkomen og introduksjon – visjonar for Vestland (Fylkesordførarane)
- Om organiseringa av Vestland fylkeskommune – prosjektleiar
- Gjennomgang av statstikk og utfordringar i regionen – Fylkeskommunen
- Førebudde innlegg frå regionen ved kommunar, næringsliv og organisasjonar om utfordringar og moglegheiter
- Open post med innlegg frå møtelyden
- Kommentrarar frå Fellesnemnda-arbeidsutvalet

Det har vore god oppslutning om møta med rundt 100 deltakarar på kvar. Meir detaljert oversikt over innhaldet i møta er vist på nettsidene vlfk.no.

Oppsummering av regionvise innspel i spørjeundersøking og dialogmøte er vist i vedlagte rapport.

FN sine berekraftmål

FN har vedteke 17 mål for berekraftig utvikling for 2030 som gjeld alle medlemsland. Fylkestinget i Hordaland har vedteke i møte 02.-03.oktober 2018 at desse måla skal leggjast til grunn for alt arbeidet med nye Vestland. I orienteringssak til Fellesnemnda- arbeidsutvalet 13.mai 2019 er det gjort greie for dette. Det er lagt vekt på at dei tema som er omfatta av berekraftmåla også skal vera fanga opp i utfordringsbiletet. Det vil bli arbeidd vidare med mål og berekraftindikatorar i fase 2 i arbeidet.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa har i møte 14.mai 2019 vedtatt nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Regjeringa understrekar fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle og regional planlegging som viktig reiskap i den samanheng. Forventingane inneheld fire temaområde:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

Så langt det har vore mogleg innan denne korte fristen er det tatt omsyn til desse i omtalen av utfordringar. Forventingane og prioriteringane i regional stat vil koma sterkare inn ved fastsetjing av mål i Fase 2.

Innhald i utfordringane

Utfordringsbiletet er presentert både i høve til fylket som heilheit og i høve til kvar møteregion. Det er gjort ei fagleg vurdering av utfordringsbiletet innafor kvart fagmiljø i fylkeskommunen sin administrasjon. I framstillinga av utfordringane er det lagt vekt på å få fram hovudintrykka frå dialogmøta og spørjeundersøkinga gjennom dei tema som er vald. I fase 2 når ein skal fastsetja mål, vil dette kunne omstrukturert og endrast og gjennomgå ei prioritering.

Prosjektlear vil framheva fylgjande hovudutfordringar med moglegheit for utvikling:

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft
- Relevant kompetanse og kunnskap
- Digitalisering av samfunnet
- Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- Attraktive stader og gode nærmiljø
- Likeverdige samfunn
- Ungdom – trivsel og tilhøyre

I vedlegg til denne saka er utfordringane nærare omtalt i ein rapport som har fått namnet:
Vestland – utfordringar for fylket og for regionane

Prosjektlear sin vurdering

Prosjektlear meiner det er lagt fram eit fyldig statistikkgrunnlag og gjennomført ein omfattande medverknadsprosess for å få fram eit kunnskapsgrunnlag for planstrategien. Prosjektlear har lagt vekt på FN sine berekraftsmål, regjeringa sine forventingar til regional planlegging og folkehelseoversikta i val av hovudutfordringar.

Prosjektlear tilrår at rapporten: *Vestland – utfordringar for fylket og for regionane* bli lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi 2020-2024.

Sist revidert 28.mai 2019

Vestland

Utfordringar for fylket og for regionane

Forord

Anne Gine Hestetun

Jenny Følling

UTKAST

Innhold

Innleiing

Bakgrunn

Kunnskapsgrunnlag

Nasjonale forventingar til regional planlegging

Særtrekk i ulike delar av Vestland

1	Hovudutfordringar for Vestland fylke	10
1.1	FN sine berekraftmål og hovudutfordringar for Vestland fylke	10
1.2	Hovudutfordringar for Vestland fylke	12
1.2.1	Klimaomstilling	13
1.2.2	Balansert areal- og naturressursbruk	13
1.2.3	Gode transportsamband og smart mobilitet	15
1.2.4	Grøn konkurransekraft	16
1.2.5	Digitalisering av samfunnet	18
1.2.6	Relevant kompetanse og kunnskap	19
1.2.7	Attraktive stader og gode nærmiljø	20
1.2.8	Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv	21
1.2.9	Likeverdig samfunn	22
1.2.10	Ungdom – trivsel og tilhøyre	23
2	Utfordringar for regionane i Vestland fylke	25
2.1	Regionrapportar - Metode og medverknad	26
2.2	Regionrapportar	30
2.2.1	Møteregeion Bergensområdet	30
2.2.2	Møteregeion Indre Vestland	33
2.2.3	Møteregeion Nordhordland og HAFS	36
2.2.4	Møteregeion Sunnfjord og Nordfjord	39
2.2.5	Møteregeion Sunnhordland	43

Innleiing

Bakgrunn

Fylkeskommunane skal kvart fjerde år i medhald av plan- og bygningslova utarbeida ein regional planstrategi – ein utviklingsplan for fylket. Planstrategien skal fremje ei berekraftig utvikling. Strategien skal gjera greie for sentrale utviklingstrekk, utfordringar og mogelegheiter i fylket. Fylkestinget skal vedta strategien med mål og strategiar for dei næraste fire år. Strategien skal innehalde eit oversyn over kva planar som skal utarbeidast for å oppnå måla.

Neste planstrategi vil gjelda for åra 2020-2024. Det er nytt fylkesting for Vestland fylke som skal fatte vedtaket om strategien, seinast eitt år etter konstituering. Fylkestinga i begge fylka har derfor fatta eit likelydande vedtak om at det skal utarbeidast eit felles kunnskapsgrunnlag for å førebu eit vedtak i nytt fylkesting. Fylkestinget har gitt Fellesnemnda i oppdrag å fylgja denne prosessen. Fellesnemnda har vidare delegert oppdraget til arbeidsutvalet. I framdriftsplanen er det lagt opp til at ein rapport om hovudutfordringar skal leggjast fram for Fellesnemnda i juni 2019.

Kunnskapsgrunnlag

For å utarbeide kunnskapsgrunnlag er det gjennomført fylgjande:

- Utarbeiding av rapport Vestland – statistikk og utviklingstrekk
- Spørjeundersøking om utfordringar til kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar
- Regionale dialogmøte med kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar
- Faglege administrative innspel om utfordringar i begge fylkeskommunane

Fakta og innspel frå desse dokumenta og prosessane dannar grunnlag for omtalen av hovudutfordringar i dette dokumentet. I tillegg er vurderingar av folkehelseutfordringar innarbeidd. Desse vil også gå fram av ein eigen rapport om folkehelseoversikt. Det er også tatt omsyn til FN sine berekraftmål og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Nasjonale forventningar til regional planlegging

Regjeringa skal kvart fjerde år leggja fram nasjonale forventningar til regional planlegging. (Plan- og bygningslova § 6-1). Forventingane blei vedtatt ved kongeleg resolusjon 14.mai 2019. Nasjonale forventningar skal fylgjast opp i regional planstrategi.

Regjeringa legg vekt på fylgjande store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftmål skal vera det politiske hovudsporet og ein del av grunnlaget for regional samfunns- og arealplanlegging. Regjeringa vil utarbeide indikatorar for berekraftmåla som kan tilpassast regionale forhold.

Regjeringa vil styrke fylkeskommunens samfunnsutviklarrolle og legg vekt på regional planlegging som verktøy. Regional planlegging vil vera eit sentralt verktøy for å fastsetja mål for nye politikkområde som kulturminneforvaltning, kultur, næring og kompetanse. Regjeringa har konkrete forventningar til planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling.

Regjeringa konkretiserer sine forventningar til innhaldet i regional- og kommunal planlegging i tre hovudområde med underpunkt .

Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet

- *at fylkeskommunen og kommunane legg vekt på arbeidet med å redusera klimagassutslepp og legg til grunn høgaste alternativ for klimaframskrivingar for klimatilpassing i planar.*
- *at fylkeskommunane og kommunane legg til rette for vekst i sysselsetjing og produksjon i grønt og berekraftig næringsliv med omstilling, innovasjon og vekst i nye arbeidsplassar.*
- *at fylkeskommunen tek ansvar for ein regional kompetansepolitikk og tek omsyn til flyktningar og innvandrarar sine behov.*
- *at fylkeskommunen og kommunane tar omsyn til viktig naturmangfald, leveområde for ville pollinerande insekt, friluftslivområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar og kulturmiljø og landskap, strandsoneverdiar og jordbruksområde, drikkevasskjelder.*
- *at fylkeskommunen og kommunane utviklar dei norske verdsarvområda som fyrtårn for beste praksis innafør natur- og kulturminneforvaltning gjennom arealplanlegginga.*
- *At fylkeskommunen og kommunane set av tilstrekkeleg areal til ønskt vekst i oppdretts- og havbruksnæringa*
- *At fylkeskommunen og kommunane legg til rette for meir verdiskaping og nye grøne næringar innanfor jord- og skogbruk*
- *at fylkeskommunen og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar og at forvaltning av byggjeråstoff vert vurdert i eit regionalt perspektiv.*

Berekraftig areal- og transportutvikling

- *at fylkeskommunen og kommunane legg til rette for vekst og utvikling i kompakte og klart avgrensa byområde gjennom fastsetjing av utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekk i transportsystemet.*
- *at fylkeskommunen og kommunane legg til rette for eit godt samferdselsnett*
- *at fylkeskommunen og kommunane sikrar arealbehovet til forsvaret*
- *at fylkeskommunen og kommunane legg til rette for høg arealutnytting i byområde gjennom fortetting og transformasjon med kvalitet.*
- *at fylkeskommunen og kommunane legg til rette for sykling og gange i byar og tettstader*
- *at byregionar og fylkeskommunen vidareutviklingar samarbeid om transport på tvers av administrative grenser der ein medverkar til effektiv ressursbruk, næringsutvikling, busetjing og sosial berekraft i alle delar av fylket.*
- *at fylkeskommunen og kommunane legg til rette for kostnadseffektiv framføring av mobil- og breibandnett gjennom bruk av eksisterande føringsveggar.*

Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

- *at kommunane har ein aktiv og heilskapleg areal- og sentrumspolitikk der ein legg vekt på å styrke sentrumsområde og tar ei leiande rolle i sentrumsutviklinga.*
- *at bustadpolitikken og bustadplanlegginga er ein integrert del av kommunen sin strategi for samfunns- og arealutvikling og tar bustadsosiale omsyn, tilrettelegg bustader for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.*
- *at kommunane planlegg for å motverke konsentrerte levekårsutfordringar, legg universell utforming til grunn og sikrar folkehelse.*
- *at kommunen legg vekt på arkitektur og kvalitet og tek utgangspunkt i kulturhistoriske element og særpreg.*
- *at fylkeskommunen og kommunane tek vare på kunst og kultur som del av planlegginga og legg til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv*
- *at kommunar og fylkeskommunen har ei aktiv og heilskapleg tilnærming til utvikling av aldersvenleg samfunn*
- *at kommunane sikrar byrom og bløgrøn infrastruktur og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar*
- *at fylkeskommunen og kommunane sikrar bruks- og verneverdiane i vassdrag.*
- *at kommunane sikrar gode vilkår for god psykisk og fysisk helse*
- *at kommunane tek hand om barn og unge sine interesser gjennom å fremje trygge, attraktive og aktivitetsfremjande by- og bumiljø*
- *at kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining*

Særtrekk i ulike delar av Vestland

Sentralitet

Kommunane i Vestland har mange felles utviklingstrekk og utfordringar. På nokre område er det likevel vesentlege forskjellar. Sentralitet, om kommunen er sentralt plassert i høve til arbeidsplassar og servicefunksjonar, seier mykje om situasjonen i kommunen. Kommunane i indre deler av Vestland, Nordfjord og kring Sognefjorden er minst sentrale.

Folketalsutvikling

Blant dei 43 kommunane i Vestland (frå 2020) har folketalsutviklinga vore positiv i 28 av kommunane, med ei særleg auke i Bergensområdet og kring regionsentera. Utviklinga peikar no i retning av større utfordringar med redusert innvandring og fallande fødselstal. Dette kan skapa eit enda større skilje mellom kommunane. Indre deler av Vestland kan merka dette mest, men også langs kysten kring Sognefjorden og nord i fylket kan få merka fylgjene av dette dei næraste åra.

Figur 1.1.1

Utdanning

Fylket har gjennomgåande høgt utdanningsnivå. Bergensområdet bidreg til å trekke opp, men også mindre sentrale kommunar er prega av høgt gjennomsnittleg utdanningsnivå. Dette gir moglegeheiter for vidare utvikling av kompetansearbeidsplassar. Vidare er det eit ynskje om kortreiste utdanningstilbod, i tillegg til desentralisert skulestruktur i vidaregåande opplæring, for å bidra til å halde på innbyggerane etter fullført utdanning. Innbyggerane er også opptekne av ei tettare kopling mellom vidaregåande skule, utdanningsinstitusjonar og næringslivet for å legge til rette for rekruttering av relevant kompetansearbeidskraft lokalt. Då vil det også vere fordelaktig om vidaregåande skular og utdanningsinstitusjonar er lokalisert nær arbeidsplassane.

Arbeidsplassar

I heile fylket, men spesielt i dei meir rurale stroka, vil det vere viktig å legge til rette for ein meir variert arbeidsmarknad i tillegg til å skape nye arbeidsplassar lokalt. Dei fleste kommunane har ein høg del tilsette i offentleg sektor, med Bergen som eit tyngdepunkt der statleg verksemd utgjer mange arbeidsplassar. Fleire kommunar i Sunnhordland, Nordhordland, HAFS og Nordfjord har ytra ynskje om fleire offentlege og statlege arbeidsplassar lokalisert i sine kommunar. Næringslivet elles har ei deling med kysten dominert av marin og maritim verksemd, og indre deler av Vestland med stort innslag av kraftkrevjande industri og reiseliv. Det er stor vilje til å byggje vidare på dette. Til dømes etterspør næringslivet i indre deler av Vestland kompetanse i industrien for å bli fornybar-regionen.

Transport

Transportutfordringar og reisevanar er ulike i fylket. Dette har samanheng med befolkningstettleik og -fordeling. Sjølv om 80 prosent av innbyggerane i fylket bur i tettstader, er det stor ulikskap mellom kommunane i fylket når det gjeld busetjingsmønster. Bergensområdet har naturleg nok best kollektivdekning. I meir rurale stork etterspør innbyggerane høgare frekvens i tilbodet og meir fleksible tilbod. Det er til dømes føreslått å vidareutvikle konsept «Heim for ein 50-lapp» og «Travel like the locals». «Heim for ein 50-lapp» gjer at ungdom kan nytte kollektivtransport utanom oppsette rutetider, slik at det er lettare å ta del i fritidsaktivitetar utan å vere avhengig av kollektivtransport med lite frekvente avgangar. Konseptet «Travel like the locals» legg til rette for at turistar i større grad kan nytte kollektivtilbodet lokalt. Dette kan bidra til å oppretthalde eller auke frekvens i kollektivtilbodet for innbyggerane som følgje av auka kundemasse.

Kultur

Kulturtilboda er noko ulike i kommunane. I sør er det langt fleire profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar, medan det i nord er større oppslutning om kulturskule og frivillig arbeid. Små kommunar har høgast deltaking i kulturskule og frivillig arbeid. I indre delar av Vestland er det eit gjennomgåande trekk at ungdomsskuleelevar er meir nøgd med tilbodet av idrettsanlegg og kultur. Eit godt kulturtilbod er viktig for å sikre inkludering og byggje attraktive lokalmiljø, i tillegg til å vere ein ressurs i reiselivssamanheng. Tettare samarbeid mellom aktørar innan kultur og reiseliv kan bidra positivt til innbyggerane sitt kulturtilbod. Vidare etterspør kulturinstitusjonar i fleire regionar i fylket større regionale kultursatsingar.

Særtrekk i kvar møtereion:

Bergensregionen

- Høgt folketal og vekst
- Høg del unge, men netto utflytting til austlandet
- Sterke kunnskapsmiljø, kompetansearbeidsplassar og høg kompetanse

- Høgfrekvent kollektivtransport
- Transportknutepunkt, men sårbar transport på veg
- Sterkt profesjonelt kulturliv, lågare del i organisert kulturaktivitet

Indre Vestland

- Folketalsnedgang, låg del unge
- Store avstandar
- Gode skuleresultat og attraktivt høgskulemiljø
- Næringsliv med styrke innan reiseliv og fornybar energi/industri
- Høgt naturmangfald og store verdiar i natur- og kulturlandskap
- Stor skredfare
- Liten tilgang på høgfrekvent kollektivtilbod
- Høg trivsel

Nordhordland og HAFS

- Folketalsnedgang, låg del unge
- Gode skuleresultat
- Styrke innan marin og maritim næringsverksemd som kan utviklast
- Utsett for stormflo og skred
- Liten tilgang på høgfrekvent kollektivtilbod
- Utfordrande vegtransport
- Aktivt kultur- og idrettsliv

Sunnfjord og Nordfjord

- Folketalsauke i sentrale kommunar, aukande del eldre
- Svakt utdanningstilbod, men gode prestasjonar
- Høg sysselsetjingsgrad og varierte arbeidsplassar
- Aukande fare for stormflo og skred
- Låg del med høgfrekvent kollektivtilbod
- Store avstandar og utfordrande vegnett
- Variert og aktivt kultur- og idrettsliv

Sunnhordland

- Folketalsvekst, høgare del eldre
- Høg sysselsetjing og mangel på fagarbeidarar
- Sterkt næringsliv innan marin og maritim sektor
- Stort naturmangfald
- Auka fare for stormflo
- Låg del med høgfrekvent kollektivtilbod
- Rikt kulturliv

UTKAST

1 Hovudutfordringar for Vestland fylke

1.1 FN sine berekraftmål og hovudutfordringar for Vestland fylke


FN har vedtatt mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Måla inneheld 17 hovudmål med 169 delmål, og det er utvikla 232 indikatorar. FN oppmodar alle medlemsland til å nytte desse i sitt utviklingsarbeid.

Måla kan også nyttast på alle forvaltningsnivå og innan ulike sektorar, samt i private verksemdar. Fylkestinget i Hordaland har samrøystes vedteke fylgjande i møte 02. og 03.10. 2018:

Fylkestinget i Hordaland meiner at FNs bærekraftmål bør vera overordna og førande i arbeidet fram mot og i det nye Vestland fylkeskommune.

Dette vedtaket er fylgt opp i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for regional planstrategi 2020-2024 og blir vidare utdjupa i strategiarbeidet når dette formelt startar opp i nytt fylkesting.

Berekraftig utvikling er omtalt som ei utvikling der det er ein balanse mellom økonomisk utvikling, sosial utvikling og naturmiljøets toleevne. Framtidige generasjonar sine moglegheiter skal tas vare på lik linje med noverande. Dei 17 berekraftmåla er framstilt i ein pyramide der eitt nivå byggjer på nivået under slik som vist i figuren under. Mange utfordringar i Vestland vil vera relevant for fleire mål og nivå i denne figuren.



I dette kapitelet er det vurdert om dei 17 måla er fanga opp av dei utfordringane som det kan arbeidast vidare med i planstrategien for Vestland . Gjennomgangen viser at hovudutfordringane i Vestland i stor grad fangar opp FN sine berekraftsmål. Ved fastsetjing av mål og strategiar i komande regionale planstrategi vil det gjerast vidare prioritering og konkretisering.

Indikatorar vil vurderast og leggast fram for fylkestinget når arbeidet med planstrategi startar opp i nytt fylkesting.



FN sine berekraftmål og hovudutfordringar for Vestland fylke

FN mål: (Symbol kjem)	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17
Hovudutfordring																	
Klimaomstilling		1	1			1	1	1	1		1	1	1	1	1		1
Balansert area- og naturressursbruk		1				1	1				1	1	1	1	1		1
Gode transport - samband og smart mobilitet			1						1		1		1				1
Grøn konkurransekraft	1	1	1			1		1	1	1		1	1	1	1		1
Digitalisering av samfunnet			1	1				1	1		1		1			1	1
Relevant kompetanse og kunnskap	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1			1	1	1	1	1
Attraktive stader og gode nærmiljø			1							1	1		1			1	1
Fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv			1							1	1					1	1
Likeverdige samfunn			1	1	1			1		1							1
Ungdom – trivsel og tilhøyre			1	1				1		1							1

1.2 Hovudutfordringar for Vestland fylke

Eit overordna føremål med arbeidet med regional planstrategi er å fremja ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestland fylke. Føremålet femnar vidt og vedkjem alle forvaltningsnivå og

sektorar. Det bør tas omsyn til at heile fylket skal ha ei tilfredsstillande utvikling og kvart individ ein god livskvalitet.

Arbeidet med å etablere Vestland fylkeskommune er kome mykje lenger enn i førre planstrategiperiode. Utfordringane er no felles. På dialogmøta rundt i fylket er det uttrykt støtte til eit nytt fylke, og samstundes understreka trong for å halde fram samarbeid med Rogaland og Møre og Romsdal fylker som del av dette.

1.2.1 Klimaomstilling

(FN mål 2, 3, 6, 7, 8, 9, 11,12, 13, 14, 15, 17)

Ei global utfordring

Klimaendringane er ei av vår tids største utfordring og råkar alle samfunnsområde. Det er ei global utfordring som har store lokale konsekvensar, men som også gir store lokale mogelegheiter. Utfordringa synleggjer at vi tilhøyrer ein felles klode og at berre oppfølging av Parisavtalen under FN kan hindre klimaendringane. Norge både bidrar til og blir råka av eit varmare klima.

Stortinget har forplikta nasjonen til å utvikla eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Ei omstilling der ein endar heile samfunnet, arbeider for å redusere klimagassutslepp og tilpassar oss klimaendringane er naudsynt. FN sitt klimapanel meiner vi har kun 11 år på oss til den omstillinga som er naudsynt.

Redusere klimagassutslepp

Klimagassutslepp kjem frå alle samfunnsområde, men i Vestland mest av alt frå industri, olje og gass sektoren, sjøfart og vegtransport. Å elektrifisere transportsektoren er eit satsingsområde i Vestland alt i dag. Hydrogen kan bli eit nytt alternativt drivstoff. (bilde) Fylkeskommunen og kommunane har gått føre med tiltak på ei rekkje område til dømes innan transport og energi i bygg. Næringslivet viser vilje og evne til å redusere sine utslepp. Statlege tilskot er naudsynt for å kunne omstille i ein meir klimavenleg retning. Kvar einskild individ sin kunnskap og haldning vil telja i denne omstillingsprosessen.

Tilpassing til eit endra klima

Klimaendringane er venta å føra til ein gjennomsnittleg temperaturauke på 4 grader i Vestland fylke frå 1971-2000 til 2071-2100. Årsnedbøren er venta å auka med kring 15% , og det er sannsynleg at episodar med kraftig nedbør vil auke. Følgen av det er fleire og større regnflaumar og jord-, flaum- og sørpeskred, samt steinsprang. Samtidig aukar faren for stormflo, tørke om sommaren og snøskred. Vestlandet er den landsdelen som vil bli mest råka av ekstremver.

Økosystema er tilpassa dagens klima og ein må forvente vesentleg påverknad på ei rekkje naturtypar. Auka sjøtemperatur kan påverka dei viktige fiskeri- og havbruksressursane. Mange bygningar, eit anslag på 20 000, ligg i område med flaumfare. Særleg merkbart i dag er utfordringar knytt til auken i skredepisodar på veg og jernbane.

1.2.2 Balansert areal- og naturressursbruk

(FN mål 2, 6, 7, 11, 12, 13, 14, 15,17)

Klimavenleg utbyggingsmønster

Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster vil bety å sjå arealbruk og transport i samanheng. Lokalisering av utbyggingsområde slik at trongen for biltransport til og frå næringsområde, arbeid, handling og fritidsaktivitetar er avgrensa, vil minske klimautslepp og spare verdifulle areal. Fortetting og kompakt utbygging med fokus på kvalitet forsterkar effekten og gjer at fleire kan gå og sykle. I dei folkerike områda rundt Bergen og Haugesund er dette særleg viktig. Medviten lokalisering i høve til kollektivtransport og transportknutepunkt vil vera både miljøvenleg og samfunnsnyttig. Tal for byggestatistikk i Vestland fylke peikar i retning av at eit spreidd utbyggingsmønster framleis aukar ikring tettstadane.

Sikre verneverdiar

Ei balansert og langsiktig forvaltning av areal-, natur- og kulturminneressursar krev god kjennskap til verneverdiane i regionen.

Matjord er ein svært avgrensa ressurs i Vestland fylke, men betyr mykje for busetjingsmønster og beredskap. Årleg omdisponering av matjord har gått ned, men framleis er det trong for å styrka jordvernet.

Vestland fylke har stort naturmangfald, både på land og i sjø, men det skjer ei negativ utvikling i fleire økosystem. Naturmangfald har ein verdi i seg sjølv, men gjer også fylket meir motstandsdyktig mot ytre påkjenningar og endringar som til dømes klima. Ansvar for å sikre leveområde for villrein og laks- og sjøaure er ei særleg utfordring i Vestland.

Fylket har ei rik kulturhistorie med mange kulturminne og kulturmiljø som spenner over eit tidsrom på om lag 10 000 år. Dette gjeld særleg steinalderlandskapet langs kysten som har nasjonal og internasjonal kulturminneverdi. Det årlege tapet av kulturminne både frå nyare tid og eldre er vesentleg og bør reduserast.

Vestnorske fjordlandskap er på UNESCO si verdsarvliste. Gjennom arealplanlegginga kan verdsarvområdet utviklast til fyrstårn for den beste praksisen innafor natur- og kulturminneforvaltning.

Potensialet for friluftsliv er stort, men områda er også utsett for nedbygging særleg i fjellområda, i strandsona og nært tettstader.

Langsiktig naturressursforvaltning

Fylket har svært store verdier knytt til vassdragsregulering og produksjon av fornybar elektrisk kraft. Mykje er tatt i bruk og utfordringa er å dra større nytte av elkrafta i eige fylke. Potensialet for vindkraftproduksjon er også vesentleg. Kartlegging av kor ein kan lokalisera vindkraftanlegg er i gang, men motstanden er stor på grunn av natur- og landskapsinngrepa det medfører. Det bli peikt på havvind som eit betre alternativ.

Ressursar i tilknytning til kyst, fjord og hav har tradisjonelt hatt mykje å sei for fylket. Fylket har ei svært lang kystline. Utnytting av kystnære farvatn til tradisjonelt fiske, akvakultur og nye artar kan utviklast vidare innafor berekraftige rammer.

Reint vatn er ein ressurs som ofte vert tatt for gitt. Men statusrapportar visar at ikkje alle vassførekomstar har eit tilfredsstillande tilstand for helse- og miljø. Reduksjon av forureinande utslepp til vassdrag og fjordar er framleis ei utfordring.

Byggeråstoffa sand, grus og pukk har også sin bakgrunn i stadeigne ressursar som kan utnyttast i ei grøn omstilling av næringslivet. For å oppnå klimamål bør desse brukast nærare kjeldene.

Skal ein unngå at verdiar og ressursar unødig går tapt, er det naudsynt med ei avveging av verneverdiane opp mot til dømes utnytting av naturressursane i eit langsiktig perspektiv.

1.2.3 Gode transportsamband og smart mobilitet

(FN mål 3, 9, 11, 13, 17)

Gode interne vegsamband i nytt fylke

Eit nytt og større fylke med nye og større kommunar har behov for å utvikle betre interne transportsamband. Nord-sør sambanda som E 39 og riksveg 13 blir sentrale i å binda fylket saman. Ferjefri E 39 og tilknytninga til Bergen er framheva som avgjerande for viktige næringsområde. Dei store trafikkmengdene rundt Bergen saman med topografien skaper eit svært sårbart punkt for transporten. Nord-sør sambanda må knytast til vintersikre aust-vestsamband. I nordvest er det eit uttrykt ynskje om ein ytre kystveg i tillegg til E 39.

Fylkesvegane i forfall

Fylkesvegane må vera gode matevegar for hovudsambanda og skapa vilkår for robuste bu- og arbeidsmarknadsområde. Fylket står framfor store utfordringar på fylkesvegnettet både når det gjeld standard, utbetring av tunellar og vedlikehald. Over halvparten av fylkesvegane har dårleg dekketilstand. Det er anslått eit behov for i 11-12 milliardar for å ta igjen etterslepet. Eit stort tal ferjer, i alt 28 samband, er skapar barrierar.

Kollektivtransport med hurtigbåt, fly og tog

Båttransport spelar ei viktig rolle på delar av kysten, og kan spela ei viktigare rolle, særleg inn mot Bergen. Utfordringa er at båttransport er kostnadskrevjande og gir særleg høge utslepp i dag. I framtida kan låg- og nullutsleppsteknologi gjere båttransport meir berekraftig.

I eit større fylke med store avstandar vil flytransport via dei regionale lufthamnene vera ein del av kollektivtilbodet. Utvikling av regionale ruter vil vera avgjerande for at fylket skal fungera effektivt og næringslivet skal konkurrera med andre delar av landet.

Tog spelar ei viktig rolle langsetter Bergensbanen. Med ny Vossebane og Ringeriksbane vil Bergensbanen sin konkurransekraft mot fly og bil bli kraftig styrkt på strekninga mellom Vestlandet og Austlandet

Kvardagstransport - å gå, sykle eller reise kollektivt

Kvardagstransporten er viktig for alle og opnar for kontakt og deltaking i samfunnet. I område med tett busetnad bør gange og sykling samt kollektivreiser vera den mest attraktive transportform for persontransporten. I Bergensområdet gjeld nullvekstmål for personbiltransporten. Gjennom verkemidlane i Miljøløftet har det vore ei endring i transportmiddelfordelinga med auke i miljøvenlege transportformer og reduksjon i biltrafikken. I heile fylket er det utfordringar når det gjeld manglande tilrettelegging for gåande og syklende og utrygge skulevegar. Meir kompakt utbyggingsmønster vil på sikt kunne skapa grunnlag for betre transporttilbod. I spreiddbygde område kan ein finna nye løysingar for kollektivtransport ved bruk av ny teknologi og smarte løysingar.

Samordning med næringsliv

Meir transport av gods med båt og tog kan avlaste vegane og minske klimagassutslepp. I eit eksportretta fylke der maritim og marin verksemd står sterkt, kan gode hamner styrke fylket sin posisjon. Vidare kan ny trase, fleire kryssingsspor og rassikring på Bergensbanen sikre jernbanen sin konkurransekraft for gods.

Riksvegane er spesielt viktig for næringslivet og i transportkorridorane aust-vest er det utfordrande med omsyn til standard, ras og regulativitet om vinteren.

Samarbeid med reiselivsnæringa kan vera med på å skapa grunnlag for nye løysingar. Prosjektet «Travel like the locals» er eit døme innan kollektivtransport. Fylket sine nasjonale turistvegar har ei særleg viktig rolle.

Ras- og flaumfaren aukar

Infrastruktur knytt til veg og jernbane er alt påverka av dagens klimaendringar og det er venta auka utfordringar som følge av faren for fleire flaumar og jord-, flaum- og sørpeskred. (bilde). Særleg den daglege opplevinga av fare for pendlarar og skuleelevar er uholdbar.

Vestland fylke er eit svært skredutsett område med i alt 277 registrerte skredpunkt langs veg. Bergensbana er den mest skredutsette bana i Norge. E 16 er svært utsett og skapar sårbarheit i ein viktig transportkorridor. Utbetring av Vossebana i ny trase og ny E 16 vil bety mykje for samfunnstryggleiken i fylket.

Teknologiutvikling og lågutsleppstransport

Det neste tiåret vil ny teknologi ha stor innverknad på alle aspekt ved transport og mobilitet. Stikkord er elektrifisering, kombinert mobilitet, sjølvkøyrande køyretøy og digitale system.

Samferdselsektoren er ei stor kjelde til klimagassutslepp. For alle transportformer med bil, båt og fly er utfordringa overgang til låg- og nullutsleppsteknologi. Elbilen er i frammarsj og fylket har ein høg del elbil og mange ladestasjonar. Fylket er ein verdslaiande region i overgang til nullutsleppsbilar. Denne utviklinga bør det byggjast vidare på.

Regjeringa har som mål at kollektivtrafikken skal vera fossilfri innan 2025. Fylket kan her vera ein pådrivar gjennom innkjøp og gje stimuli til teknologisk utvikling. Dei første elferjene er i drift og dei fleste sambanda blir elektrifisert dei komande åra. Bussar og drosjer står for tur. Industrien i Vestland er alt i verdsklasse når det gjeld maritim nullutsleppsteknologi. Fylket kan vera testområde for elektriske rutefly på kortbanenettet. Flyruta Flesland-Førde er interessant som pilot for elfly som ledd i ei langsiktig satsing.

1.2.4 Grøn konkurransekraft

(FN mål 1, 2, 3, 6, 8, 9, 10, 12, 13,14, 15,17)

Robust næringsliv

Vestland fylke er kjenneteikna av eit variert og sterkt næringsliv og ei sysselsetjing på 66% som er det same som landsgjennomsnittet. Effekten av oljeprisfallet som i førre strategiperiode skapte arbeidsløyse langs kysten, er no borte. Men prisfallet synleggjorde avhengigheita av olje- og

gassrelatert næringsliv og moglegheitene som ligg i utnytting av kompetansen over i nyskaping og innovasjon. Nytablerte føretak i Vestland skapar fleire arbeidsplassar enn snittet nasjonalt og mengda føretak veks i dei fleste kommunar. Det er berekna at fylket manglar opptil 4500 personar til ledige jobbar. Ein konkurransefordel i Vestland er eit høgt utdanningsnivå og relevante forskingsmiljø, i tillegg til ein arbeidskultur som stimulerer til innovasjon og utvikling. Betre vegnett er eit sentralt element for auka konkurransekraft.

Usikkerheit internasjonalt råkar eksportfylket

Fylket er kjenneteikna av høg del eksportretta næringsliv som konkurrerer i ein global marknad. Mange arbeidsplassar er tidlegare flytta til lågkostland. Den internasjonale situasjonen skapar no usikkerheit med tilløp til handelskrig og proteksjonisme i viktige marknader.

Omstilling til grøn konkurransekraft

Ei berekraftig utvikling innan næringslivet kan kort omtalast som omstilling til grøn konkurransekraft, ei utvikling som bidrar til å kutte klimagassar og miljøulempar og samstundes aukar verdiskaping og sikrar sysselsetjing. Utfordringa både på kort og lang sikt blir å gjera oss mindre olje- og gassavhengig både ut i frå klimaomsyn og omsyn til eit robust næringsliv. Bioøkonomi og sirkulær økonomi er stikkord for mogeleg utviklingsretning. Eit enda større mangfald i kompetansekreivjande foredling av naturressursar er ein veg å gå. Spesialisering innafor næringar der vi har føresetnad for konkurransefortrinn, «smart spesialisering», kan vera ein metodikk. Området Sløvåg-Mongstad er alt i dag ein viktig arena og har eit stort potensiale for utvikling av grøn industri.

God tilgang på fornybar energi og industri i utvikling

Vestland fylke er alt Norges største produsent av fornybar energi. Denne er mellom anna utgangspunkt for ein kraftkrevjande industri som grunna høg kompetanse står seg i konkurransen med lågkostland og kan bidra til utvikling av miljøvenlege produksjonsprosessar. Denne industrien er lokalisert i delar av fylket som har trong for fleire arbeidsplassar. Havvind er døme på eit område der Vestland har ein unik sjanse til å delta i omstilling til fornybar grøn energi.

Marine og maritime næringar i verdsklasse langs kysten

Marine og maritime næringar er solide og held internasjonalt nivå innafor vårt fylke. Langs kysten er det stor aktivitet og innovasjon og utvikling av ny teknologi innan desse næringane som kan gje grunnlag for robuste berekraftige arbeidsplassar i framtida. Vestland blir det største akvakulturfylket etter samanslåinga. Akvakulturnæringa står framfor store utfordringar både gjennom tap i produksjonen og i høve til miljøkonsekvensar.

Reiseliv med potensiale for vekst, særleg i indre Vestland

Også reiseliv har ein særleg sterk posisjon i dette fjordfylket der landskapsverdiane har stor internasjonal appell. Indre Vestland har i den samanheng ein lang tradisjon og ein særleg tiltrekkingskraft saman med Bergen som innfallspurt. Reiselivet er i sterk vekst og har stor verknad for både lokal sysselsetjing og kommunal økonomi. Den gir arbeidsplassar i delar av fylket kor det er trong for tilflytting. Vi har gode moglegheiter og interesse for å utvikle eit grønt reiseliv. Reiselivsdestinasjonar kan arbeida for å bli kvalitetsmerka som eit berekraftig reisemål.

Kortreist lokal mat ein ressurs

Grøn konkurranse kan også relaterast til bruk av stadeigne ressursar innan landbruk. Kortreis matproduksjon bidrar til å sikre matjord for framtida, tek vare på kulturlandskap og gir sysselsetjing i delar av fylket der det er trong for auka tilflytting.

Kulturmiljø som verdiskapar

Kulturminne har ein eigenverdi, men er også verdifullt for verdiskaping. Kulturminne og kulturmiljø må i aukande grad bli sett på som ressursar for lokal næringsutvikling. Bevaring og gjenbruk av kulturminne i kombinasjon med busetjing og vekst skapar positive synergjar i lokalsamfunnet.

1.2.5 Digitalisering av samfunnet

(FN mål 3,4 ,8, 9, 11, 13,16,17)

Digitalisering påverkar heile samfunnet

Dei siste 20 åra har digitaliseringa forandra samfunnet vesentleg. Breiband med høg kapasitet legg grunnlaget for at mange tenester kan formidlast på nye måtar. Utbreiing av smarttelefon er stor. Nye analyseverktøy utnyttar datastraumane. Sosiale medium gir nye kontaktformer og opnar for deltaking i samfunnslivet på nye måtar.

Bruk av IKT gir vesentlege mogelegheiter for å bidra til mindre klimagassutslepp og betre miljø

Breiband til alle

Utfordringa blir å utnytta denne teknologien på ein måte som tener Vestland fylke. Utviklinga har hittil vore prega av stor grad av privat initiativ og lite offentleg styring. Offentlege organ innan digital infrastruktur verkar lite samordna og fragmenterte. Fylkeskommunen kan spela ei sterkare pådrivarrolle for å sikre breiband til alle og god mobildekning i heile fylket.

Avstandsurempar kan motverkast av digitale tenester

I eit fylke med store avstandar blir digitalisering av tenester viktig for å minske avstandsurempene.

IKT baserte løysingar vil kunne utvikle og effektivisere transport og legge til rette for kombinert mobilitet. E-helse og e-læring er døme på tenester som alt er under utvikling. Den auaknde gruppa eldre i distriktkommunar kan bu lengre i eigen heim ved bruk av teknologien. Kulturfeltet er også under endring ,kunstproduksjon, formidling og digitalisering av kulturarv og arkiv er døme på tema som omfattast. Nye aktivitetar som e-sport veks fram. Rett bruk av IKT styrkar næringslivets konkurransevne. IKT gir også nye arbeidsplassar innan IKT feltet som støttefunksjonar til digitaliseringa av samfunnet.

Kompetanse og kunnskap om konsekvensar av vegval

For å vera rusta til denne omstillinga i samfunnet blir det viktig med digital kompetanse på alle nivå heilt frå grunnleggjande meistring som medborgar til forskingsbasert kunnskap. Digitalisering medfører også farar og fallgruver som ein kan unngå til dømes innan tryggleik, personvern og spreiding av falske nyheiter og informasjon. Nokre grupper kan bli sett utanfor det digitale samfunnslivet. Utviklinga bør følgjast tett av forskning som kan gje tilrådingar når vi står framfor vegval.

1.2.6 Relevant kompetanse og kunnskap

(FN mål 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, ,8, 9, 10, 11, 13, 14 ,15, 16,17)

Gjennomført utdanning er inngangsbilletten til arbeidsmarknaden

Kompetanse og kunnskap er ein nøkkelfaktor for utvikling både for den einskilde og samfunnet. Utdanningsnivået er generelt høgt i fylket.

Utdanning på vidaregåande nivå betyr mykje for å koma inn på arbeidsmarknaden og vera økonomisk sjølvstendig. Ungdom som ikkje har fullført vidaregåande opplæring er særleg utsett for å hamne varig utanfor arbeidslivet. Andelen med grunnskule som høgaste fullføre utdanning har diverre auka dei siste åra. Å kunne tilby ei utdanning som er tilpassa den einskilde sine føresetnader og evner er derfor avgjerande og krev stor grad av samordning mellom ulike forvaltningsnivå og skreddarsaum kring den einskilde elev.

Betre gjennomføringsgrad er eit mål for alle grupper på alle nivå, også universitet og høgskule. Låg gjennomføring er ein kostnad for samfunnet i form av utanforskap og mangel på kvalifisert arbeidskraft.

Samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv er avgjerande

Eit samarbeid mellom arbeidslivet og utdanning på alle nivå vil bidra til at den einskilde tek meir opplyste val og kan sjå muligheiter i lokalsamfunnet der ein kjem i frå. Samarbeid er også naudsynt for å gjera utdanningstilbodet relevant for arbeidslivet og sikre at arbeidslivet er omstillingsdyktig. Kompetansegap og framtidens kompetansebehov må systematisk avdekkast.

Elevtalet i vidaregåande skule er synkande. Rett dimensjonering av utdanningstilbode sikrar at kandidatane får jobb og verksemdene arbeidskraft. Det er også viktig å sikre at dei som allereie er i arbeid får påfyll av kompetanse. Grøn omstilling krev annan kompetanse til dømes for å fremje sirkulær økonomi.

Utvikling av attraktive tilbod og utdanningsstader bidrar til å halda på naudsynt arbeidskraft i fylket. Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle som samordnar og koplør mellom utdanning, arbeidsliv andre statlege aktørar med virkemiddel på feltet og individ.

Utviklinga må vera kunnskapsbasert

Kunnskap er avgjerande for å kunne handtere framtidens utfordringar. Det handlar både om å skaffe ny kunnskap og å nytte kunnskap som allereie finst. Vestland har eit stort potensiale for forskning ved universitetet, høgskular og frittstående institutt. Forskingsaktivitet i næringslivet er på god veg oppover, men ligg fortsatt lågt i høve til andre fylke. Store næringar som marin-, maritim- og energisektoren har trong for ny kunnskap og forskning for å møte krav til innovasjon, omstilling og det grønne skiftet. Offentleg sektor, ikkje minst kommunane, har aukande behov for kunnskapsbaserte arbeidsmåtar og forskning innan alle samfunns- og tenesteområde.

Verdien av kontakt mellom kunnskaps- og forskingsmiljø og brukarane blir stadig understreka. Utfordringa er å gjera forskinga meir relevant for utviklingsmåla i Vestland fylke, auke finansiering av brukarretta forskning og utvikle system for deling av kunnskap.

Trong for internasjonal kompetanse i eit uroleg Europa

Det er mykje å hente på internasjonalt engasjement og nettverksbygging for å sikre ei berekraftig utvikling og eit trygt samfunn. Utveksling av elevar, studentar og arbeidstakarar er ei investering for ei framtid der motsetningar minkar og kunnskap flyt friare mellom nasjonar. Næringslivet i fylket er avhengig av kunnskap om marknader og moglegheiter internasjonalt, noko som er særleg viktig for å stimulera grøn vekst. Fylkeskommunen har ei viktig oppgåve i å stimulera til internasjonal kontakt og bygge nettverk slik at vi kan dra nytte av ulike økonomiske ordningar og påverka utviklinga i Europa

1.2.7 Attraktive stader og gode nærmiljø

(FN mål 3, 10, 11,13, 16, 17)

Dei fleste bur i ein tettstad

Vestland er eit forholdsvis spreiddbygd fylke, sjølv om rundt 80% av befolkninga bur i ein tettstad. Delen har vore aukande, men det er stor variasjon mellom kommunane. Både for dei som bur i ein tettstad og dei som bur utanfor, har kvalitetane i tettstaden mykje å sei. Å skapa gode nærmiljø både i storbyen Bergen og i mindre tettstader er ei utfordring. Eit klimavenleg utbyggingsmønster der ein ser tettstaden og omgjevnadane i samanheng er berekraftig.

Tenester og institusjonar nær brukarane

Sentralisering av tenester og funksjonar, både statlege og fylkeskommunale har funne stad over lengre tid. Private tenester og funksjonar fylgjer same mønster. Det er eit ynskje å tilby tenester nærast mogeleg brukar, både ut i frå eit velferdssynspunkt og minimering av transport, samstundes som tenestene har kvalitet og er effektive. God planlegging med klar senterstruktur på alle nivå gir grunnlag for ein god balanse mellom nærleik, kvalitet og effektivitet. Samlokalisering av ulike tenester er brukarvenleg og gir fagleg støtte til tenesteytarane.

Utpeiking og styrking av regionsenter er eitt ledd i å finna denne balansen. Vidareutvikling av senterstruktur, tenester og funksjonar er ei utfordring som bør fylgjast opp i det nye fylket.

Gode bustader gjennom heile livet

For å skapa gode og stabile nærmiljø er det viktig å ha varierte bustader innan korte avstandar. Det gjeld bustader for å eige og leige, for barnefamiljar og mindre personshushald og med ulik standar. Mange kommunar har underdekning av bustader for små hushaldningar. Varierte bustader gir grunnlag for at ein kan knyte seg til eit lokalmiljø i ulike livsfasar. Nettverk kan utviklast og vedlikehaldast og gode nærmiljø skapast. Eit aldersvenleg samfunn krev ein aktiv bustadpolitikk.

Gange, sykling og kollektivtransport i kvardagen

Mange av livstilsutfordringane kan motverkast av auka gange og sykling. Potensialet er stort og kan utnyttast gjennom tilrettelegging. I tillegg til fysisk aktivitet gir det også høve til å møta andre menneske. Dette forutset at trafikktryggleiken er ivaretatt.

Kollektivtransport sikrar også moglegeheitene for dei som bur utanom tettstadane til å bruke tilbodet i tettstaden. Klimaomsyn talar for at gang- og sykling samt kollektivtransport bør nyttast i større grad.

Universell utforming av uteområde og tenester

Universell utforming betyr at omgjevnadane er utforma slik at alle uavhengig av funksjonsnivå kan nytte området eller tilbodet. I tettstadane er det spesielt viktig at sentrale uteområde er tilgjengeleg og at alle tenester og funksjonar kan nyttast av alle. Universelt utforma kollektivtransport bidreg til at fleire kan nytte tenestetilbodet og delta i sosiale samanhengar. Eldre er eit veksende gruppe og kan bu lengre heime gjennom betre tilrettelegging. Unge funksjonshemma kan møte andre i sitt eige miljø. I periodar med nedsett funksjon har alle bruk for universell utforming. Tannhelsetenesta er eit døme på kor ein må legge til rette for mobilitet, til klinikken, til kontoret og opp i stolen.

Med universell utforming kan det skapast venskap og band på tvers av funksjonsnivå. Einsemd og isolasjon kan motverkast.

Gode møteplassar og rekreasjonsareal

Sosiale møteplassar og gode rekreasjonsareal er viktig for å sikre psykisk og fysisk helse. Delen einslege aukar, både blant unge og eldre, og sosial kontakt må tilfredsstillast utanfor ein kjernefamilie. Møteplassane kan ta mange former, alt frå nærbutikken til kulturhuset. Det kan vera organisert og eigenorganisert aktivitet. Felles kjenneteikn er eit lågterskeltilbod der ein kjenner seg velkomen. Bruk av offentlege bygg som barnehage og skule også utanom kjernetida styrkar nærmiljøet og gir kontakt mellom generasjonar. Nærfriluftsområde som ein kan nå utan bruk av bil eller buss har ein stor verdi både som møteplass og som fremjar av fysisk helse. Balansen mellom fortetting og å ta vare på grønne lungar og vassflater i og nært tettstadane er ei utfordring fleire stader.

[1.2.8 Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv](#)

(FN mål 3, 10, 11, 16, 17)

Eitt fritt og uavhengig kulturliv

Vestland fylke bør kjenneteiknast av eit kulturliv som fremjar fornying og utvikling. Nye kunst- og kulturuttrykk må få vekse fram både i forlenging av tradisjonelle former og som nyskaping og utvikling av kulturuttrykk. Kulturlivet må utviklast fritt og uavhengig. Kunst og kulturliv kan vera med på å setje viktige samfunnsmessige spørsmål og problemstillingar på dagsorden

Vestland ein leiande kulturregion

Vestland bør ha som ambisjon å vera ein leiande kulturregion. Ein tydeleg kulturell profil kan bidra til å bygge kulturregionen i skjeringpunktet mellom fylkeskommunen, stat og kommune og profesjonell og frivillig. Eit framsynt kulturliv kan vera med på å dra heile samfunnet vidare og kan vera med på å setje i gang samfunnsmessige endringar. Profesjonelt kulturliv bør vera sterkt og fremja nyskaping og ytringsfridom.

Kultur inkluderer

Inkludering er tilknytning mellom den einskilde og fellesskapen. Eit mål for heile kultur- og idrettsfeltet er å mobilisere til eit aktivt medborgarskap der den einskilde har tilgang på arenaer og aktivitetar slik at deltaking i samfunnet er mogleg. Eit godt lokalsamfunn bør ha eit mangfaldig kultur- og idrettsliv med tilgang for alle.

Viktig nasjonal kulturarv

Vestland fylke var utgangspunkt for mange viktige institusjonar som har vore med på å skapa norsk identitet så vel som den regionale. Heilt frå vikingtida gjorde landsdelen seg sterkt gjeldande. For kyrkja i Norge er Moster ein viktig referanse. Ein tidlege regionale lovgjevande forsamlingar fann stad på Gulatinget. Middelalderen og Bergen som landets hovudstad er ein annan viktig referanse.

Eit anna kjenneteikn er språkleg fellesskap der nynorsk har vore med å skapa ein felles identitet i skriftspråk og målbruk.

Frivillig og profesjonell

Dugnad og frivillige er ein viktig del av kultur- og idrettslivet i Vestland fylke. Mange idretts- og kulturarrangement har som føresetnad stor grad av dugnad. I alle delar av fylket oppstår store og små aktivitetar og arrangement med hjelp av frivillige som yter ein verdifull innsats. Tal viser på at det er ei negativ utvikling i aktive medlemskap i meir tradisjonelle frivillige organisasjonar, medan andre typar meir ad-hoc-prega organisasjonar veks fram.

I kritiske situasjonar er organisasjonar som Røde Kors heilt naudsynt for at tryggleik kan bli ivaretatt. (bilde frå redningsaksjon Trolltunga) Frivillige blir i større og større grad eit naudsynt supplement til offentleg verksemd innan helse- og sosial til dømes ved integreringsarbeid og i å motverka einsemd.

Samspel mellom profesjonelle og amatørar kan vera ei god oppskrift på suksess i framtida. Eit godt samverke mellom det offentlege, profesjonelle og frivillige blir ei utfordring framover.

1.2.9 Likeverdig samfunn

(FN mål 3, 4 ,5, 8, 10,17)

Like moglegheiter skapar trivsel og vekst

Eit samfunn med tilnærma like moglegheiter fremjar utvikling og trivsel. Utnytting av den einskilde sine evner vil vera til beste for alle og gje grunnlag for personleg vekst, god helse og eit meningsfullt liv. Det er trong for kontinuerleg oppfølging og overvaking av situasjonen for å sikre eit likeverdig samfunn med rettferdigheit og like moglegheiter for alle.

Økonomisk ulikheit og barnefattigdom aukar

Sjølv om dei økonomiske forskjellane generelt er små i Norge, er trenden at dei er aukande. Mest urovekkande er auken med barn i familiar med vedvarande dårleg økonomi i Vestland fylke. Desse vert definert som fattige etter norsk metodikk. Mange av desse er familiar med einslege forsørgjarar.

Fleire utan vidaregåande utdanning

Ulikheit gjer seg gjeldande på mange område som til dømes utdanning der delen som berre har fullført grunnskule aukar. Vidaregåande skule er inngangsbillett til store delar av arbeidsmarknaden. Mange faktorar påverkar om ein fullfører vidaregåande utdanning. Psykisk helse er ein av dei som saman med nettverk, grunnkunnskap, flytting og trivsel er avgjerande. Det er fare for at desse utfordringane aukar. Arbeidet med å tilby utdanning også for vaksne er viktig for å gje alle same moglegheiter.

Fleire utanfor arbeidsmarknaden

Sjølv om sysselsetjingsgraden er høg i Vestland, er det relativt mange utanfor arbeidslivet og sysselsetjingsgraden er fallande. Når mange som ynskjer og kan arbeide er arbeidslause er samfunnet ikkje berekraftig. Eit fellesskap på arbeidsplassen med eit meningsfullt arbeid er for mange den beste medisinen og verkar førebyggjande for mange lidningar.

For grupper med nedsett funksjonsevne er deltakinga i arbeidslivet lågare enn ynskjeleg, men i svak oppgang. Innvandrarar har noko høgare sysselsetjingsgrad enn funksjonshemma, men utviklinga har vore negativ.

Ei stor utfordring er auken i unge uføretrygda i aldersgruppa 18-24 år som er utanfor arbeidsstyrken. Psykiske lidningar og åtferdsvanskar er den vanlegaste årsaka.

Likeverdige og utjamnande tenester

For å bøta på ulike føresetnader kan utsette grupper prioriterast. Eit døme er tannhelse der barn og unge og personar i institusjon eller annan offentleg oppfølging er prioritert. Med aukande levealder blir det aukande behov for å fylgja opp eldre si tannhelse også utanfor institusjon. Denne aukande gruppa med sjuke eldre vil i framtida skape store utfordringar for helsetenestene. TT-kort ordninga innan transportfeltet er eit anna døme på tilrettelegging.

Deltaking og inkludering i eit mangfaldig kultur- og idrettsliv

Det er stor skilnad på i kor stor grad menneske er aktive kulturbrukarar og skaparar ut frå sosial og kulturell bakgrunn, bustad, funksjonsevne, inntekts- og utdanningsnivå. For at kultur- og idrettslivet skal spele ei samfunnsrolle i eit inkluderande demokrati, må det vere meir mangfaldig, ope og representativt og kommunisere dette breiare i samfunnet.

1.2.10 Ungdom – trivsel og tilhøyre

(FN mål 3, 4, 8, 10, 16 og 17)

Medverknad og demokratibyging

Moglegheitene for å påverke er med på å gje ungdom kjensle av eigen verdi og optimisme om framtida. Ungdomsråd/ungdomsting og elevråd er døme på ordningar som sikrar dette. Medverknad frå ungdom i avgjerder og planprosessar er demokratibyging.

I dagens Europa blir demokrativerdier som ytringsfridom, tolerante fellesskap og respekt for individ undergrave. Kunnskap om styringssystem og mogelegheit for påverknad er ein måte å sikre gode innspel på. Klimastreiken som har funne stad på mange skular i det siste er døme på både eit spørsmål som er spesielt relevant for ungdom og der det er eit engasjement. (bilde frå klimastreik)

Valdeltaking går ned og valdeltaking blant ungdom er lågast av alle aldersgrupper. Demokrati er avhengig av kunnskapsbaserte val og aktiv deltaking i prosessar. Eit utfordrande mediebilde med falske nyheiter og styrt informasjon gjer ungdomsgruppa til ei svært viktig målgruppe for å sikre demokratiet i framtida.

Tilknytning til lokalt arbeidsliv kan hindre fråflytting

Mange unge drøymmer om å reise ut og oppleve verda utanfor lokalmiljøet. Det er positivt. Med på vegen er det tenleg å kjenne til lokalt arbeidsliv og mogelegheitene som det kan gje for interessante

jobbar. Dei unge flyttar i dag i alt for stor grad ut av mange kommunar , kanskje utan å vera klar over moglegheitene i lokalmiljø. Gjennom stor grad av samspel mellom skule og arbeidsliv frå barnehage til høgare utdanning kan ein demma opp for noko av utflyttinga av ungdom.

Ungdomskultur og møteplassar

Ungdom i overgang mellom barn og sjølvstendig vaksen har trong for eigne arenaer for utvikling og utprøving. Mange kritiske vegval blir gjort i denne fasen. Det trengs gode og støttande tilbod både på skulen og i fritida. Dei minst aktive er viktigaste målgruppa. For hybelbuarar er det ekstra viktig med gode møteplassar. Små kommunar kan ha gode aktivitetstilbod og møteplassar, men i grisgrendte i område er transport ei utfordring.

Helse og trivsel

Det er tett samspel mellom individuelle levevanar og samfunnet rundt. Familien si inntekt og utdanningsnivå spelar ei sterkt rolle.

Ungdom i dag er karakterisert som «generasjon prestasjon». Mange positive utviklingstrekk kjenneteiknar dagens ungdom; røyking er nesten heilt ute, tannhelsa er god, og rundt 40% av ungdom er fysisk aktive meir enn 30 min kvar dag, høgast av alle aldersgrupper. Alkoholforbruket går totalt sett nedover, men er relativt høgt i ungdomstida. Skuleresultat er gode, med jenter generelt øvst på resultatlista.

Men det er også varsellamper som lyser. Graden av trivsel i nærmiljøet er lågast blant ungdom. Rapportert einsemd er størst i denne gruppa. Jentene rapporterer om aukande psykiske utfordringar. Fråfallet i idretten og andre kulturaktivitetar er i denne fasen aukande. Det blir ei utfordring både å samle kunnskap om dei negative utviklingstrekk og kva verkemiddel som kan nyttast for å motverke dei.

2 Utfordringar for regionane i Vestland fylke

2.1 Regionrapportar - Metode og medverknad

Kartet over Vestland illustrerer dei fem regionane rapportane i dette kapittelet tek utgangspunkt i. Regionane er basert på dialogmøta som vart gjennomført i regi av fylkeskommunen våren 2019.

Regionrapportane gjev eit grunnlag for å vurdere kva moglegheiter og utfordringar heile fylket står ovanfor. Rapportane er basert på tre element; (1) utviklingstrekk i regionen frå dokumentet *Vestland | Statistikk og utviklingstrekk*, (2) folkehelseundersøkingane i Hordaland og Sogn og Fjordane og (3) medverknad frå innbyggjarar i Vestland gjennom spørjeundersøking og dialogmøte.


Utviklingstrekk – Vestland | Statistikk og utviklingstrekk

Dette dokumentet ligg til grunn for arbeidet med å setje retning og mål for utviklinga av Vestland.

Dokumentet skal vere eit grunnlag for planar og strategiar som skal utarbeidast for det nye fylket. Det gjev ei oversikt over sentrale utviklingstrekk i fylket, og inneheld tal og fakta om Vestland innanfor eit breitt spekter av samfunnstema. Mykje av informasjonen er presentert på kommunenivå. Dette gjer at vi kan samanlikne kommunar, men også større geografiske område, som regionar. Statistikk og utviklingstrekk om utvalde samfunnstema er presentert for kvar enkelt region i regionrapportane under. Tema følgjer kapittelindelinga i *Vestland | Statistikk og utviklingstrekk*, der ein også finn utfyllande informasjon.

Folkehelseindikatorar - Folkehelseundersøkingane i Hordaland og Sogn og Fjordane

Fylkeskommunen har eit ansvar for å legge til rette for god folkehelse. For å gjere det, må vi vite korleis innbyggjarane si helse er, og kva faktorar som påverkar den. I den samanheng vart det gjennomført ei folkehelseundersøking av vaksne i Hordaland i 2018. Resultata frå undersøkinga vart brukt i *Vestland | Statistikk og utviklingstrekk*. Tilsvarende undersøking er blitt gjennomført i Sogn og Fjordane i 2019. Fem utvalde tema frå undersøkinga er presentert for kvar region i rapportane under. Dette omfattar informasjon om korleis innbyggjarane har det gjennom opplevd trivsel, tilgjengelegheit (til offentlig transport, natur- og friluftsområde og kultur), sosial støtte, deltaking i organisert/uorganisert aktivitet og støy. Desse vart i liten grad drøfta under innspel på dei regionale



dialogmøta. Likevel er dei blant dei utvalde indikatorane som folkehelseringen¹, både i Hordaland og Sogn og Fjordane, meiner er sentrale i folkehelsearbeidet. Difor vel vi å framheve variablane her. Gjennom å bruke svar frå folkehelseundersøkinga, har også «folk flest» fått ei stemme inn i arbeidet, i tillegg til dei inviterte og dei deltakande som presentert i neste avsnitt.

Medverknad – Spørjeundersøking og dialogmøte

Innbyggjarane i Vestland har bidratt med å identifisere det dei opplever som sterke og svake sider ved sin region, i tillegg til å identifisere moglegheiter og trugslar som kan påverke vidare utvikling i regionen. Bidraga har kome gjennom ei spørjeundersøking og gjennom dialogmøte, og er presentert for kvar region i rapportane under. Inndelinga av tema følgjer spørjeundersøkinga.

Spørjeundersøking – identifiserer styrker og svakheiter

Undersøkinga vart sendt til personar i Hordaland og Sogn og Fjordane våren 2019.² Respondentane inkluderte blant anna administrativt tilsette i kommunane (35 prosent), representantar frå næringslivet (30 prosent) og kulturorganisasjonar (15 prosent), i tillegg til folkevalde i kvar kommune, ungdomsrepresentantar og frivillig sektor (til saman 20 prosent).³ Merk at dette er eit strategisk utval respondentar. Resultata frå undersøkinga kan difor ikkje seiast å vere representative for den generelle oppfatninga til innbyggjarane i kvar enkelt region. I tabellen presenterer vi dei fem emna som flest respondentar oppfatta som ein styrke eller svakheit i sin region.

Dialogmøte – identifiserer moglegheiter og trugslar

Dialogmøta vart arrangert våren 2019 i Bergen, Voss, Gulen, Førde og på Stord. Mellom 80 og 130 innbyggjarar møtte opp på kvart av dei fem dialogmøta. Anne Gine Hestetun og Jenny Følling, fylkesordførarar i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane, fortalde om sine tankar og visjonar for det nye fylket. Vidare var prosjektleiar Rune Haugsdal møteleiar, og formidla informasjon om prosessen med fylkessamanslåinga. Dei framkomte fekk presentert eit utval utviklingstrekk for den aktuelle regionen frå *Vestland | Statistikk og utviklingstrekk*, og resultat frå spørjeundersøkinga som var gjennomført i forkant av møtet.

For fylkeskommunen var likevel den viktigaste delen av kvart møte, innspela frå regionen. Representantar frå blant anna frivillig sektor, næringsliv, ungdomsrepresentantar, regionråd og lokalpolitikarar heldt innlegg som skildra utfordringar dei opplever i sin region, samt deira ambisjonar for framtida, både for regionen og det nye fylket. I tillegg kom mange av synspunkta vi har tatt med oss frå dialogmøta, fram gjennom innspel frå salen. Vi har løfta fram dei mest omtalte emna i regionrapportane under, og kategorisert innspela som moglegheiter eller trugslar som kan påverke vidare utvikling i regionen.

¹ Folkehelseringen er eit tverrfagleg samarbeid internt i kvar av fylkeskommunane i dag.

² Undersøkinga vart sendt ut til 517 personar der 394 personar gjennomførte heile undersøkinga og 111 personar gjennomførte deler av undersøkinga.

³ Respondentane var tilsette innan kommunal planlegging, folkehelsekoordinatorar i kommunane, kommunalsjefar, rådmenn, ordførarar, ungdomsrepresentantar, bedriftsleiarar og leiarar i nærings- og regionråd.



Kvam ungdomsråd var oppteken av ungdomsbillett og helsesyster. Her på møtet i Bergen med dei to fylkesordførarane.



Mange gode innspel frå dei frammmøtte. Her frå dialogmøtet i Førde.



Hardangerrådet, Voss kommune og Sogn regionråd har allereie begynt samarbeidet om Indre Vestland. Her frå dialogmøtet på Voss.



Leiar for ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane fortalde kva som er viktig for ungdom i fylket. Her frå dialogmøtet i Førde.



Odda Røde Kors, her ved administrativ leiar, sette fokus på viktigheita av frivillig innsats. Her frå dialogmøtet på Voss.



Elevane ved Voss vidaregåande skule, Skulestadmo, hadde laga smakfull mat til dei frammmøtte.



Innspel frå salen under møtet i Sunnhordland.



Frå dialogmøtet i Sunnhordland.



Politikarpanelet på møtet i Sunnhordland.



Ordførar i Etne og Stord på dialogmøtet i Sunnhordland.



Dialogmøte i Sløvåg.

2.2 Regionrapportar

2.2.1 Møtereion Bergensområdet

Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Os, Fusa, Samnanger

Utviklingstrekk i Bergensområdet

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> Folketalsvekst i alle kommunane dei siste fem åra. Det er venta folketalsauke fram mot 2040, spesielt i Askøy, Fjell og Os (37,2 prosent auke). Er venta å ha relativt låg del eldre (67 år eller eldre) i 2040.
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> Høg del unge (25-29 år) med minimum fullført vidaregåande skule i Bergen (83,2 prosent). Noko lågare i dei andre kommunane i regionen. Samanlikna med fylket som heilheit, er det ein noko større (og aukande) del i alderen 30-39 år med høgare utdanning og mindre del med vidaregåande skule. Del med grunnskule som høgaste utdanningsnivå aukar i regionen for denne aldersgruppa.
Næring og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> Samnanger og Øygarden har lågast sysselsettingsgrad i regionen. Dei andre kommunane ligg svært nær fylkessnittet (66 prosent). Tertiærnæringane dominerer i Bergen, Fjell, Os og Askøy. Fusa er sterke innan sekundærnæringane. Sund, Øygarden og Samnanger har mange arbeidsplassar i offentleg sektor. Regionen har ei særleg styrke innan marin næring og ikkje-fornybar energiproduksjon.
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> I Vestland er det berre faste målestasjonar av luftkvalitet i Bergen. Kravet til god luftkvalitet var oppfylt ved alle målestasjonar i Bergen i 2017.
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> Mellom 75 og 100 prosent av innbygarane i Samnanger, Fusa, Sund og Øygarden har trygg tilgang til nærturterreng. Delen er mindre i dei andre kommunane, spesielt i Os og Bergen (under 50 prosent). 75-100 prosent av innbygarane i Sund, Askøy og Øygarden har trygg tilgang til rekreasjonsareal, medan færre har trygg tilgang i resten av regionen (50-75 prosent).
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> Forskjellane blir større og del born i låginntektsushald aukar. Alle kommunane i Bergensområdet kjem likevel likt eller betre ut, samanlikna med nasjonal gjennomsnitt. Askøy, Fjell og Samnanger kjem best ut. Kvinner (i Hordaland) opplever sjølv, i større grad enn menn, at dei har dårleg råd. Både menn og kvinner opplever at dei har betre råd med aukande alder.
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> Trafikkmengda i fylket er klart størst i dei mest sentrale stroka. Dette gjeld i store deler av Bergensområdet, bortsett frå Fusa. Bergen har størst del innbygarar med tilgang til eit høgfrekvent kollektivtilbod. Ein stor del av innbygarane i Fjell, Askøy og Os har også tilgang til eit høgfrekvent tilbod. Dess meir sentralt ein bur, dess betre opplever innbygarane tilgangen til kollektivtransport og dess større del av innbygarane nyttar seg av kollektivtransport til og frå arbeid og skule.
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> Deltaking ved kommune- og fylkestingsval, er generelt noko lågare, samanlikna med deltakinga ved stortingsval. Generelt deltek ein mindre del born i kulturskule i meir folkerike kommunar i fylket – fleire av dei mest folkerike kommunane i Vestland, finn vi i Bergensområdet. Ein større del av ungdom i regionen opplever eit godt tilbod av idrettsanlegg enn kulturtilbod. Det er likevel store forskjellar mellom kommunane.
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> I overkant av 11 prosent av innbygarane i regionen rapporterer at dei snusar dagleg. Dette er høgst av alle regionane i fylket. Om lag lik del av befolkninga rapporterer at dei røyker dagleg, som gjennomsnittet i fylket (8,5 prosent i Bergensregionen og 8,6 i Vestland). Meir enn tre av fire innbygarar i regionen vurderer eiga helse som god eller svært god. Tilnærma halvparten av innbygarane i regionen rapporterer om sjeldan eller aldri inntak av sukkerhaldig brus/leskedrikk.

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

Folkehelseindikatorar for Bergensområdet

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	53 %	60 %	43 %	44 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	91 %	91 %	94 %	88 %
	Del som opplever å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentleg transport	76 %	80 %	77 %	79 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	94 %	94 %	88 %	86 %
God tilgang på kultur	84 %	83 %	84 %	78 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	73 %	3,7 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

Medverknad – Innspel frå innbygarane i Bergensområdet

	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar
Folketalsutvikling			<ul style="list-style-type: none"> Ta i bruk heile kommunen for å skape levande bygder og lokale arbeidsplassar Kvalitet i skulen, helsetenester og vegstandard - viktig for busetting i distrikta 	<ul style="list-style-type: none"> Utbyggingsmønster - Nasjonale og internasjonale mål må ikkje gå på bekostning av lokale behov
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> Høg kompetanse i barnehagane Sterke skuleprestasjonar 		<ul style="list-style-type: none"> Det bør opprettast regionale ungdomsråd Ungdom må finne ynskja utdanning i regionen Desentralisert utdanning ved hjelp av ny teknologi 	<ul style="list-style-type: none"> Sentralisert utdanning
Kompetanse og rekruttering			<ul style="list-style-type: none"> Samspel mellom næringsliv og utdanning for å tilby relevant utdanning for regionen Styrke eksisterande nærings- og kompetansestruktur for å framstå attraktive for rett kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> Fråflytting av ung og god kompetanse til Oslo
Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> Etterslep i vedlikehald på vegnett Dårleg tilrettelagd for syklende og gåande Dårleg kollektivtilbod (buss, båt) 	<ul style="list-style-type: none"> Digital infrastruktur Ungdomskort og «heim for ein hundrelapp» i distrikta Vidareutvikling av infrastruktur (veg, bane, luft, til sjøs) 	<ul style="list-style-type: none"> Smale og rasutsette vegar – dagleg utfordring for skuleelevar, arbeidspendlarar næringsliv, reiseliv. Eks. Riksveg 7 Ikkje tilstrekkeleg kollektivtilbod i distrikta
Verdiskaping og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> Sterk omstillingsevne Mange nyetableringar 	<ul style="list-style-type: none"> Liten eller ingen tilgang til risikovennleg kapital 	<ul style="list-style-type: none"> Steinmassar frå utbygging av riksveg 16 Arna-Voss må kome til nytte, samarbeid med nærliggande kommunar 	<ul style="list-style-type: none"> Dårleg infrastruktur gjer det utfordrande for trygg og effektiv utvikling av reiseliv

Utfordringar for Vestland – utkast – sak til fellesnemnda/arbeidsutvalet – 18.juni

			<ul style="list-style-type: none"> Endå tettare samarbeid med heile <i>Vestlandet</i> 	
Bedrifter og arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> Sterke fagmiljø Variasjon i næringslivet Mange kompetanse-arbeidsplassar 		<ul style="list-style-type: none"> Utvikle arbeidsplassar innan energi og marine næringar i samspel med teknologi og kompetanse Endå tettare samarbeid med heile <i>Vestlandet</i> 	<ul style="list-style-type: none"> Mogleg spenningsfelt mellom dei store kommunane kring Bergen og dei som framleis er små
Helse og levevanar				<ul style="list-style-type: none"> Stort behov for helsesjukepleiarar på skulane
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> Befolkninga har god tilgang til natur- og rekreasjonsområde 		<ul style="list-style-type: none"> Følgje opp friluftsmeldinga til regjeringa med regionale planar 	<ul style="list-style-type: none"> Vindkraftplanar omhandlar område med store friluftsverdiar i fjellet Dårleg infrastruktur gjer fleire område mindre tilgjengelege
Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> Variert kulturtilbod Gode idrettsanlegg Stor frivillig innsats 	<ul style="list-style-type: none"> Få tilbod som sikrar inkludering Låg deltaking i kulturlivet 	<ul style="list-style-type: none"> Fylket må arbeide for større statlege overføringar innan kulturfeltet Bergen som Vestland sitt kulturelle kraftsenter og spydspiss Skule- og idrettsanlegg må sjåast i samanheng 	<ul style="list-style-type: none"> Mangel på nasjonal politikk som styrkar kulturinstitusjonane regionalt
Klima og miljø		<ul style="list-style-type: none"> Høg lokal forureining (luft, støy, kjemikaliar osv.) Liten kunnskap om korleis ein kan kutte klimagassutslepp 		
Sosiale forskjellar og utanforskap		<ul style="list-style-type: none"> Store forskjellar i inntekt Mange fattige barnefamiljar 	<ul style="list-style-type: none"> Vidareutvikle det gode samarbeidet med Innvandrarrådet om integreringsarbeid 	
	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar

Oppslutning: Spørjeundersøking – 150 respondentar i møtereion Bergensområde. Dialogmøte – om lag 100 frammmøtte.

2.2.2 Møtereion Indre Vestland

Voss, Lærdal, Årdal, Aurland, Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik, Høyanger, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvam, Vaksdal

Utviklingstrekk i Indre Vestland

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> Folketalsnedgang i 10 av 18 kommunar dei siste fem åra (fødselsunderskot og negativ innlands flytting). Dette gjeld spesielt dei minst sentrale kommunane i regionen. Venta folketalsauke i dei mest sentrale kommunane som Sogndal og Voss fram mot 2040. Meir enn kvar fjerde innbyggjar vil vere 67 år eller eldre i over halvparten av kommunane i 2040.
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> Om lag 80 prosent av unge (25-29 år) i dei fleste kommunane har vidaregåande skule eller meir som utdanning. Samanlikna med fylket som heilheit, er det ein noko mindre (men aukande) del i alderen 30-39 år med høgare utdanning. Frå og med 2015 har ein større del hatt høgare utdanning samanlikna med vidaregåande skule. Del med grunnskule er aukande.
Næring og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> Syssettingsgrada er høgare enn fylkesgjennomsnittet (66 prosent) i dei fleste kommunane. Unntaka er Årdal, Ulvik, Høyanger, Odda, Vaksdal og Jondal. Tertiærnæringane dominerer i Voss og Sogndal. Årdal (og Odda) er sterke innafør sekundærnæringane. Offentleg sektor er største næring i mange kommunar. Regionen har ei særleg styrke innan fornybar energiproduksjon.
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> Store område i regionen har høg/svært høg radonfare. Nivået av nitrogendioksid (NOx) i Flåm når til tider verdiar som kan ha negativ helsemessig påverknad. Saman med sot/røykpartiklar og vassdamp, bidreg dette til danning av røykskyer i fjordane. Store område i regionen er utsett for skredhendingar. Venta auke i nedbørsmengda vil auke faren for jord-, flaum- og sørpeskred i framtida.
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> Mellom 75 og 100 prosent av innbyggjarane i åtte av kommunane i regionen har trygg tilgang til nærturterreng. Ein mindre del har trygg tilgang i resten av kommunane. Størst del av innbyggjarane som har trygg tilgang til rekreasjonsareal finn vi i Odda (75-100 prosent). Elles er delen med trygg tilgang til rekreasjonsareal minst i Luster, Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Ulvik, Leikanger og Voss (0-50 prosent).
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> Forskjellane blir større og del born i låginntektsushald aukar. Dei fleste kommunane i Indre Vestland kjem likt eller betre ut, samanlikna med nasjonal gjennomsnitt (12,3 prosent). Eidfjord, Årdal og Leikanger kjem best ut. Kommunane med ein høgare del born i låginntektsushald enn nasjonalt gjennomsnitt, er spesielt Ulvik og Balestrand, men også Odda, Vaksdal og Høyanger.
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> Den største trafikkmengda i regionen, finn vi sentralt i Voss, på strekka mellom Voss og Bergen, og sentralt i Sogndal. Samanlikna med trafikkmengda i store deler av Indre Vestland, er det også mykje trafikk frå Sogndal til Leikanger, Fjærland og Gaupne, frå Voss mot Eidfjord og mellom Voss og Sogndal via Lærdal. Det er fleire ferjestrekker i regionen, der den mest trafikkerte er Fodnes – Mannheller. Dei fleste innbyggjarane i minst sentrale strok har eit lågfrekvent kollektivtilbod, medan dei fleste i meir sentrale stroka har eit mellomfrekvent tilbod.
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> Deltakinga ved kommuneval er noko høgare i kommunane kring Sognefjorden, i tillegg til Ulvik og Jondal, samanlikna med resten av kommunane i regionen. Liknande fordeling ser vi ved førre fylkestingsval, der særleg indre strok i regionen hadde høgare deltaking. Ved stortingsval er deltakinga høgare i heile regionen, særleg nord for Sognefjorden og i Hardanger. Meir enn halvparten av ungdom i dei fleste kommunane opplever at kulturtilbodet er godt. Sogndal, Årdal og Lærdal kjem særleg godt ut (over 69 prosent). Ein endå større del av ungdom i regionen opplever eit godt tilbod av idrettsanlegg (over 70 prosent i dei fleste kommunar). Eit unntak er Jondal (17 prosent).
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> Del innbyggjarar i regionen som snusar (10 prosent) eller røyker (8 prosent) dagleg, ligg noko under gjennomsnittet i fylket. Meir enn tre av fire innbyggjarar i regionen vurderer eiga helse som god eller svært god. Samanlikna med gjennomsnittet i fylket, rapporterer ein noko mindre del av innbyggjarane i regionen om sjeldan eller aldri inntak av sukkerholdig brus/leskedrikk.

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

Folkehelseindikatorar for Indre Vestland

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	66 %	70 %	51 %	51 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	90 %	87 %	96 %	88 %
	Del som opplever å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentlig transport	43 %	59 %	40 %	49 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	96 %	95 %	94 %	92 %
God tilgang på kultur	82 %	84 %	78 %	75 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	76 %	3,3 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

Medverknad – Innspel frå innbygarane i Indre Vestland

	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar
Folketalsutvikling		<ul style="list-style-type: none"> ○ Fråflytting ○ Skeiv aldersfordeling (unge, eldre) 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Flytting/innvandring: nye landsmenn bidreg med mangfald og innovasjon ○ Digitalisering – eks telemedisin for å sikre tenester i distrikta 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Sentralisering ○ Aukande del eldre ○ Færre offentlege arbeidsplassar pregar utviklinga
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> ○ Lågt fråfall i skulen ○ Gode skuleprestasjonar ○ Tilgang til barnehageplassar utover det årlege opptaket 		<ul style="list-style-type: none"> ○ Kopling mellom vidaregåande skule, lokalt næringsliv og offentlig sektor for å tilby relevante liner ○ Opning av vidaregåande skule for resten av landet ○ Vidaregåande må byggje opp under universitets- og høgskule 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Mange bur på hybel. Behov for oppfølging i vertskommunen.
Kompetanse og rekruttering		<ul style="list-style-type: none"> ○ Rekruttering av relevant arbeidskraft 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Kopling mellom vidaregåande skule og næringsliv for å tilby relevante liner ○ Kompetanse gjennom internasjonale prosjekt med EU-midlar ○ Behov for kompetanse i industrien for å bli fornybar-regionen 	
Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> ○ Etterslep i vedlikehald av vegnettet ○ Dårlig kollektivtilbod ○ Dårlig framkome 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Styrke jernbane ○ Satsing på flytilbodet – viktig kollektivtilbod for regionen ○ Bruke fjorden som transportåre ○ Styrke arbeidet med den «indre» vegen, RV13 ○ Digitalisering – t.d. telemedisin etc. ○ Mykje kunnskap om det grønne skiftet i regionen – arbeide for å vidareutvikle el-fylket 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Stenging av fjellovergangar vinterstid ○ Større avstandar til kommune- og fylkessenter ○ Dyrt kollektivtilbod for brukarane

Utfordringar for Vestland – utkast – sak til fellesnemnda/arbeidsutvalet – 18.juni

Verdiskaping og innovasjon		<ul style="list-style-type: none"> o Nyetableringar o Svak omstillingsevne o Liten tilgang til risikovenleg kapital 	<ul style="list-style-type: none"> o Vekst i reiselivet, heilårsturisme o Etterspørsel etter matprodukt med kvalitet, eks sider o Nyskaping, entreprenørskap - Satse på nye landsmenn o Samverke mellom næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling (tilskot) o Nye samarbeid, til dømes Næringsparken Campus i Sogndal, er viktige for verdiskaping 	<ul style="list-style-type: none"> o Fare for at eigarskap i kraftsektoren vert flytta ut av fylket. Indre Vestland er Noreges kraftbelte, innovativt miljø - det nye fylket må arbeide for rammevilkår som gjer at verdiane blir i regionen o Regional transportplan seier lite eller ingenting om reiseliv – etterspør fokus på samanhengen mellom samferdsle og reiseliv regionalt
Bedrifter og arbeidsplassar		<ul style="list-style-type: none"> o Få lokale arbeidsplassar o Sesongbaserte næringer o Liten variasjon i næringslivet 	<ul style="list-style-type: none"> o Vekst i reiselivet og heilårsturisme – vinteropne fjelloverganger er viktig her. Krev betre samspel mellom reiseliv og samferdsel o Grønt reiseliv og turistskatt 	<ul style="list-style-type: none"> o Færre offentlege arbeidsplassar o Det vert skapt for få nye arbeidsplassar o Rammevilkår, eigarskap og avgiftssystem knytt til elkraft o For dårleg infrastruktur er ein trussel for reiselivet
Helse og levevanar	<ul style="list-style-type: none"> o Høg trivsel o Høg deltaking i fysisk aktivitet 			
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> o Naturmangfaldet har god tilstand o Berekraftig bruk av naturressursar o Befolkninga har god tilgang til natur- og rekreasjonsområde 		<ul style="list-style-type: none"> o Regionen ynskjer å bidra til at fylket går i front for klima og miljø o Turistskatt – kan bidra til meir berekraftig turisme for naturen 	<ul style="list-style-type: none"> o Masseturisme
Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> o Stor frivillig innsats o Gode idrettsanlegg o Varierte kulturtilbod 		<ul style="list-style-type: none"> o Kultur er ein ressurs i reiselivssamanheng, t.d. innan musikk og båtbygging o «Lyden av Vestland» - tradisjon for å selje regionen. Festivalane er viktige for identitetsbygging 	
Klima og miljø			<ul style="list-style-type: none"> o Regionen ynskjer å bidra til at fylket går i front for klima og miljø 	<ul style="list-style-type: none"> o Auka rasfare og flaumfare som følge av klimaendringar
Sosiale forskjellar og utanforskap			<ul style="list-style-type: none"> o Einsemd – stor engasjement i frivillige organisasjonar, kan bidra positivt 	<ul style="list-style-type: none"> o Fleire einsame o Svært avhengig av frivillig innsats når det gjeld eldre og integrering o Svak rekruttering til frivillige organisasjonar som kan bidra positivt til å dempe sosiale forskjellar og utanforskap o Dårleg økonomi er ei byrde, både for organisasjonane og medlemmane
	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar

Oppslutning: Spørjeundersøking – 127 respondentar i møtereion Indre Vestland. Dialogmøte – om lag 90 framsmøtte.

2.2.3 Møtereion Nordhordland og HAFS

Hyllestad, Solund, Askvoll, Fjaler, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Radøy, Lindås, Meland, Osterøy

Utviklingstrekk i Nordhordland og HAFS

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> Folketalsnedgang i kommunane nord for Sognefjorden (utanom Askvoll) dei siste fem åra. Størst vekst i kommunane nær Bergen. Kommunane kring Sognefjorden er venta å få folketalsnedgang fram mot 2040. I dei meir sentrale kommunane nær Bergen, er det venta folketalsauke. Kommunane der det er venta folketalsnedgang, er det også venta ein høgare del eldre innbyggjarar (67 år eller eldre) i 2040.
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> Ein større del i alderen 30-39 år har fullført vidaregåande skule (synkande), samanlikna med del med fullført høgare utdanning (aukande). Del med grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå er aukande.
Næring og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> Det er store skilnader i sysselsettingsgrada, frå om lag 63 prosent i Hyllestad til over 71 prosent i Gulen. Tertiærnæringane dominerer i Fjaler, Lindås og Meland. Hyllestad, Gulen og Osterøy har hovudvekt av sekundærnæringar. Offentleg sektor er største næring i mange kommunar. Regionen har ei særleg styrke innan marin og maritim næring.
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> Fleire område i regionen, spesielt nord for Sognefjorden, har mange skredhendingar. Venta auke i nedbørmengda vil auke faren for jord-, flaum- og sørpeskred i framtida. Som følgje av havnivåstigning er det venta ei auke i stormflo.
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> Størst del av innbyggjarane med trygg tilgang til nærturterreng finn vi i kommunane nord for Sognefjorden (75-100 prosent). Solund og Gulen kjem best ut når det gjeld trygg tilgang til rekreasjonsareal (75-100 prosent), medan under 50 prosent av innbyggjarane i Fjaler har trygg tilgang.
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> Samanlikna med nasjonalt gjennomsnitt, bur det ein større del born i låginntektshushald i Fedje, Solund og Fjaler. Resten av kommunane ligg likt eller under nasjonalt gjennomsnitt.
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> Samanlikna med resten av fylket, er det mindre område i Nordhordland og HAFS som er høgtrafikkerte. Mest trafikk finn vi i Lindås, men også i Radøy, og mellom Masfjorden og Gulen til ferjestrekka Lavik – Oppedal. Dette er den mest trafikkerte ferjestrekka i regionen. I sentrale strom sør i regionen, har størst del av innbyggjarane eit mellomfrekvent kollektivtilbod. Lengre nord, i mindre sentrale kommunar, har dei fleste eit lågfrekvent kollektivtilbod.
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> Valdeltakinga ved både kommune- og fylkestingsval er generelt høgare i dei minst sentrale og minst folkerike kommunane i regionen. Ved stortingsval er valdeltakinga høgare i alle kommunar, og spesielt i kommunane sør for Sognefjorden. Generelt sett deltek ein større del born i kulturskule i mindre folkerike kommunar i fylket. Fleire av dei minst folkerike kommunane i Vestland, finn vi i Nordhordland og HAFS, spesielt frå Austrheim, Masfjorden og nordover. Ein større del av ungdom i regionen opplever eit godt tilbod av idrettsanlegg, samanlikna med opplevd kulturtilbod. Det er likevel store variasjonar mellom kommunane.
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> Samanlikna med gjennomsnittet i fylket, snusar ein mindre del av innbyggjarane i regionen dagleg (9 prosent). Når det gjeld røyking, er situasjonen omvendt. Ein større del av innbyggjarane i regionen røyker dagleg (10 prosent), samanlikna med gjennomsnittet i fylket. Om lag 73 prosent av innbyggjarar i regionen vurderer eiga helse som god eller svært god. Dette er noko under gjennomsnittet i fylket. 42 prosent av innbyggjarane rapporterer om sjeldan eller aldri inntak av sukkerholdig brus/leskedrikk. Dette er noko lågare enn gjennomsnittet i fylket.

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

Folkehelseindikatorar for Nordhordland og HAFS

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	61 %	68 %	52%	51 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	88 %	87 %	93 %	83 %
	Del som opplever å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentlig transport	37 %	47 %	34 %	40 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	96 %	96 %	91 %	92 %
God tilgang på kultur	55 %	62 %	57 %	52 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	82 %	1,6 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

Medverknad – Innspel frå innbygarane i Nordhordland og HAFS

	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar
Folketalsutvikling		<ul style="list-style-type: none"> ○ Fråflytting ○ Skeiv aldersfordeling (unge, eldre) 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Utflytting av statlege arbeidsplassar til regionen ○ Digitalisering ○ Gode bu- og arbeidsområde med pendling på inntil ein time – synleggjerast meir? 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Dårlig infrastruktur, utfordrande å bu, pendle.. ○ Aldrande befolkning ○ Utfordrande med arbeidsplass berre for ein, og ikkje to – påverkar tilflyttinga
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> ○ Gode skuleprestasjonar ○ God kompetanse i barnehagane ○ Tilgang til barnehageplassar utover det årlege opptaket 		<ul style="list-style-type: none"> ○ Desentraliserte lesesalar og utdanningstilbod ved hjelp av digitalisering ○ Fjerning av fylkesgrensa kan opne tilbødet på vidaregåande skule ○ Betre moglegheit for å bu heime gjennom vidaregåande skule ved utvida tilbod 	
Kompetanse og rekruttering		<ul style="list-style-type: none"> ○ Rekruttering av relevant arbeidskraft ○ Svakt utdanningstilbod 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Gode moglegheiter for rekruttering om det er arbeidsplass til to 	
Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> ○ Etterslep i vedlikehald av vegnettet ○ Lite tilrettelagd for gåande og syklende ○ Dårlig kollektivtilbod 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Utbetring av veg (E39 og kystveg) – potensiale for vekst ○ Ferjeavløysing ○ Litt utbetring er betre enn ingenting ○ Samordning av kollektivtilbødet mellom Hordaland og Sogn og Fjordane 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Rasutsett ○ Dårlig veg og store avstandar, lang reisetid mellom kommunane i regionen ○ Sårbart flytilbod ○ Få ferjeavgangar

Utfordringar for Vestland – utkast – sak til fellesnemnda/arbeidsutvalet – 18.juni

			<ul style="list-style-type: none"> ○ Ta vidare Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 (Sogn og Fjordane) – satsing på infrastruktur 	
Verdiskaping og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> ○ Gode på digitalisering og ny teknologi 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Liten eller ingen tilgang på risikovenleg kapital 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Grunder-tradisjon ○ Innovasjon innan marin sektor, eks. tare dyrking, algeprosjekt ○ Potensiale innan det grønne skifte ○ Vekst innan reiseliv ○ Vekst innan vindkraft, kommersialisering av havvind skjer i Gulen ○ Hydrogenproduksjon ○ Geopark 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Fragmentert verkemiddelapparat
Bedrifter og arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> ○ Heilårs arbeidsplassar ○ Sterke fagmiljø 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Få eller ingen kompetanse-arbeidsplassar 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Satsing på arbeid for to ○ Vidareutvikle det tette samarbeidet mellom bedriftene ○ Det er trykk på etablering innan havbruk, fisk og industri 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Dårleg infrastruktur trugar utviklinga til næringslivet i regionen ○ For lite mangfald blant bedriftene kan gjere det utfordrande å skaffe jobb til to
Helse og levevanar				<ul style="list-style-type: none"> ○ Kvaliteten i helsetenester ○ Dårleg tilgang på fastlege
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> ○ Naturmangfaldet har god tilstand ○ Befolkninga har god tilgang til natur- og rekreasjonsområde ○ Berekraftig bruk av naturressursar 		<ul style="list-style-type: none"> ○ Ledig areal, ferdig regulert ○ Ta vidare Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 (Sogn og Fjordane) – sjøareal og strandsone 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Arealkonflikt og arealstorleik ved utbygging av vindkraft – etterspør ryddige prosessar og lokal styring ○ Trykk på etablering av havbruk, fiske og industri
Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> ○ Stor frivillig innsats ○ Gode idrettsanlegg ○ Variert kulturtilbod 		<ul style="list-style-type: none"> ○ Kulturtilbod viktig for busetjing og trivsel ○ Frivilligheita er ein stor ressurs og er med på å bygge attraktive lokalmiljø 	
Klima og miljø			<ul style="list-style-type: none"> ○ Algeprosjekt (viktig start på grøn industri) 	
Sosiale forskjellar og utanforskap				
	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar

Oppslutning: Spørjeundersøking – 75 respondentar i møteregion Nordhordland og HAFS. Dialogmøte – om lag 95 fram møtte.

2.2.4 Møteregion Sunnfjord og Nordfjord

Selje, Eid, Vågsøy, Flora, Bremanger, Stryn, Gloppen, Gaular, Førde, Jølster, Naustdal

Utviklingstrekk i Sunnfjord og Nordfjord

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> Folketalsauke i kommunane dei siste fem åra, med unntak av Bremanger, Vågsøy, Selje og Jølster. Folketalsveksten fram mot 2040 er hovudsakleg venta å skje i dei meir sentrale kommunane – Førde og Flora. I 2040 er det venta at innbyggjarar som er 67 år eller eldre utgjer mellom 20 og 30 prosent av befolkninga i regionen.
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> Om lag 80 prosent av unge (25-29 år) i dei fleste kommunane har vidaregåande skule eller meir som utdanning. Aukande del innbyggjarar i alderen 30-39 år har høgare utdanning (fleire enn fullført vidaregåande skule). Minst del har grunnskule (men aukande).
Næring og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> Kommunane i indre strok har spesielt høg sysselsettingsgrad (71-75 prosent), godt over fylkessnittet. Elles ligg både Eid, Selje og Vågsøy også over fylkessnittet, og Bremanger og Flora er svært likt gjennomsnittet for Vestland. Tertiærnæringane dominerer i Stryn, Gloppen, Flora, Gaular og Vågsøy. Offentleg sektor er største næring i mange kommunar. Industri er også ein vesentleg del av arbeidsplassane. Regionen har ei særleg styrke innan marin og maritim næring og fornybar energiproduksjon.
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> Fleire område, spesielt langs fjordane, har mange skredhendingar. Venta auke i nedbørsmengda vil auke faren for jord-, flaum- og sørpeskred i framtida. Som følgje av havnivåstigning er det venta ei auke i stormflo.
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> 75-100 prosent av innbyggjarane i fem av elleve kommunar har trygg tilgang til nærturterreng. Flora og Gloppen kjem dårlegast ut, der delen med trygg tilgang er under 50 prosent. Gaular har størst del innbyggjarar med trygg tilgang til rekreasjonsareal (75-100 prosent). I andre enden av skalaen finn vi Flora, Eid og Stryn, der under 50 prosent av innbyggjarane har trygg tilgang til rekreasjonsareal.
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> Samanlikna med nasjonalt gjennomsnitt, bur det ein større del born i låginntektsushald i fire av elleve kommunar i regionen (Stryn, Gloppen, Flora og Bremanger). Førde har minst del born busett i låginntektsushald.
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> Dei mest trafikkerte områda er sentralt i Førde og i Flora. Vegen mellom Førde og Vågsøy, via Nordfjordeid, er også blant dei meir trafikkerte strekkene i regionen. I dette område finn vi også den mest trafikkerte ferjestrekka i regionen, Anda – Lote. Dei fleste innbyggjarane har eit mellom- til lågfrekvent kollektivtilbod.
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> Deltaking ved kommune- og fylkestingsval er høg i Eid, Gloppen, Jølster og Naustdal. Elles ligg dei andre kommunane likt eller noko under fylkesgjennomsnittet. Det er ei høgare deltaking ved stortingsval i dei aller fleste kommunane. Størst del av ungdommen (60 prosent eller meir) i alle kommunane i regionen syns tilbodet av idrettsanlegg er bra. Godt over halvparten av ungdom i Bremanger, Vågsøy, Eid, Stryn, Gloppen og Førde syns også kulturtilbodet er bra.
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> Del innbyggjarar som røyker eller snusar dagleg, er likt med gjennomsnittet i fylket. Tre av fire innbyggjarar vurderer eiga helse som god eller svært god, om lag likt med gjennomsnittet i fylket. 42 prosent av innbyggjarane rapporterer om sjeldan eller aldri inntak av sukkerholdig brus/leskedrikk. Dette er noko lågare enn gjennomsnittet i fylket.

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

Folkehelseindikatorar for Sunnfjord og Nordfjord

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	62 %	64 %	46 %	46 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	90 %	90 %	92 %	84 %
	Del som opplever å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentlig transport	46 %	57 %	39 %	49 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	96 %	94 %	92 %	90 %
God tilgang på kultur	82 %	82 %	78 %	75 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	77 %	3,1 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

Medverknad – Innspel frå innbyggjarane i Sunnfjord og Nordfjord

	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar
Folketalsutvikling		<ul style="list-style-type: none"> ○ Fråflytting ○ Skeiv aldersfordeling 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Arbeide for at fleire ungdom etablerer seg i regionen ○ Satsing på regionsenter viktig ○ Allereie attraktivt for turisme, det kan bidra til å skape meir attraktive buplassar 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Ungdomsflukt ○ Færre statlege funksjonar til regionen skaper negative ringverknader
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> ○ Lågt fråfall i skulen ○ Gode skuleprestasjonar ○ Tilgang til barnehageplassar utover det årlege opptaket 		<ul style="list-style-type: none"> ○ Godt, kortreist utdanningstilbod gjennom ein samla strategi for utdanning og kompetanse 	

Utfordringar for Vestland – utkast – sak til fellesnemnda/arbeidsutvalet – 18.juni

<p>Kompetanse og rekruttering</p>		<ul style="list-style-type: none"> ○ Rekruttering av relevant arbeidskraft ○ Svakt utdanningstilbod 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Behov for regionale kompetansmiljø, eks. på tiltak: Fjordane virtuelle campus og marint ressurscenter ○ Stort potensiale for kompetansetiltak innan vidaregåande skule og høgskule ○ Satsing på lærlingplassar for å få ungdommen til å bli/flytte tilbake ○ Rekord i rekruttering når statlege funksjonar flyttast til regionen – fortsett med dette 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Ubalanse i dag mellom statlege tenester og privat næringsliv i Nordfjordområdet
<p>Samferdsel og infrastruktur</p>		<ul style="list-style-type: none"> ○ Etterslep i vedlikehald av vegnettet ○ Dårlig kollektivtilbod ○ Dårlig tilrettelagd for syklende og gåande 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Betre infrastruktur bind fylket saman. Eks E39, kystvegen, Stad skipstunnel, hurtigbåt Bergen-Ålesund ○ Kollektivtransport – tenk nytt. Mobilitet som teneste. ○ Ny miljøvennleg teknologi (digitalisering, hydrogen, elektrifisering) ○ Bompengetilvilje for FV57 Dale-Førde ○ Breiband til alle, viktig for å redusere avstand og tid 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Rasfarlege vegar ○ Mangelfullt kollektivtilbod, lite tilpassa behovet ○ Større avstandar mellom nord og sør i fylket, utfordrande med dagens infrastruktur mange område ○ Nedbygging av flyrute (Førde-Bergen) ○ Uoversiktleg offentleg forvaltning innan breiband
<p>Verdiskaping og innovasjon</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Sterk omstillingsevne ○ Gode på digitalisering og ny teknologi 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Få nyetableringar ○ Generelt liten tilgang til risikovenleg kapital 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Langsiktige innovasjonsstrategiar vil kunne bidra til utvikling og vekst i grøne næringar ○ Kystrådet og fokus på nye verkemiddel tilpassa kysten er viktig for verdiskapinga ○ Aktørane har tru på meir vekst i turismen – investeringar er mogleg 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Verkemiddelapparat må vere til stades lokalt ○ Drift har større fokus enn innovasjon i dag ○ Frykt for utfordrande organisering som gjer ny fylkeskommune mindre tilgjengeleg
<p>Bedrifter og arbeidsplassar</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Heilårs arbeidsplassar 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Sårbare fagmiljø 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Turismen er i vekst og det er investeringsvilje – viktig å satse på heilårsturisme og digitale plattformer ○ Etablere statlege funksjonar ○ Desentralisering – mogleg å skape sterke kompetansmiljø også i distrikta ○ Kan nytt ansvar for hamneforvaltning i fylkeskommunen bidra til nye offentlege arbeidsplassar i regionen? 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Næringslivet må vere budd på det digitale skiftet ○ Samferdsel og infrastruktur er ei utfordring for ytterlegare vekst, til dømes innan reiseliv
<p>Helse og levevanar</p>				
<p>Areal, natur og kulturminne</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Naturmangfaldet har god tilstand ○ Berekraftig bruk av naturressursar ○ Befolkninga har god tilgang til natur- og rekreasjons-område 		<ul style="list-style-type: none"> ○ Fortsett med Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 (Sogn og Fjordane) – viktig for korleis vi disponerer sjøareal og strandsone. ○ Kystrådet – fremjar samarbeid om dette mellom kommunane 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Vekst i turisme gjer naturområda meir trafikkerte. Behov for auka fokus på berekraftig turisme

Utfordringar for Vestland – utkast – sak til fellesnemnda/arbeidsutvalet – 18.juni

Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> o Stor frivillig innsats o Gode idrettsanlegg o Variert kulturtilbod 		<ul style="list-style-type: none"> o Fokus på regionale kultursatsingar o Etablere nynorskhuset i Førde o Dyrke regionen si styrke når det gjeld festivalar – mange ringverknader o Turisme kan bidra positivt til innbygarane sitt tilbod o Festivalstrategien i Sogn og Fjordane – fortsett med dette 	<ul style="list-style-type: none"> o Lite langsiktig finansiering til festivalane – aukar usikkerheit
Klima og miljø			<ul style="list-style-type: none"> o Lokale miljø har høg kompetanse innan den grønne skiftet – start dialogen. Eks. Naturvernforbundet og Vestlandsforskning o Bruk ungdommen sitt engasjement innan miljøtema o Større fokus på klima, miljø og berekraftige løysingar i skulen 	
Sosiale forskjellar og utanforskap			<ul style="list-style-type: none"> o Følgje opp og vidareutvikle Gloppen-modellen for integrering o Festivalar kan nyttast for å fremje integrering o Fremje samarbeid mellom frivillige, næringsliv og det offentlege – viktig ressurs for trivsel, integrering og deltaking 	<ul style="list-style-type: none"> o Frykt for sentralisert mobbe- og elevombod o Dårlig kollektivtilbod, trussel for integrering og deltaking
	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar

Oppslutning: Spørjeundersøking – 99 respondentar i møteregeion Sunnfjord og Nordfjord. Dialogmøte – om lag 130 fram møtte.

2.2.5 Møtereion Sunnhordland

Sveio, Bømlo, Etne, Austevoll, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad

Utviklingstrekk i Sunnhordland

Folk og busetting	<ul style="list-style-type: none"> Folketalsvekst dei siste fem åra, med unntak av Kvinnherad. Venta folketalsvekst fram mot 2040 i dei mest sentrale kommunane i fylket, det inkluderer Stord og Sveio i denne regionen. Bømlo og Kvinnherad er venta å ha spesielt høg del eldre (67 år eller eldre) innbyggjarar i 2040.
Utdanning og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> Større del i aldersgruppa 30-39 år har fullført vidaregåande skule, samanlikna med dei som har høgare utdanning. Del med høgare utdanning har likevel auka dei siste fire åra, medan del med vidaregåande skule har gått noko ned. Del med grunnskule i denne aldersgruppa har auka noko, likt med elles i fylket.
Næring og økonomi	<ul style="list-style-type: none"> Syssettingsgrada i dei fleste kommunane ligg nær fylkessnittet, bortsett frå eit noko høgare nivå i Austevoll (71 prosent). Tertiærnæringane dominerer i Etne, Stord, Bømlo og Austevoll. Del syssette innan sekundærnæringane er likevel tilnærma like stor i dei tre førstnemnde kommunane. Offentleg sektor er største næring i Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, og spesielt i Sveio. Regionen har ei særleg styrke innan marin og maritim næring og fornybar energiproduksjon.
Risiko og sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> Store område i regionen har høg/svært høg radonfare. Som følge av havnivåstigning er det venta ei auke i stormflo.
Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> Over halvparten av innbyggjarane i alle kommunane har trygg tilgang til nærterreng. Delen er spesielt høg i Sveio, Bømlo og Tysnes (75-100 prosent). Over halvparten av innbyggjarane i alle kommunane har trygg tilgang til rekreasjonsareal, med unntak av Etne (under 50 prosent).
Levekår	<ul style="list-style-type: none"> Alle kommunane har ein lik eller mindre del born busett i låginntektsushald, samanlikna med nasjonal gjennomsnitt (12,3 prosent). Unntaket er Sveio.
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> Det er mykje trafikk i store deler av regionen, spesielt i Sveio, Stord og Bømlo, men også mellom Fitjar og Os. I sistnemnde område finn vi også ferjestrekka Halhjem – Sandvikvåg. Dette er ein av mange ferjestrekk i regionen, men Halhjem – Sandvikvåg er den mest trafikkerte. Størst del av innbyggjarane har eit mellom- til lågfrekvent kollektivtilbod.
Kultur, fritid og deltaking	<ul style="list-style-type: none"> Det er generelt noko lågare deltaking ved kommune- og fylkestingsval i regionen, samanlikna med gjennomsnittet for fylket. Fleire av kommunane har ei høgare deltaking enn fylkesgjennomsnittet ved stortingsval. Over 60 prosent av ungdom i alle kommunar i regionen tykkjer tilbodet av idrettsanlegg er bra (manglar data frå Tysnes). Variasjonen mellom kommunane er noko større når det gjeld kulturtilbod, men over halvparten av ungdom i Etne, Stord, Kvinnherad, Fitjar og Bømlo meiner tilbodet er bra.
Levevanar og helse	<ul style="list-style-type: none"> Del innbyggjarar som røyker dagleg, er likt med gjennomsnittet i fylket. Del som snusar dagleg, er lågare enn gjennomsnittet (og lågast av alle regionane i fylket). Blant alle fem regionane, er det minst del av innbyggjarane i Sunnhordland som vurderer eiga helse som god eller svært god. Delen er likevel i overkant av 72 prosent i regionen. 43 prosent av innbyggjarane rapporterer om sjeldan eller aldri inntak av sukkerholdig brus/leskedrikk. Dette er noko lågare enn gjennomsnittet i fylket.

Kjelde: Vestland fylkeskommune. «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». 2019.

Folkehelseindikatorar for Sunnhordland

Folkehelseindikator	Deltek ein eller fleire gongar i månaden	Oppnådd pensjonsalder (67 år)	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
Deltaking i organisert aktivitet	60 %	67 %	41 %	46 %
Deltaking i uorganisert aktivitet	88 %	91 %	90 %	82 %
	Del som opplever å ha god tilgang	Oppnådd pensjonsalder	Unge (18-24 år)	Låg inntekt (under 350 000 kroner)
God tilgang på offentleg transport	37 %	49 %	40 %	47 %
God tilgang på natur- og friluftsområde	96 %	94 %	93 %	91 %
God tilgang på kultur	80 %	85 %	79 %	77 %
	Ikkje plaga	Mykje eller svært mykje plaga		
Støy	82 %	3 %		

Kjelde: Data frå folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019).

Medverknad – Innspel frå innbyggjarane i Sunnhordland

	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar
Folketalsutvikling		<ul style="list-style-type: none"> ○ Skeiv aldersfordeling ○ Fråflytting ○ Spreidd busetnad 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Funksjonar og arbeidsplassar (statlege og fylkeskommunale) må til regionen for å balansere mot Rogaland 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Fryktar utkantposisjon i fylket til tross for at regionen er sentral i Vest-Noreg ○ For få unge i regionen
Oppvekst, skule og utdanning	<ul style="list-style-type: none"> ○ God tilgang til barnehageplassar heile året ○ Høg kompetanse i barnehagane ○ Lågt fråfall i skulen 		<ul style="list-style-type: none"> ○ Desentralisert skulestruktur med sterke fagmiljø ○ Legge til rette for verdig og meningsfylt liv ved å tilby tilrettelagd opplæring (TO) med mykje praksis so nært heimen som mogleg på vidaregåande skule 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Fylkessamanslåinga kan få følgjer for moglegheita til bruk av vidaregåande skule i Rogaland. Tilbodet må oppretthaldast og fylgjast opp med transportmoglegheiter. ○ Mange ungdom frå regionen går på vidaregåande skule i Rogaland –

Utfordringar for Vestland – utkast – sak til fellesnemnda/arbeidsutvalet – 18.juni

			<ul style="list-style-type: none"> o Bete tilrettelagd transport på sjø vil fremje felles utnytting av skuletilbodet i området (inkludert tilbodet til Rogaland) 	utfordrande å følgje utviklinga då dei ofte ikkje er med i statistikken til Hordaland i dag
Kompetanse og rekruttering		<ul style="list-style-type: none"> o Vanskeleg å rekruttere relevant o Svakt arbeidstilbod 	<ul style="list-style-type: none"> o Kompetanseutvikling må skje i nært samarbeid med næringer, til dømes praksisplass hjå lokale næringer, klasserom ute på anlegga o Lokale næringer sitt fokus på teknologisk utvikling og kvalitet er med på å bygge kompetanse lokalt 	
Samferdsel og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> o Dårlig kollektivtilbod o Etterslep i vedlikehald av vegnettet o Dårlig tilrettelagd for syklende og gåande 	<ul style="list-style-type: none"> o E39 må på plass, svært viktig for rå skape eit vekstkraftig næringsliv og attraktivitet for regionen o Bru for ferje er svært viktig for innbygarane o Vintersikker, rassikker og gul stripe på E134 – det viktigaste aust-vest sambandet o Hurtigbåt i Sunnhordlandbassenget og mot Bergen er viktig, knyte heile kysten i Vestland saman o «Hent meg»-prosjektet o Samordning mellom kollektiv og reiseliv kan opne opp for bete tilbod til innbygarane, til dømes «Travel like the locals» o Flyplassen på Stord er viktig, må få same forvaltningsnivå som flyplassane i Sogn og Fjordane 	<ul style="list-style-type: none"> o Rasutsette vegar o Lite tilrettelagt for syklistar i tunellane o Fleire av plasseringane på stoppestader med hurtigbåt i dag, gjer det upraktisk for mange å velje dette kollektivtilbodet. Stoppestad der folk bur er viktig o Bekymra for el-ferjesatsinga grunna moglege negative konsekvensar som kutt i rutetilbodet
Verdiskaping og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> o Sterk omstillingsevne o Gode på digitalisering og ny teknologi o Gode på å skaffe seg ny kunnskap gjennom bedrifts- eller forskingsarbeid 		<ul style="list-style-type: none"> o Etterspurde merkevarer innan fiskeri som kan vidareutviklast, konstant fokus på utvikling og bygging av varer med høg kvalitet o Behov for å utvikle berekraftige anlegg (elektrifisering, nye forkjelder, betre fiskehelse, postsmolt, avfallsprodukt) 	
Bedrifter og arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> o Sterke fagmiljø o Heilårs arbeidsplassar o Mange lokale arbeidsplassar 	<ul style="list-style-type: none"> o Sårbare fagmiljø o Liten variasjon i næringslivet o Få eller ingen kompetansearbeids plassar 	<ul style="list-style-type: none"> o Satsing på nyskaping og ny teknologi i marin og maritim næring, som regionen allereie er sterke innan, må prioriterast o Etter regionreforma går fiskerihammer over til fylket, skaper nye moglegheiter for eksisterande næringer o Tettare samarbeid med Rogaland om næringsklynger (marin, maritim, energi, reiseliv, shipping) 	<ul style="list-style-type: none"> o Svært få offentlege arbeidsplassar (statleg og fylkeskommunale) skaper mindre breidde i arbeidsmarknaden o Fylkesgrensa mot Rogaland skaper hindringar for utvikling – viktig med tett samarbeid med Haugalandsrådet om å styrke felles bu- og arbeidsmarknad o Kystsoneplanen – for detaljert, overstyring, skaper ikkje moglegheiter
Helse og levevanar				<ul style="list-style-type: none"> o Livsstilssjukdommar som gjev alvorlege utfordringar for den einskilde og for samfunnet

Utfordringar for Vestland – utkast – sak til fellesnemnda/arbeidsutvalet – 18.juni

Areal, natur og kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> God tilgang til natur- og rekreasjonsområde Naturmangfaldet har god tilstand Berekraftig bruk av tilgjengelege naturressursar 		<ul style="list-style-type: none"> Regelverk, godt planarbeid og like rammeføresetnader som legg til rette for og fremjar god utvikling av akvakulturlandskap 	<ul style="list-style-type: none"> Ynskje om å bygge ut vindkraft (on- og offshore) For lite areal tilgjengeleg for utvikling, både på land og til sjøs
Kultur og fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> Variert kulturtilbod Stor frivillig innsats Gode idrettsanlegg 		<ul style="list-style-type: none"> Viktige delar av norgeshistoria har utspunne seg i Sunnhordland (kristning, dei tidlegaste lovtinga) – kan bidra til å bygge opp under vestlandsidentitet og kultur Utnytte dei viktige kulturanlegga i regionen meir, til dømes Moster Amfi og Baroniet i Rosendal 	<ul style="list-style-type: none"> Dårleg kollektivtilbod og korrespondanse mellom dei ulike tilboda, gjer det vanskeleg for mange å delta på fritida
Klima og miljø			<ul style="list-style-type: none"> Mykje havvind ved kysten - gode moglegheiter for utbygging av vindkraft i regionen Reduserer CO2-avtrykket på laks gjennom (1) god fiskehelse gjennom kortare tid i sjø (noko som aukar overlevinga) og (2) foredling lokalt 	<ul style="list-style-type: none"> Fiskerinæringa ytrar motstand til offshore vindkraft Kollektivtransport til sjøs er viktig i regionen, men forureininga er altfor høg
Sosiale forskjellar og utanforskap			<ul style="list-style-type: none"> Arbeide for trygge skulemiljø for å hindre fråfall 	<ul style="list-style-type: none"> Lite fokus på utfordringane som kjem med personar som er multistjuka – gjer det vanskelegare å legge til rette for verdige liv
	Styrker	Svakheiter	Moglegheiter	Truslar

Oppslutning: Spørjeundersøking – 45 respondentar i møteregion Sunnhordland. Dialogmøte – om lag 80 frammmøtte.

Arkivnr: 2019/12067-1
Saksbehandlar: Aina Haugstad

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	31/19	11.06.2019

Folkehelseoversikt 2019**Samandrag**

Etter folkehelselova § 21, andre ledd *skal* fylkeskommunen kvart fjerde år utarbeide ei skriftleg oversikt over fylket sine folkehelseutfordringar. Denne *skal* etter tredje ledd inngå som grunnlag for arbeidet med fylkeskommunen sin planstrategi. Ei drøfting av desse utfordringane *bør* inngå i arbeidet med regional planstrategi (plan- og bygningslova § 7-1 og folkehelselova §21).

Føremålet med oversikta er å legge til rette for eit kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid som sikrar at arbeidet går føre seg planmessig og ikkje tilfeldig. I tråd med desse krava har Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i samarbeid utarbeidd oversikt over folkehelsestilstanden i nye Vestland fylke. Prosjektleiaren tilrår at dette kunnskapsgrunnlaget blir lagt til grunn for arbeidet med ny planstrategi i nytt fylkesting.

Forslag til vedtak

Fellesnemnda-AU tek «Folkehelsa i Vestland 2019» til orientering som eit grunnlagsdokument for regional planstrategi for Vestland.

Rune Haugsdal
prosjektleiaren

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Folkehelseoversikt Vestland 2019

Prosjektleiar, 29.05.2019

Etter folkehelselova § 21, andre ledd *skal* fylkeskommunen kvart fjerde år utarbeide ei skriftleg oversikt over fylket sine folkehelseutfordringar. Denne *skal* etter tredje ledd inngå som grunnlag for arbeidet med fylkeskommunen sin planstrategi. Ei drøfting av desse utfordringane *bør* inngå i arbeidet med regional planstrategi (plan- og bygningslova § 7-1 og folkehelselova §21).

Føremålet med oversikta er å legge til rette for eit kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid som sikrar at arbeidet går føre seg planmessig og ikkje tilfeldig. I tråd med desse krava har Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i samarbeid utarbeidd oversikt over folkehelsestilstanden i nye Vestland fylke.

Bakgrunn

Hausten 2018 blei det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag, «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk». Dette var eit felles arbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane – utarbeidd med omsyn til både folkehelseoversikt og for rapporten «Vestland | Utfordringar for fylket og for regionane».

Våren 2018 og våren 2019 gjennomførte høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane kvar si større folkehelseundersøking. Resultat frå dei to undersøkingane er nytta som kunnskapsgrunnlag i «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk» (kun tal frå Hordaland), i omarbeiding av folkehelseundersøkingane og i rapporten «Vestland | Utfordringar for fylket og for regionane».

Desse kunnskapskjeldene har vore viktige utgangspunkt for vurderingane som er gjort i folkehelseoversikta. I tillegg bygger den på innspel frå administrasjonane i begge fylka, eksterne samarbeidsråd for folkehelse i begge fylka, samt dei regionale dialogmøta som vart gjennomførte i fem regionar våren 2019. Oversikta er eit resultat av folkehelsefaglege vurderingar og, i tråd med krava, er drøftingane ikkje styrt av politiske eller økonomiske omsyn.

Oppfølging

Jamfør lovkrava bør drøfting av folkehelseutfordringane inngå som del av regional planstrategi.

Folkehelseoversikta skal også nyttast til å identifisere felles innsatsområde for folkehelsearbeidet i Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen sitt ansvar for folkehelse er tverrsektorielt og tverretatleg. Oversikta, saman med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag, er derfor relevant for ein stor del av fylkeskommunen sine oppgåver.

Frå fylkesrådmannen:

Vestland fylkeskommune er i ferd med ta form og i prosessen med å utvikle det nye fylket – med organisasjon og identitet – har eg saman med Fellesnemnda sitt arbeidsutval reist rundt og besøkt ulike regionar i Vestland. Vi har blitt kjent med fylket og kva folk er opptekne av. Utviklinga av denne folkehelseoversikta har gått parallelt med arbeidet med «Vestland | utfordringar for fylket og for regionane». Dei to dokumenta utfyller kvarandre og bør sjåast i samanheng.

Folkehelseoversikta tek føre seg ei rekkje samfunnsområde og vi ser skilnader mellom innbyggjarane på dei fleste av dei. Noko er styrt av internasjonale og nasjonale trendar som vi ikkje kan gjere noko med. Andre tema treng vi meir kunnskap om for å finne gode og riktige løysingar. Men på mange område finst det både forskning og erfaringar som gir oss eit grunnlag for å skape eit betre og meir rettferdig samfunn i Vestland. Og mange av verkemidlane har fylkeskommunen og kommunane sjølve.

Utviklinga i Vestland går mot færre yngre og fleire eldre i åra som kjem. I Vestland treng vi at ungdommen som bur her ønskjer å bli. Dei som reiser ut for å ta utdanning eller å få nye impulsar, må sjå heimplassen og Vestland som ein aktuell, interessant og reell plass å flytte tilbake til og etterkvart etablere familie. Ved å bygge fellesskap, identitet og tillit legg vi grunnlaget også for økonomisk vekst og busetnad. Vi vil at dei som er nye her, ønsker å bli. Vi treng gode samfunn der folk trivst.

Vi vonar at denne folkehelseoversikta vil vere til hjelp slik at vi saman kan skape berekraftige lokalsamfunn som er helsefremjande for innbyggjarane våre!

Innleiing:

Folkehelse blir skapt i alle sektorar – frå lokalt til nasjonalt

Det har blitt sagt at «Ein god barndom varar livet ut». Gode oppvekstvilkår skaper grunnlaget for helse og trivsel gjennom heile livet. Vanar og ferdigheiter som blir lege tidleg i livet forplantar seg og forsterkar seg gjennom livsløpet – både i positiv og negativ retning. Ved å legge til rette for ein oppvekst der alle får utvikle sitt potensial med rammevilkår som er føreseielege og trygge, legg vi også til rette for robuste og veltilpassa ungdommar som er i stand til å gjere gode val på vegne av seg sjølve.

Med gode minne og erfaringar frå oppveksten, er det større sannsyn for at heimplassen også blir ein stad der ein ser føre seg å oppdra eigne barn. For at det skal skje, er det sentralt at staden opplevast som trygg. I dette ligg fysisk tryggleik som sikkerheit for skred, trafikk, osb., men også tryggleik for arbeid og bustad, - samt tryggleik for at ein sjølv eller familien ikkje står i fare for å bli einsame og åleine i kvardagen.

Fleire eldre og færre yngre gir utfordringar for Vestland

Delar av Vestland er prega av fråflytting og ei kraftig eldande befolkning. Det er fleire område som har utfordringar knytt å rekruttere nok og riktig arbeidskraft. Samstundes er ikkje arbeidsplassane varierte nok til at det finst arbeid for par. Delar av Vestland er prega av smale vegar som er utsette for skred og med dårleg kollektivtilbod. I fleire område av fylket er folk lite nøgde med kultur- og idrettstilbod. Delar av fylket vil få store utfordringar knytt til spreidd busetnad og mange eldre, viss desse trendane fortsett.

Verkemiddel for å snu utviklingstrekka må vere mange og vere knytt til ulike samfunnsområde. I mange høve er fokus retta mot å bygge betre vegar og fleire arbeidsplassar – å legge til rette for næringslivet. Men viss innsatsen blir avgrensa til dette, vil vi ikkje lukkast med å snu utviklinga. Som det vil bli vist seinare i denne oversikta, er økonomisk berekraft toppen av ein pyramide som bygger på andre ressursar. Økonomisk utvikling må byggast på eit fundament av miljømessig og sosial balanse for å vere berekraftig over tid.

Trygge nærmiljø og gode lokalsamfunn er viktig for helse

Det er mange ressursar å bygge på i Vestland. Det er delar av fylket der ungdom og vaksne er svært nøgde med sitt nærmiljø og sitt lokalsamfunn. Det er delar av fylket der folk deltek i stor grad på fritida, at dei opplever å ha støtte kring seg og at dei alt i alt har det bra. Men det er også ulikskap - på nokre område mellom regionar i Vestland, på andre område mellom folk heilt lokalt. Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) har vist oss at det er dei same klåre skilnadene mellom folk i Vestland som forskning har vist i andre delar av landet: det er stegvise skilnader i helse, trivsel, aktivitetsnivå, arbeidsdeltaking, pendlarveg, kosthald, oppleving av støy (og lista kan fortsette): Jo høgare inntekt og/ eller utdanning, dess betre helse og trivsel. Mykje av desse skilnadene har oppstått som følge av måten vi har organisert samfunnet på. Dermed er dei mogleg å gjere noko med.

Klima og miljøforandringar er ein trugsel mot folkehelse

Det er tre dimensjonar knytt til berekraftig utvikling; miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Den sosiale berekrafta er eit fundament for økonomisk utvikling. Men verken samfunn eller økonomi har nokon framtid utan eit klima og eit miljø i balanse. Tilpassing til eit klima i endring er naudsynt og krev eit sterkare fokus og innsats enn det som har blitt gjort til no. Sidan førre oversikt blei utarbeidd for fire år sidan har den generelle bevisstheita om klimaendringane blitt mykje større. Det er også satt i gang viktige tiltak, men det er framleis lang veg å gå. Endringane skjer raskt og dei er spådd å fortsette.

Den raske nedbrytinga av naturmangfaldet er også ein trugsel som det ikkje går an å sjå vekk frå i Vestland. Endringar i areal- og sjøbruk er trekt fram som den viktigaste årsaka til nedbrytinga av artar i naturen. I delar av Vestland er det sterkt press på areal med stor befolkningsvekst. Per i dag er det store transportbehov i fylket med så store avstandar mellom bustad, arbeid, barnehage, skule, fritidsaktivitetar og handel at befolkninga er avhengige av bil for å få kvardagen til å gå opp.

Sett i lys av rapporten frå FN sitt Naturpanel vil det vere vanskeleg å fortsette den byggepraksisen som har vore rådande til no. Lokalsamfunn med korte avstandar er bra for folk, klima, natur og økonomi. Det er trong for auka kunnskap og merksemd om kva som gir gode og berekraftige samfunn inn i alle ledd av samfunnsplanlegginga.

Kva folkehelseoversikta er og kva den skal brukast til

I arbeidet med denne oversikta er det lege vekt på å få fram ny kunnskap. Gjennom folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og i Sogn og Fjordane (2019) har befolkninga gitt svar på ei rekkje spørsmål om tema vi tidlegare måtte ty til nasjonal eller internasjonal forskning for å kunne seie noko om. Faktiske svar frå våre eigne innbyggjarar gir oss ein heilt annan type lokal kunnskap. Dette er viktig kunnskap som vil bli nytta til planleggingsføremål i fleire år frametter.

Det har vore gjennomført fem regionale dialogmøte¹. Innspel frå desse har vore viktig tilleggskunnskap for arbeidet med denne oversikta². Til slutt har «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk» vore eit sentralt kunnskapsgrunnlag. Del to av denne oversikta viser eit utval statistikk frå «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk» som er spesielt relevant for utviklinga av folkehelsa i Vestland fylke³.

Folkehelseoversikta skal utviklast i tråd med *Forskrift om oversikt over folkehelsen*. Det betyr at det er seks område som må vere dekkja:

- A – samansetnaden i befolkninga
- B – oppvekst- og levekårsforhold
- C – fysisk, kjemisk, biologisk og sosialt miljø
- D – skadar og ulykker
- E - levevanar
- F - helsetilstand

Ei interessant og viktig oppdaging i arbeidet har vore å finne dei tette koplingane mellom lovkrav, kjent kunnskap, informasjon om Vestland og kva folk er opptekne av. Dette er summert opp og illustrert gjennom modellen under. Innerst er vist bokstavane etter forskrifta (sjå tekstboks). Størrelsen på kvart av «kakestykkja» viser i kor stort omfang dette har vore eit tema i dialogmøta. Symbola er illustrasjonar av tema som har gått igjen. Snakkeboblene er døme på korleis temaa har blitt diskutert. Fargane viser til kapitelfargane i Vestland | Statistikk og utviklingstrekk.

¹ Dialogmøta vart arrangert i Bergen, Voss, Leirvik, Førde og Gulen i perioden februar-april 2019. Til dialogmøta var representantar frå regionråd, næringsliv, kulturliv og ungdom inviterte til å halde førebudde innlegg. Det var opne folkemøte der alle kunne delta. Mot slutten av kvart møte var det innspel frå publikum. Les meir om møta i «Vestland | Utfordringar for fylket og for regionane», del 2.

² I samband med dialogmøta vart eit (ikkje representativt) utval inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga vart sendt til ordførar, rådmann, planleggar og folkehelsekoordinator. Svara frå desse er brukt i dette arbeidet.

³ Denne prioriteringa vart gjort i samarbeid med interne og eksterne faggrupper på folkehelse.



Dei som har gitt innspel er opptekne av lokalsamfunnet og sine nærmiljø. Det er tydeleg at mange er stolte over sin region og ressursane og moglegheitene som finst der. Det er stor vilje og trong for å utvikle sitt område til å bli enda betre og meir velfungerande. Fylket som heilskap har trong for å ta vare på sine unge og at dei skal bli verande. Det er bra med nye impulsar, men viss dei drar ut; det er viktig at fleire kjem heim igjen og etablerer seg i Vestland. I nokre regionar er det fråflytting og aukande del eldre. Det er også eit ønskje at innvandrane skal bli. Generelt i fylket er det trong for arbeidskraft. Dette utfordrar samfunnet på å tenke nytt og å skape gode løysingar – både når det gjeld omsorg for eldre, integrering av innvandrarar og inkludering i arbeidslivet. Eit kulturliv og –tilbod som er rikt, variert og levande er viktig for sunne og aktive samfunn. Folk har vore opptekne av moglegheita til å delta, ressursen i den frivillige aktiviteten og viktigheita av eit kollektivtilbod for å støtte opp under dette. Trygge og skredsikre vegar, gode helsetenester og tilrettelegging for å vere fysisk aktiv, er andre tema som har blitt trekt fram. Gjennomgåande er det eit ønskje om sunne, gode lokalsamfunn der folk trivst, kjenner seg trygge og har lyst til å bu. Også viljen og ønsket om å finne nye løysingar og nye måtar å samarbeide på har vore gjenteke. Dette er tydelege teikn på at samfunnsutvikling og folkehelse er tett koplå saman. Folkehelselova med tilhøyrande krav er aktuell og relevant for folk.

EI BEREKRAFTIG SAMFUNNSUTVIKLING


Planeten sine tolegrenser set dei ytre rammene for berekraftsarbeidet. Desse ytre rammene må samfunnet halde seg innanfor dersom planeten skal halde fram med å vere leveleg og ein trygg stad for menneska. Samstundes må dei grunnleggjande sosiale kriteria for gode liv og fungerande samfunn sette rammene for økonomisk aktivitet.

Rettferd er heilt sentralt i omgrepet sosial berekraft, men også i politikken for å redusere sosial ulikskap i helseⁱ. Det handlar om rettferdig fordeling av samfunnsgode, noko som også har nytte for samfunnet som heilskap. Statar som har den jamnaste fordelinga av ressursar i si befolkning scorar høgast på internasjonale rangeringar av livskvalitet og lykke. Det er også argumentert for at stor ulikskap i inntekt har negativ effekt på helse og sosiale relasjonar og at aukande ulikskap over tid vil true den økonomiske stabiliteten og demokratiet. Sett ut i frå eit berekraftsperspektiv betyr dette at dersom den økonomiske og/ eller den økologiske dimensjonen blir for mykje prioritert over den sosiale dimensjonen, så kan dette "(...) gi en feedback effekt som vil skade den økonomiske og/ eller økologiske bærekraften som følge av blant annet sosial uro, manglende tillit mellom de styrende og de styrte og utrygghet" (Hofstad og Bergsli 2017, side 44)ⁱⁱ.

FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er 17 felles globale mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Måla er sett på som verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og å stoppe klimaendringane innan 2030. Dei inneheld: fred og rettferd, kamp mot fattigdom og svolt, mindre ulikskap, god helse og utdanning, likestilling mellom kjønna, reint vatn og gode sanitærtilhøve, rein energi, anstendig arbeid og økonomisk vekst, innovasjon og infrastruktur, berekraftige byar og samfunn, ansvarleg forbruk og produksjon, kamp mot klimaendringane, vern av liv på land og under vatn, og samarbeid for å nå målaⁱⁱⁱ. (Sjå tekstboks) Noreg har slutta seg til berekraftsmåla^{iv}.



Noreg sine forpliktingar og oppfølging av FNs berekraftsmål har konsekvensar for folkehelsearbeidet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Den tverrsektorielle tilnærminga i folkehelsepolitikken vår inneber at dei fleste av måla er relevante for innbyggjaranes levekår og livskvalitet.



Graphics by Stefan Lohman/Planet

Figur X: Kjelde: Azote Images for Stockholm Resilience Centre


Stockholm Resilience Centre har omstrukturert FNs berekraftsmål, frå den lineære oppstillinga av dei 17 måla, til ein figur som integrerer planeten sine tolegrensar som den ytre ramma og det sosiale grunnlaget (sjå modell over). Vidare å sikre menneskerettar og grunnleggande sosiale behov som det indre rammeverket. Alt dette må økonomien fungere innanfor. Berekraftsmål 17, om partnerskap er plassert øvst. Skal vi som samfunnsaktør kunne bidra til berekraft vert det stilt krav til nye typar samarbeid. Det er trong for eit meir integrert og heilskapleg samspel mellom ulike aktørar (akademia, offentlege institusjonar, næringsliv og sivilsamfunn) som kan gjere det mogeleg å arbeide meir effektivt med forvaltning basert på planetens tolegrensar.

	Mål 1 tek sikte på å utrydde alle former for fattigdom. Fattigdom kan definerast på ulike måtar med tanke på sosiale og materielle manglar, det vil seie relativ fattigdom. I Noreg har vi ikkje ein nasjonal definisjon på fattigdom.
	Mål 2 tek sikte på å utrydde svolt, oppnå mattryggleik, betre ernæring og eit berekraftig landbruk, fiskeri og havbruk. Om det blir forvalta på rett måte kan landbruk gi næringsrik mat til alle og samtidig vere ei inntektskjelde.
Ikon forts.	Mål 3 tek sikte på å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. Her vil førebyggjande arbeid innan somatisk helse og arbeid for å auke levealder vere viktig, slik at alle kan leve friske og sunne liv.
4	Mål 4 tek sikte på å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning, samt fremje mogelegheiter for livslang læring for alle. Ei god utdanning er ein viktig faktor, og legg grunnlaget for å forbetre menneskjer sitt liv.
5	Mål 5 tek sikte på å oppnå likestilling og å styrke jenters og kvinners stilling. Vidare er det mål om å gjere slutt på alle former for diskriminering. Alle menneske skal ha like rettar og moglegheit til å bestemme over eigne liv.
6	Mål 6 tek sikte på å sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærtilhøve for alle. Ferskvassressursane må forvaltast på rett måte, slik at alle har naudsynte mengder.
7	Mål 7 tek sikte på å ha tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris. Tilgang på energi er sentralt for jobbar, samfunnstryggleik, klimaendringar og matproduksjon.
8	Mål 8 tek sikte på å fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, i tillegg til full sysselsetting og anstendig arbeid for alle. Det er viktig å skape gode arbeidsplassar for alle.
9	Mål 9 tek sikte på å byggje ein robust infrastruktur, fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon. Teknologi og innovasjon kan bidra til å løyse miljømessige utfordringar i framtida.
10	Mål 10 tek sikte på å redusere ulikskap i- og mellom land, og samtidig utjamne sosiale forskjellar. Dette mellom anna ved å fremje sosial, økonomisk og politisk inkludering utan omsyn til alder, kjønn, rase, etnisitet, nasjonalitet, religion eller økonomisk og annan status.
11	Mål 11 tek sikte på å gjere byar, tettstadar og bumiljø inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige. Her vil helse, tryggleik, infrastruktur og klima vere viktige faktorar.
12	Mål 12 tek sikte på å sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster. Me må betre utnytte ressursane og minimere påverknaden på miljø og klima. Dette vil minke ressursbruk, miljøødelegging og klimagassutslepp.
13	Mål 13 tek sikte på å handle umiddelbart for å avgrense klimaendringane og konsekvensane av dei. Dette inneber både utsleppsreduksjon og å tilpasse seg for å styrke evna til å stå mot klimarelaterte farar og naturkatastrofar.
14	Mål 14 tek sikte på å ta vare på og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling. Havet har ei nøkkelrolle for regn, drikkevatt, vær, klima og mykje av maten vår. I tillegg byr det på mogelegheiter for nye arbeidsplassar og økonomisk vekst.
15	Mål 15 tek sikte på å verne, oppattrette og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.
16	Mål 16 tek sikte på å fremje frededelege og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.
17	Mål 17 tek sikte på å styrke gjennomføringsmidlane å fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling. Samarbeid og partnerskap på tvers i samfunnet er viktig for å oppnå berekraftig utvikling.


Folkehelsa i Vestland

I modellen for berekraft (s.6) ligg sosial berekraft som eit bindeledd mellom miljømessig og økonomisk berekraft – avhengig av det første – ein premiss for det andre. Miljømessig berekraft er grunnlaget for alt liv på jorda, sosial berekraft viser til fred, demokrati, utrydding av fattigdom, sosial utjamning, inkludering og deltaking. Alt dette er premissar for økonomisk berekraft.

I det følgande blir det nytta ein modell som viser koplinga mellom folkehelse og sosial berekraft. Modellen er utarbeidd ved OsloMet og viser «laga», eller «dimensjonane» av forhold som verkar inn på helsa. I kvar av dimensjonane finst det døme på grupper som av ulik årsak ikkje har moglegheit til å delta på same vilkår som folk flest. Dette kan skuldast økonomi, funksjonsnivå, kunnskap, utdanning, eller anna. Kva for barrierar som finst og kven som ikkje kan delta varierer. Det er dette vi meiner med sosial ulikskap i helse. Det er desse delane av befolkninga det må vere fokus på i oppfølginga av denne oversikta. I eit livsløpsperspektiv er det mange som er utsett for systematiske utstøytingsmekanismer som fører til, held ved like og forsterkar sosial ulikskap. Planlegging og tiltak må skje med utgangspunkt i kunnskapen om at kvar av oss lever livet med sin "bagasje". Målsettinga må vere å gjere vilkåra betre og tersklane lågare for alle.



LIVSVILKÅR



Den innte sirkelen tek føre seg påverknadsfaktorar som er grunnleggande for helse. Ei rekkje føresetnader for utvikling blir lege allereie i mor sitt liv. Vi er prisgitte den familien vi blir fødd inn i og dei oppvekstvilkåra som følger med: bustad, nærmiljø, skule, vener. Dei vilkåra vi veks opp i, dannar grunnlaget for resten av livet – kva for kunnskap vi klarer å tileigne oss, val av fritidsaktivitetar, utdanning og levevanar. Men også kva for inntekt og arbeid vi får og kva for bustadområde vi bur i. Og i neste runde kva for vilkår vi som føresette kan gje barna våre. Personlegdom, individuelle styrker og svakheiter er ulikt fordelt, det er ikkje vist at desse er knytt til foreldre sin bakgrunn. Kvar av oss opererer innan rammene av eige liv. Livsvilkår er i denne samanheng individet sine moglegheiter for å kunne utnytte sitt potensial. Graden av heilskapleg tenking i sirklane rundt individet er med på å bestemme i kva grad dette potensialet blir nådd.

Korleis vi har det og lever heng saman med økonomi og utdanning

I Vestland er forventta levealder for menn og kvinner signifikant høgare enn landet. Gjennomsnittsvestlendingen har med andre ord god helse og kan sjå fram mot eit langt liv. Gode samfunn og gode helsetenester er viktige årsaker til at folk blir eldre og det bør sjåast som eit gode å få leve lenge. Saman med betre helse har også tannhelsa blitt betre og fleire har sine eigne tenner opp i høg alder. Kombinert med auke i levealder, inneber dette at etterspurnaden etter tannhelsetenester, spesielt i dei eldste aldersgruppene, vil auke i tida framover. Det er venta at dei eldre vil ha andre behov og krav til helse- og omsorgstenester enn dagens eldre har, med bakgrunn i at dei har høgare utdanning og er meir ressurssterke.

Eit gjennomsnitt skjuler store variasjonar og på individuelt nivå gjer ulikskap i bumiljø, inntekt og utdanning seg utslag i levevanar. Levevanar påverkar helse og utsikter til eit langt liv. Dette er også tilfelle i Vestland. Resultat frå Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) viser at graden av positive opplevingar gradvis aukar med aukande inntekt innan forhold som trivsel, oppleving av støy frå vegtrafikk, sosial støtte, tryggleik og einsemd. Blant dei som oppgav at dei har dårleg økonomi samanlikna med andre, er det 53 prosentpoeng skilnad mellom kor mange som seier dei alt i alt er nøgde med livet. Den same skilnaden gjer seg synleg i fiskeinntaket: blant dei som et fisk sjeldan eller aldri er det 29 prosent som er nøgde i livet. Blant dei som et fisk dagleg/ vekentleg er delen 82 prosent. Andre område som fysisk aktivitet og anna kosthald følger desse trendane. Ungdom som veks opp i hushald med låg inntekt opplyser oftare at dei ikkje et frukost og dei har prøvd alkohol og hasj, enn andre. Dette viser at forhold innan eitt område, har ringverknader som påverkar heilt andre. Det er vanskeleg å seie noko om årsakssamhengane, men at kosthald, levevaner og psykisk helse er forhold som blir påverka av økonomi og utdanning er godt dokumentert både nasjonalt og internasjonalt.

Låg utdanning gir vanskelege livsvilkår

I Vestland fylke fullfører ikkje ein av fire vidaregåande skule i løpet av fem år. Det største fråfallet ser ein innanfor yrkesfag. Det er grunn til å tru at sosial bakgrunn, skuleprestasjonar og helserelaterte forhold opptre i komplekse samspel^v. Fleire forskingsrapportar viser at det er samanheng mellom auka helse- og levekårsproblematikk og gjennomføring i vidaregåande opplæring.

For elevar som brukar meir enn fem år, er statistikken meir positiv. Nokre elevar treng lengre tid og/eller alternative opplæringsløp og gjennomfører utdanninga på meir enn fem år. I tillegg fullfører fleire gjennom vaksenopplæring.

Svak økonomi gir færre moglegheiter for gode livsvilkår

I Noreg er låg inntekt i hovudsak knytt til mindre moglegheiter for å kunne delta i samfunnet på lik linje med andre. Ungdom som veks opp i hushald med låg inntekt opplyser oftare at dei har færre vener og er mindre aktive i organisert aktivitet enn andre. Ved å stå utanfor fritidsaktivitetar går dei

glipp av ein viktig arena for å treffe andre og for å utvikle sosial kompetanse^{vi}. Deltaking i organisasjonar kan også fungere som ein læringsarena for identitetsutvikling og demokratiforståing hos ungdom. Barn og unge som ikkje deltek i slike arenaer har mindre tilgang til denne typen lærings- og samværsaktiviteter. Dette er eit bidrag til auka sosial ulikskap i helse gjennom livet.

Barn i familiar med låg inntekt opplever oftare enn andre å måtte flytte vekk frå sitt nærmiljø^{vii}. Dei bur oftare dårleg og trongare enn andre, og dei bur sjeldnare i ein bustad som familien sjølv eiger. Barnefamiliar som bur i kommunale utleigebustader har oftare dårleg bustandard. Bustadprisane har auka nasjonalt sidan 2011, men meir i Hordaland og enda meir i Sogn og Fjordane.

Einsemd og dårleg psykisk helse aukar med låg inntekt

Det er ei negativ utvikling i Vestland for særskilt unge si psykiske helse målt etter både trivsel, mobbing og einsemd. Ein av fem ungdommar oppgav at dei har vore mykje plaga av einsemd i løpet av siste veka^{viii}. Det er fleire jenter enn gutar som kjenner seg einsame. Delen som er plaga av einsemd aukar i ungdomsskulen og inn i tidleg vaksenliv, men søkk igjen med aukande alder. Jamfør Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) blir graden av einsemd jamt lågare gjennom heile livet. Dette er i strid med diskursen om at eldre er einsame⁴. Det er diskusjon rundt årsakene til dette, om det skuldast auka merksemd på psykiske plager, fleire psykologar, endra kultur for å snakke om psykiske plager – eller om det er ein reell auke. Det er i alle fall eit følsamt tema for mange som det kan vere vanskeleg å snakke høgt om^{ix}.

Generelt er det ulikskap i opplevinga av sosial støtte og i opplevinga av einsemd. Ungdom som veks opp i hushald med låg inntekt opplyser oftare at dei har psykiske problem. Dei er også meir utsett for mobbing. Når det gjeld tryggleik, så kjenner dei fleste ungdommane seg trygge i Vestland, men også her er det sosial ulikskap knytt til inntekt^x.

Sosial støtte er viktig for individuell deltaking

I integreringsarbeidet med innvandrarak er det eit stort fokus på språk og arbeid. Dette er utan tvil viktige forhold for god integrering – men også det sosiale aspektet er av betydning. For nokre innvandrarak vil det ta fleire år før dei har eit språkgrunnlag og ein kompetanse som gjer at dei er sjølvhjelpne på inntektssida. I tida imellom og etterpå er sosial deltaking av høg verdi – for den enkelte for å lære språk, kultur og å etablere vennskap. Vestland treng å oppretthalde innbyggartalet og sysselsettinga gjennom arbeidsdeltaking. Då må det bli lege betre til rette for at nye til landet lettare skal kunne delta i samfunnet.

Også i eit samfunnsperspektiv er det viktig at folk kjenner kvarandre. Folk i dei regionale møta har også vore opptekne av dette. Dei er bekymra for auka einsemd, særskilt hos eldre og hos tilflyttarak. Det vart fremma innspel om at samfunnet må bidra til at innvandrarak finn sin plass i lokalsamfunnet.

Oppsummering


Dei fleste i Vestland lever gode liv, tek gode og sunne val til beste for seg sjølv og familien. Men moglegheita for å gjere gode og sunne val er ikkje likt fordelt i fylket. Livsvilkår som trygg oppvekst, val av utdanning, tilgang på godt arbeid, ei leveleg inntekt og ein meiningsfull fritid er ulikt fordelt og gjer seg utslag i ulik helse og ulik levealder. Skilnad i forventa levealder etter utdanning er 5,2 år i Hordaland og 4,3 år i Sogn og Fjordane⁵. Det bør vere rettferdige vilkår i Vestland for å leve gode liv for alle. Dette er ein grunnpilar for sosial berekraft. Individuelle behov er både materielle og psykososiale. Menneskerettane er det viktigaste utgangspunktet for dette.

⁴ Men merk at her er det relativt små tal i dei eldste aldersgruppene, så det er mogleg at dette ikkje er representativt for dei eldste aldersgruppene.

⁵ Talet for landet er 5 år. (Folkehelseprofilene fra Folkehelseinstituttet)

Berekraftsmål som er relevante for menneske sine livsvilkår:  1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, 10, 11, 12, 13, 16

ARENAER I KVARDAGSLIVET



Det andre laget i modellen er knytt til kvardagslivet sine arenaer. Gjennom eit langt liv er dei fleste innom mange, som barnehage, skule, utdanningsinstitusjonar, arbeidsplassar, sjukeheim og sjukehus for å nemne nokre. Fengsel og barnevernsinstitusjonar er også døme på kvardagsarenaer. Det same er fritidsaktivitetar med både organisert og uorganisert aktivitet. Ikkje alle arenaer er tilgjengelege for alle. Folk bruker mykje av tida si på desse arenaene og dei kan i ulik grad vere helsefremmande, eller helsetruande.

Kvalitet i barnehagar og skuler

Vestland har høgare barnehagedekning enn landet samla. Også delen minoritetsspråklege barn i barnehagar er høg, særskilt i Sogn og Fjordane. Deltaking i barnehagar av høg kvalitet er ein ressurs for alle barn, det gir kultur- og språkforståing tidleg i livet. Det er også ein ressurs for samfunnet gjennom at fleire vaksne kan stå i arbeid. Studiar har vist at språkutviklinga til barn frå familiar med låg inntekt blir positivt påverka av å gå i barnehage frå tidleg alder^{xi}. Evalueringa av gratis kjernetid i boområde med mange innvandrarakgrunn tyder på at tiltaket førte til betre skuleprestasjonar for elevar med innvandrarakgrunn. Faglege råd legg særskilt vekt på høg kvalitet i barnehage og skule og aktivt arbeid mot mobbing som tiltak med kjent effekt på helse.

Trivsel i skulen følger ein sosial gradient, der det er skilnad i kven som trivst og ikkje. Blant dei som bur i familiar med låg sosio-økonomisk status er det dobbelt så mange som ikkje har det godt på skulen, enn blant dei med høg sosioøkonomisk status. Manglande trivsel handlar både om skulen som læringsarena og som sosial arena og samvær med vener^{xii}. I vidaregåande skule er mobbetala låge i Vestland. Sogn og Fjordane har lege lågare enn landet og Hordaland over tid, men utviklinga her går i feil retning.

Det er systematiske kjønnskilnader i skuleprestasjonar, gjennomføringsgrad i vidaregåande skole og i del med høgare utdanning i kvinner sin favør – nasjonalt og i Vestland. Lese- og rekneferdigheitene i 5.klasse er svake i Vestland og dei har vore det over tid. Ein av fire elevar er på det lågaste nivået i lesing – signifikant dårlegare enn landet. Rekneferdigheitene er noko betre i Sogn og Fjordane enn i Hordaland, men der utviklinga har vore positiv for Hordaland, har det vore lita endring i Sogn og Fjordane. Lese- og rekneferdigheiter er grunnleggande ferdigheiter og det er urovekkande at elevane i Vestland presterer så lågt og at dei har gjort det over tid. Det er ikkje kjent kvifor det er så svake resultat i Vestland. Skuleprestasjonar i grunnskulen er den enkeltfaktoren som har størst direkte innverknad på om elevar fullfører vidaregåande skule^{xiii}.

Trivsel på arbeidsplassen og variasjon i arbeidsmarknaden

Dei fleste trivst på arbeidsplassen sin (80%), men delen er lågare i Vestland enn det som er nivået nasjonalt (90%)^{xiv6}. Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) viser at arbeidsplassen er ein viktig arena for å trivast elles i livet også: det å delta i arbeidslivet ser ut til å vere positivt, ettersom dei gruppene som står utanfor arbeidslivet (sjukmelde, uføre, sosialhjelpmottakarar og arbeidslause) også er dei gruppene som i minst grad oppgjev å vere nøgde med livet. Blant dei som er nøgd med arbeidet sitt er det 87 prosent som er nøgd generelt.

⁶ Spørsmålsstillinga i Folkehelseundersøkingane var: *Eg er alt i alt nøgd med jobben min. Heilt einig, einig, verken eller, ueinig, heilt ueinig, veit ikkje.*

Spørsmålsstillinga i den nasjonal undersøkinga var: *Alt i alt, hvor fornøyd er du med jobben din? Er du svært fornøyd, ganske fornøyd, verken fornøyd eller misfornøyd, ganske misfornøyd eller svært misfornøyd?*

Blant dei som ikkje er nøgde på jobben, er det berre 35 prosent som er nøgde med livet. Dette er i tråd med kjent kunnskap: Desto meir nøgde arbeidstakarane oppgjev å vere med jobben, desto mindre sannsyn for psykisk og somatisk sjukdom. Samanhengen er sterkast med mentale helseplager^{xv}.

Trong for varierte arbeidsplassar har vore løfta i dialogmøta og i eit folkehelseperspektiv er dette også relevant. Moglegheit for å finne arbeid som er relevant for interesser og utdanning, samt å kunne skifte arbeid ved behov er viktig for trivsel. Kompetansebehova i arbeidslivet er i endring. Det vil bli stilt høgare krav til fleksible utdanningsløp. Desentraliserte løysingar og løp tilpassa lokalt næringsliv sine behov kan gjere det lettare å halde på og å rekruttere i heile fylket. Det å vere i arbeid – i tillegg til det å ha ei inntekt - har ringverknader ut over trivsel og individuell helse. I arbeidet med førre folkehelseoversikt fant vi ein samvariasjon mellom manglande trivsel i 10. klasse og arbeidsløyse i foreldregenerasjonen. Også barna sin trivsel blir påverka av rammevilkår i arbeidslivet. Sitatet frå et dialogmøte om at «har ungane det bra, har foreldra det bra», ser med andre ord ut til å gå begge veger.

Det ser ikkje ut til å vere samheng mellom utdanningsnivå og sysselsettingsgrad i kommunane. Det er heller ikkje nokon tydeleg samheng mellom næringsstruktur og utdanningsnivå. Det er lågare del innvandrarak som er sysselsette, enn i heile befolkninga. Det har vore ei negativ utvikling for denne gruppa. Kvinnelege innvandrarak arbeider i mindre grad enn menn. Det er store skilnader mellom kommunane med variasjon frå 56,3 - 75,1%. Det ser ikkje ut til å vere samheng mellom kva som er den største innvandringsårsaken og sysselsettingsgraden. Når det gjeld menneske med nedsett funksjonsevne er sysselsettinga lågare enn i majoritetsbefolkninga, men den har auka litt sidan 2013. Også ein vesentleg del einslege forsørgjarar har låg arbeidstilknytning. Det er ein samheng mellom arbeidsplassdekning, del eineforsørgjarar og uføretrygd i kommunar i Noreg^{xvi}. Det er ein samheng mellom utdanningsnivå og reiseveg til og frå arbeid.

Dette viser oss at det er enkelte grupper – lågt utdanna, eineforsørgjarar, innvandrarak og folk med nedsett funksjonsevne – som er svakare stilt på arbeidsmarknaden enn majoriteten. Yrkesdeltaking er viktig for alle, men kanskje særskilt viktig for innvandrarak og folk med nedsett funksjonsevne; befolkningsgrupper som i andre delar av samfunnet kan oppleve større barrierar for deltaking. Dei negative effektane av å stå utanfor arbeid kjem i tillegg til andre negative effektar desse gruppene blir råka av. For desse gruppene kan reiseveg til og frå arbeid og (manglande) fleksibilitet i arbeidslivet og opningstider i barnehagen vere tuer som velter lasset i høve det å kunne delta i arbeidslivet eller ikkje. Hos dei som er i arbeid, er unge, folk med låg utdanning og innvandrarak overrepresenterte i gruppa med låg løn^{xvii}. Også i andre enden av skalaen er det skilnader; masterutdanna, norskfødde med innvandrarakforeldre har lågare sysselsetting og årsinntekt enn masterutdanna med norskfødde foreldre. Menn med innvandrarakbakgrunn har lågare timelønn enn menn frå majoriteten^{xviii}. Innvandrarak oppgjev i eitt av fire tilfelle å vere overkvalifiserte til arbeidet sitt^{xix}.

Fritid og rekreasjon

Gode kvardagsarenaer bygger opp under skaparkraft og identitet hos dei unge og kan bidra til at dei ønskjer å komme heim igjen.

I resultatane frå Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) er det eit mønster med ein klår gradient målt etter utdanning. Den same trenden gjeld både organisert og uorganisert deltaking. Også økonomisk ulikskap påverkar sosial deltaking. Barn i familiar med låg inntekt deltek i mindre grad og sluttar tidlegare i organiserte aktivitetar enn andre barn^{xx}. Slik er det også i Hordaland^{xxi} og det er liten grunn til å tru at det ikkje skal vere tilfelle i Sogn og Fjordane. Ved å stå utanfor fritidsaktivitetar går dei glipp av ein viktig arena for å treffe andre og for å utvikle sosial kompetanse^{xxii}. Deltaking i organisasjonar fungerer som læringsarena for identitetsutvikling og demokratiforståing hos ungdom. Barn og unge som ikkje deltek i slike arenaer har mindre

tilgang til denne typen lærings- og samværsaktiviteter. Dette aukar sosial ulikskap i helse gjennom livet.

Funksjonsnivå påverkar også deltaking. Målt etter sosial støtte, er det 20 prosentpoeng skilnad mellom dei som kjenner seg funksjonsfriske (64 prosent) og dei som i stor grad blir påverka av sitt funksjonsnivå (44%)^{xxiii}. Dei som har ei funksjonsnedsetting kjenner seg også meir einsame og i mindre grad trygge enn majoritetsbefolkninga.

Deltaking i frivillig arbeid gir sosial støtte, kontakt, styrker demokrati og tilhøyrslse. Det er lite kunnskap frå Vestland om innvandrara si deltaking i frivillig arbeid og sivilsamfunn. På landsbasis er det funne at innvandrara deltek i mindre grad enn majoritetsbefolkninga i formaliserte medlemsskap og organisasjonsvern, men meir i religiøse foreiningar og innvandraraorganisasjonar^{xxiv}. Deltakinga ser ut til å auke med lengre butid, gode eller svært gode norskkunnskapar, god helse, sysselsetting og oppleving av tilhøyrslse til Noreg^{xxv}.

Tilgang eller mangel på tilgang treng ikkje berre vere fysisk. Det er også økonomiske, sosiale eller digitale barrierar. Blant dei som svarte at dei ikkje deltek i organisert aktivitet på fritida, var det til saman 55 prosent som sa at det var fordi dei ikkje veit kva som går føre seg, ikkje kjenner andre som er med, føler at dei ikkje høyrer til eller at det er for dyrt^{xxvi}. Blant dei som ikkje deltek på noko uorganisert aktivitet er delen som oppgav dei same forklaringane heile 73%. Barrierar for deltaking vil variere lokalt og mellom kommunar. Det trengst meir kunnskap og medvit om kva desse er. Befolkninga i Vestland er i endring – det er fleire innvandrara, fleire eldre og færre unge. Dette påverkar dynamikken lokalt. Den norske dugnadsånden blir ofte trekt fram som ein ressurs som er i tilbakegang. Med eit meir heterogent samfunn kan det hende at dei etablerte og uskrivne reglane for deltaking som har fungert til no, må fornyast og tilpassast endringane. Det er ikkje gitt på same måte som før kva som er tilgjengeleg for kven og til kva tid.


Oppsummering

Størsteparten av folk i Vestland deltek i barnehage, skule og arbeid og dei fleste trivst godt. Helsefremmande kvardagsarenaer aukar livskvalitet og meistring. Sterkt fokus på kvalitet i arenaene folk oppheld seg - særskilt i oppveksten – er effektive verkemiddel for å skape ei robust og deltakande befolkning. Det gir kjensle av fellesskap å delta, og det er kjent frå forskning at det er skadeleg for helsa å stå utanfor. Derfor må det vere jamt fokus på å unngå utstøyting frå arbeidsliv, fråfall frå vidaregåande skule og frå fritidsaktivitetar. Å sikre at folk deltek og ikkje fell utanfor er svært viktige folkehelseiltak som kommunar, fylkeskommunen og næringslivet har gode moglegheiter til å påverke gjennom sine verkemiddelapparat. Det er sosial ulikskap i faren for å falle ut og grunnlaget blir danna tidleg i livet.

Berekraftsmål som er relevante: 1, 3, 4, 5, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 16

LOKALSAMFUNNSKVALITETAR

I det neste laget av modellen er det her grovt sett vist forhold knytt til kommunen sitt påverknadsområde, sjølv om fylkeskommunen også her har verkemiddel. Kommunal arealplanlegging har stor betydning for kvalitetar i lokalsamfunn og nærmiljø. Plassering av barnehage, skule, arbeidsplass, handel og fritidsarenaer i høve kvarandre, er kanskje det mest synlege. Dette er verkemiddel for å legge til rette for at folk kan delta i arbeid og fritid. Kort pendlaravstand og lite transportbehov mellom arenaer bidreg til at fleire kan delta lengre – uansett livsvilkår. Samfunnskostnadar knytt til vedlikehald av veg og kollektiv blir også påverka av dette. Det same gjeld også klima gjennom betre moglegheit for miljøvennleg transport.



Sterk sentralisering og sterk fråflytting krev god planlegging

Sentraliseringa er venta å auke fram mot 2040 med den største delen av befolkninga i dei 12 mest sentrale kommunane i Vestland. Det vil seie at 31 kommunar vil dele på om lag 20 prosent av befolkninga og det er venta at delen vil søkke. I 17 av desse kommunane er arbeidsinnvandrara den største innvandringsgruppa. Delen eldre aukar totalt sett og mest i åtte kommunar – alle blant dei minst sentrale. Dette er område som er sårbare for ein eskalerande effekt av desse utviklingstrekk. Befolkninga er bekymra for å miste skuler, svekka kollektivtilbod og helsetenester. Dårlige vegar og skredfare gjer nokre regionar mindre attraktive for pendling. Trugselen om skred påverkar også folk si vilje til å bli buande. Blant kommunetilsette⁷ er folketalsutviklinga vurdert som den største utfordringa sett under eitt. Herunder skeiv aldersfordeling mellom unge og gamle, fråflytting og spreidd busetnad. Utviklingstrekk sett under eitt, er dette reelle bekymringar i delar av fylket.

I motsett ende vil kommunane med største delen av befolkninga og høgast forventa vekst oppleve stort arealpress på alle samfunnsområde; bustad, transport, rekreasjonsareal og møteplassar. Ni prosent av kommunetilsette⁸ meiner at tilflytting er ein styrke for sin region. Behovet for å ta vare på naturmangfaldet blir sett under tilsvarande stort press. Det er også i dei mest sentrale områda av fylket at det er mest fragmenterte friluftsområde⁹. I pressområda av fylket er det fare for at denne negative trenden fortset. Slik tilgang er viktig for at folk skal trivast. Over halvparten av dei kommunetilsette¹⁰ trekker fram god tilgang til areal, natur- og kulturminne som ein særskilt ressurs for sin region. Av desse har dei fleste svart at dette gjeld god tilgang på natur- og rekreasjonsområde.

Ein fortettingsstrategi med fokus på kvalitet vil kunne skape gode og helsefremmande miljø for folk ^{xxvii}. Det bør vere eit samspel mellom gode uteareal i nærrområde, bustadkvalitet og andre trivselstiltak. Særskilt i fortettingsstrategiar kan ulike omsyn til folkehelse dra i kvar si retning. Tilrettelegging for at fleire går og sykklar i kvardagen, kan

⁷ I samband med dialogmøta vart eit (ikkje representativt) utval inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga vart sendt til ordførar, rådmann, planleggar og folkehelsekoordinator. Svara frå desse er brukt i dette arbeidet.

⁸ I samband med dialogmøta vart eit (ikkje representativt) utval inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga vart sendt til ordførar, rådmann, planleggar og folkehelsekoordinator. Svara frå desse er brukt i dette arbeidet.

⁹ På nasjonalt nivå er det ein samanheng mellom tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng og storleiken på tettstaden folk bur i. Generelt har ein større del av befolkninga trygg tilgang i mindre tettstader enn i større tettstader. Årsaka til dette kan vere meir trafikk eller høgare fartsgrenser i større tettstader som slik skaper ei barriere for trygg tilgang – eller at rekreasjonsareal er meir nedbygd i tettbygde strøk.

¹⁰ I samband med dialogmøta vart eit (ikkje representativt) utval inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga vart sendt til ordførar, rådmann, planleggar og folkehelsekoordinator. Svara frå desse er brukt i dette arbeidet.

bidra til betre helse. Men fortettinga kan samstundes redusere grøne areal og offentlege rom, som er sosiale møteplassar og arenaer for fritidsaktiviteter. Desse er særskilt viktige for eldre og yngre som har mindre aksjonsradius og meir avhengige av sitt nærmiljø.

Det blir trong for høg planleggingskompetanse for å balansere ulike omsyn på ein god og berekraftig måte. Gode lokalsamfunnskvalitetar handlar om trivsel og om praktiske forhold for å få kvardagen til å gå opp for den enkelte. Ei heilskapleg planlegging som legg opp til mindre behov for transport i kvardagen vil vere med å svare på fleire delar av utfordringsbiletet. Dette gjeld både kommunar som har sterk vekst, og dei som er fråflyttingstruga.

Nærmiljø og sosial deltaking

Med fleire eldre vil universell utforming av samfunnet og nærmiljøet bli enda viktigare. Det som gjer kvardagen enklare og meir tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsnivå, er også bra for andre grupper i samfunnet – eldre, småbarn, barnevognar. Med korte avstandar blir det også mindre behov for parkering og kollektivtilbod. Varierte bustadmiljø gir folk moglegheit til å skifte bustad etter behov, utan å skifte nærmiljø. Varierte bumiljø med blanda befolkning er også positivt for samfunnet og bygging av toleranse og tillit mellom folk. Nærmiljø av god kvalitet er tilgjengelege og dei har gode møteplassar for samspel mellom folk. Estetiske omgjevnader har positiv innverknad på både trivsel og helse.

Det har lite å seie om folk bur i by eller spreiddbygde strok, eller i kva for region, for om folk kjenner seg trygge, einsame eller om dei har sosial støtte. Alder spelar større rolle. Dei yngste aldersgruppene (18-29 år) trivst i mindre grad i sitt nærmiljø, enn dei eldre. Pensjonistar bruker meir tid i nærmiljøet enn andre aldersgrupper og er slik sett meir avhengige av gode og tilgjengelege nærmiljø for å kunne fungere sjølvstendig og klare seg sjølv^{xxviii}. Likevel er trivsel i nærmiljøet viktig for alle aldersgrupper, og det burde bli undersøkt nærmare lokalt kvifor unge trivst mindre.

Det er større skilnader i oppleving av kulturtilbod. Det er variasjon i kor nøgd ungdom er med kultur- og idrettstilbodet i si kommune. Her skil Lærdal, Sogndal, Førde, Gloppen, Eid og Etne seg positivt ut med eit stort fleirtal som er nøgde. I fleire av kommunane som ventar fråflytting og stor del eldre, er ungdommen nøgde kulturtilbodet. Det er ein viktig ressurs for kommunen at ungdommen trivst og dette er noko som befolkninga tydeleg er opptekne av. Regionane Nordhordland og HAFS skil seg særskilt negativt ut^{xxix}.

Det er ein viktig ressurs for kommunen at ungdommen trivst og dette er noko som folk er opptekne av (regionmøta og spørjeundersøkinga). Halvparten av dei kommunalt tilsette meiner at regionen dei bur i har eit kultur- og fritidstilbod som er ein særskilt ressurs for regionen¹¹. Dei trekk fram eit variert fritidstilbod, stor frivillig innsats og gode idrettsanlegg som særskilt viktig.

Støy

Statens Vegvesen opplyser om at om lag 55 800 personar er utsett for helseskadeleg støy utanfor sin bustad. Talet ville vore høgare om Noreg brukte WHO si grense for kva som er helseskadeleg. Dette utgjer om lag 8 prosent av befolkninga i Vestland, og er slik sett eit mindre problem for befolkninga som heilskap. Nasjonale analysar har vist at det er sosial ulikskap i kven som blir utsett for støy^{xxx}. Dette heng truleg saman med bustad og bumiljø – kvar man har råd til å bu og

¹¹ I samband med dialogmøta vart eit (ikkje representativt) utval inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga vart sendt til ordførar, rådmann, planleggar og folkehelsekoordinator. Svara frå desse er brukt i dette arbeidet.

kvar utleigebustadene finst. Men det er også teikn på at det er ein sosial og subjektiv dimensjon av støy som ikkje i stor grad har vore framtrudande i tidlegare publikasjonar. Det er sosial ulikskap i opplevinga av støy, og det er ein samvariasjon mellom opplevinga av sosial støtte og oppleving av støy – jo meir sosial støtte, dess mindre plaga av støy. Dette tyder på at hypotesen om at folk tåler meir bråk viss dei kjenner naboane og kjenner seg trygg. Dette føyer seg også inn som ei støtte til at det er årsakssamanhengar mellom sosial deltaking og tillit i eit samfunn.

Desse trekka gjer seg også synleg i arbeidslivet. 46 prosent av dei som svarte i Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) oppgjev å vere plaga av støy på arbeidsplassen i varierende grad. Men det er færre blant dei som er svært mykje plaga av støy som også opplever sosial støtte og trygghet i nærmiljøet. Gruppa som også kjenner seg einsame er meir enn dobbelt så høg som blant dei som ikkje er plaga av støy på arbeidsplassen (15 prosent mot 7 prosent).

Eit godt kollektivtilbod gir moglegheit for deltaking

Det er stor skilnad i bruk av og kor nøgde folk er med kollektivtilbod ulike stader i fylket. I dei mest spreiddbygde stroka bruker berre 12 prosent kollektivtransport til og frå arbeid. Kollektivtilbodet har ein annan og viktig dimensjon ut over å vere ein transportmåte til og frå arbeid. For mange er det ein føresetnad for å kunne delta. Eit fungerande kollektivtilbod hjelper særskilt dei svakaste gruppene, som av ulike årsaker ikkje har eigen bil, eller nokon til å køyre seg. Eit godt kollektivtilbod kan vere ein måte å integrere innvandrarak betre på.

Gode og trygge pendlarveggar, eller samorganisering av skule og idrettsanlegg kan vere tiltak for å få auka deltaking og minske transportbehov, gi mindre trong for kollektivtilbod også på fritida og skape betre kvalitetar i lokalsamfunnet.

Oppsummering


Det er store regionale skilnader i Vestland der nokre område har stor befolkningstettleik, sterk vekst og relativt ung befolkning, mens andre område ventar fråflytting, mange eldre og færre unge. Infrastruktur, arbeidsmarknad og kollektivtilbod varierer også. Eit tydeleg trekk frå dei regionale møta er at variasjonen gjer seg uttrykk i unike utviklingstrekk som skil seg klart frå kvarandre. I Bergensregionen er storbyen framtrudande med urbane trekk, nasjonale kulturinstitusjonar og mange kompetanse- og utdanningsmiljø. I Indre Vestland står turisme og fruktdyrking sterkt. Nordhordland har spesialisert industri med sterkt internasjonalt fokus. Nordfjord har funnet nye løysingar i ein region med desentralisert struktur og bygd merkevare på tvers av offentleg, privat og sivil sektor. Sunnfjord har ein stor bu- og arbeidsmarknad i sin omkrins. I Sunnhordland står havet i fokus – både i industri og i kvardagsliv.

Lokalsamfunna i Vestland må vere av høg kvalitet og legge til rette for å bevare og å bygge sosial kapital, fellesskap og tilhøyrslø over tid. Her har Vestland store ressursar og gode tradisjonar å bygge vidare på. For at folk skal trivast, ønske å bli og ønske å komme tilbake, må det vere sterkt fokus på å bygge gode og varierte nærmiljø som legg til rette for at folk kan møtast, trivast og leve gjennom ulike livsfasar. Korte avstandar mellom arbeid, bustad, butikk og fritidsaktivitetar aukar moglegheitene for deltaking.

Berekraftsmål som er relevante for lokalsamfunn: 1, 3, 10, 11, 12, 15,16,17

ØKONOMISKE, SOSIALE OG MILJØMESSIGE VILKÅR

Det yreste laget i modellen viser til samfunnsstrukturar som er grunnlag for tillit mellom folk og demokratisk deltaking. Velferdsordningar, arbeidsmarknadspolitik, utdanningstilbod, infrastruktur, osv. er sentrale og overbyggande strukturar for samfunnet slik vi kjenner det i dag og set rammene for enkeltpersonar si moglegheit for deltaking. I tillegg til dei nasjonale, er det mange fylkeskommunale verkemiddel som påverkar i dette laget. Plassering av vidaregåande skular, vegstandard og kollektivtilbod er nokre. Fylkeskommunen har også innverknad gjennom regionale planar, samt rettleiing og uttale til kommunale planar.



Demokrati og deltaking

Vestland har høg valdeltaking samanlikna med landet elles, både ved kommuneval og Stortingsval. Innvandrarak deltek mindre enn majoritetsbefolkninga, særskilt dei som har innvandrarforeldre. I Sogn og Fjordane deltek førstegenerasjons innvandrarak meir. Ei høg valdeltaking er positivt og gir mangfald gjennom betre representasjon av ulike idear, verdiar og standpunkt^{xxxi}. Høg valdeltaking kan sjåast på som teikn på at folk opplever at dei kan påverke sine livsvilkår og at det er tillit i samfunnet. Tillit fremjar samarbeid og deltaking og er grunnleggande for at samfunnsinstitusjonar skal fungere effektivt.

«Sammen med blant annet andre nordiske land scorer Norge høyt på internasjonale målinger av tillit. I slike undersøkelser er det en tendens til at landene med høy tillit også har lav ulikhet. Felles deltakelse på mange samfunnsområder er et forhold som kan bidra til å bygge tillit, både mellom mennesker og til styrende institusjoner. Samtidig kan gode institusjoner bygge opp under den generelle tilliten i samfunnet. Felles deltakelse gir også tilhørighet, tilgang til sosiale nettverk og forståelse for lokale normer og skikker. For innvandrere kan det å delta i sivilsamfunnet være en viktig arena for språklæring og en vei inn i yrkeslivet. Sammenfall mellom økonomisk, sosial og kulturell ulikhet kan svekke tillit og samhold. For å opprettholde det høye tillitsnivået i det norske samfunnet, er det viktig at alle har tilgang til de sentrale samfunnsarenaene, selv om faktisk deltakelse vil kunne variere med egne ønsker og valg.» (Meld.St.13 Muligheter for alle – Fordeling og sosial bærekraft).

Fleire eldre, færre unge og mindre innvandring

Det er ein målsetnad i folkehelsearbeidet at folk skal leve lenger. Nasjonalt er målet at Noreg skal vere blant topp tre i verda når det gjeld levealder. Det blir fleire eldre, noko som mellom anna skuldast høg levestandard, relativt små sosiale forskjellar, gode velferdsordningar og helse- og omsorgstenester av høg kvalitet. Ei frisk, eldre befolkning er ein ressurs for samfunnet, for nærmiljøet og for familiar. Men det trengs balanse mellom generasjonane, med nok unge i arbeid til å bere samfunnet og velferdsstaten også i framtida.

I mange kommunar vil delen eldre over 67 år utgjere meir enn 20 prosent av befolkninga. I andre vil om lag ein av tre innbyggjarar vere over pensjonsalder i 2040. Dette er også kommunar der folk bur spreiddt og som kan forvente nedgang i befolkningstalet. Sogn og Fjordane skil seg frå landet og Hordaland med langt fleire eldre. Med fleire eldre er det venta auke i pensjonsutbetalingar, auka behov for helsetenester, tannhelsetenester og pleie- og omsorgstenester. Ein aktiv førebyggingspolitikk på alle samfunnsnivå kan halde fleire friske lenger og utsette hjelpebehov.

Parallelt med at det blir fleire eldre, går fruktbarheita ned og befolkningsdelen under 15 år er jamt nedgåande. Det er ikkje undersøkt om dette skuldast val og prioriteringar, eller uønska barnløyse. Skattepolitikken kan vere ein årsak til nedgang i barnefødsalar. Færre fødte barn gir ein «topptung» befolkningspyramide der det i framtida vil vere ei større forsørgingsbyrde per arbeidstakar, enn i

dag. Kommuneutvalget i Vestland vurderer befolkningsutviklinga med skeiv aldersfordeling, fråflytting og spreidd busetnad som den største utfordringa for regionen¹².

Totalt i fylket har innvandringa bremsa opp. Det er færre som kjem og fleire som drar ut. Det ser ut til å bli lågare innvandring og meir flytting også i framtida.

Økonomiske utviklingstrekk

Skilnadene i inntekt aukar i Noreg og Vestland og har gjort det over tid. Sjølv om det er låg ulikskap i Noreg samanlikna med andre land, så er det urovekkande at den aukar. Økonomisk ulikskap har negative effektar for samfunnet som heilskap. Det har blitt vist samanhengar mellom inntektsulikskap og samfunnsforhold som økonomisk stabilitet, sosiale relasjonar og demokrati^{xxxii}.

Endring i familiemønster saman med auka innvandring kan ha bidrege til å trekke utviklinga i same retning, men denne effekten er det vanskeleg å slå klårt fast^{xxxiii}. Ulikskapen i befolkninga har auka sjølv om innvandrarar ikkje er del av rekneskapen^{xxxiv}. Ein årsak til at ulikskapen aukar er at dei seinare åra har det vore større auke i formuane til dei rikaste^{xxxv}.

Det har vore auka del hushald som lever i vedvarande fattigdom^{xxxvi}. Dette ser vi også i Vestland. Talet alderspensjonistar som lever i vedvarande fattigdom har gått ned, mens delen einslege forsørgjarar har gått opp. Det blir også fleire barn i låginntektshushald. Delen aukar spesielt i Sogn og Fjordane. Ulikskapen er størst blant familiane med dei yngste barna^{xxxvii}. Befolkningsdelen som bur i hushald med vedvarande låg inntekt søkk med aukande alder^{xxxviii}, fram til den aukar igjen ved pensjonsalder. I denne gruppa er det langt større del i Sogn og Fjordane enn i Hordaland og i landet. Det er ikkje undersøkt kvifor det er såpass mange fleire her.

Utdanningsnivå og arbeidsliv

Kvar tredje innbyggjar i Vestland fylke har høgare utdanning, og over tid har utdanningsnivået auka. Sjølv om delen med høgare utdanning aukar, er det ikkje slik at det er eit mål i seg sjølv at flest mogleg bør liggje på dette utdanningsnivået. Mange jobbar krev også vidaregåande utdanning og særleg yrkesfagleg opplæring. Fullført vidaregåande skule er eit viktig kompetansekrav for deltaking i arbeidslivet og eit «trappetrinn» for fordeling av helse i befolkninga.

I Vestland har delen med grunnskule som høgaste utdanningsnivå samla sett gått ned dei siste 30 åra, men har vore stabilt dei siste 10 åra. Det er forskjellar mellom kommunane, i nokre står nesten ein fjerdedel av dei unge utan vidaregåande utdanning^{xxxix}. Dei fleste arbeidsledige har grunnskule eller vidaregåande opplæring som høgaste utdanningsnivå. Delen i arbeid med grunnskule som høgaste utdanning har gått gradvis nedover dei siste ti åra. Det er venta at framtidas arbeidsmarknad kjem til å ha mindre trong for arbeidskraft med dette utdanningsnivået. Det er også ein samvariasjon mellom utdanningsnivå og reiseavstand til arbeid der lågare utdanning gir lengre reiseveg¹³.

Del av befolkninga som har grunnskuleutdanning (30-39 åringar) er den faktoren som saman med snittalder i befolkninga, i størst grad er knytt til uføretrygd i ein kommune^{xl}. Også låg arbeidsplassdekning er forhold som i stor grad samvarierer med uføretrygd i ein kommune.

I tillegg manglar Vestland arbeidskraft og fleire regionar har utfordringar med å knytte til seg kompetente folk. Vestland taper i konkurransen med andre utdanningsstader på sentrale fagområde innan høgare utdanning. Det er òg mangel på søkjarar til yrkesfaglege studieretningar

¹² I samband med dialogmøta vart eit (ikkje representativt) utval inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga vart sendt til ordførar, rådmann, planleggar og folkehelsekoordinator. Svara frå desse er brukt i dette arbeidet.

¹³ Dette samsvarar med pendlingsstatistikk frå sysselsettingsregisteret

og fagarbeidarar som næringslivet treng. På denne måten går fylket glipp av både elevar og studentar, men og framtidige arbeidstakarar for regionen.

Klimaendringar og fysisk miljø

Endringane i klima påverkar folkehelsa. Det er venta auka førekomst av naturhendingar med fare for skade på viktig infrastruktur, menneskeliv og miljø. Vidare vil både klimaendringar og arealbruksendringar truge fleire økosystem, naturtypar og artar som er viktige bidrag i matproduksjon og vasskvalitet, rekreasjon, friluftsliv, sjukdomsregulering og fleire andre økosystemtenester. FN sin ferske rapport om jordas natur- og biomangfald viser til faren for å utrydde ein stor del av jorda sitt artsmangfald. Dette kjem i tillegg til endringar som følgje av klimaforandringar. I rapporten blir det slått fast at fleire berekraftsmål vil vere umoglege å nå viss vi held fram som vi har gjort til no.

Klimaforandringar og -tilpassing gjer seg gjeldande i høve behov for meir sikring og førebuing knytt til flaum og skred. Næringslivet må også omstille seg. Skredfare og utrygge vegar er negativt for kvardagstransport, men også for næringsliv og for at folk i det heile tatt skal ønskje å bli buande. Opplevinga av utrygge omgjevnader påverkar viljen til å vere mjuk trafikant – målet om å få opp talet gåande og syklande barn og vaksne blir ikkje nådd i miljø der folk kjenner seg utrygge. Dette er eit problem på kort sikt med omsyn til måla om færre bilar på vegane. På lang sikt tek barn med seg vanar med passiv transport og oppleving av utrygge omgjevnader inn i vaksenlivet.

Kommunetilsette i Vestland vurderer at samferdsle og infrastruktur er den nest største utfordringa i sin region¹⁴. Under her kollektivtilbod, dårleg tilrettelegging for syklande og gåande samt etterslep i vedlikehald på vegnettet.

Oppsummering

Framtidas velferdssamfunn treng ei frisk befolkning i eit samfunn som har låge tersklar for deltaking. Mindre økonomisk ulikskap gir høgare tillit, ei lykkelegare befolkning og gir eit grunnlag for å bevare styrkar som høg demokratisk deltaking over tid.

Høg valdeltaking er ein ressurs for Vestland. Det kan tyde på at folk opplever at dei kan påverke sine omgjevnader og rammevilkår. Det at innvandrarar deltek i så stor grad i Sogn og Fjordane, er ein særskilt verdi som bør takast i vare.

Folk i Vestland er opptekne av at det i nokre regionar er vanskeleg å rekruttere på grunn av befolkningsnedgang. For å få til befolkningsvekst må regionen vere attraktiv for at folk skal kome og å bli – både nye til regionen, men også at unge skal komme tilbake og etablere seg etter avslutta studiar. Då må det finnast relevante arbeidsplassar for par. Trygge pendlarvegar er viktig både for foreldre og barn. Kvalitet i skule og kulturtilbod er arenaer som kan gjere ein plass attraktiv å flytte til. For å halde ved like eit godt tenestetilbod vil kommunane måtte finne nye løysingar og samarbeide på tvers av sektorar i større grad enn i dag. Det er også relevant for å kunne tilby kollektivtilbod, kultur- og idrettsdeltaking, studieplassar, osb.

I eit internasjonalt perspektiv står Vestland ovanfor mykje av dei same utfordringar som europeiske og globale partnarar når det gjeld samfunnsplanlegging, til dømes demografisk utvikling, klima, miljø, demokratibygging osb. Som ein stor region kan Vestland gjere ein forskjell internasjonalt for å sikre ei god samfunnsutvikling i tråd med FN's berekraftsmål. Det handlar om å vere informert om utviklinga i verda og Europa generelt og å ha forståing for at vi må ta ei aktiv rolle for å motverke negative trendar og gå i bresjen på område der Vestland har fortrinn og kan gjere ein forskjell.

¹⁴ I samband med dialogmøta vart eit (ikkje representativt) utval inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga vart sendt til ordførar, rådmann, planleggar og folkehelsekoordinator. Svara frå desse er brukt i dette arbeidet.

Bærekraftsmål som er relevante for rammevilkår i Vestland: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17



Utval frå «Vestland | Statistikk og utviklingstrekk»

Under følgjer ei gjennomgang av hovudtrekka frå «Vestland – statistikk og utviklingstrekk». Den er strukturert etter «Forskrift for folkehelseoversikt» sine bokstavar A-E. Der det ikkje særskilt er oppgjeve kjelde, blir det vist til kunnskapsgrunnlaget «Vestland – statistikk og utviklingstrekk» for referansar.

A – SAMANSETNADEN I BEFOLKNINGA

Pårekna befolkningsutvikling

Sentraliseringa er venta å auke mot 2040, og det er venta at 80 prosent vil bu i dei 12 mest sentrale kommunane i Vestland. Dette er kommunar i sentralitetsnivå 2,3 og 4, som vist på figuren nedanfor. Veksten er venta å vere størst i dei nest mest sentrale kommunane, typiske omlandskommunar og større regionsenter. For kommunar i sentralitetsnivå 5 og 6 er det venta negativ befolkningsutvikling.



Figur 1.2.5: Største innvandrargruppe etter kommune (gjeldande kommuneinndeling). Kjelde: SSB tabell 09817

Figur X: Sentraliteten til ein kommune er utrekna basert på reisetid til arbeidsplassar, og ulike servicefunksjonar ut i frå alle busette grunnkretsar.

Figur X: Største innvandrargruppe etter kommune (gjeldande kommuneinndeling).


Ved inngangen av 2018 var kring 12 prosent av befolkinga innvandarar. Dei fleste av desse kom frå Europa. Arbeidsinnvandring har lenge vore den viktigaste årsaka til innvandring i fylket, men dei siste åra har fleire kome på bakgrunn av flukt og familiegjening. Den største gruppa innvandarar i fylket kjem frå Polen, og 40 av dagens kommunar har dette som største nasjonalitet. Vidare er Litauarar og ei stor gruppe, og er størst i sju av kommunane. Dei seinare åra har det vore stor innvandring frå Syria, og dette er synleg i fleire mindre kommunar, der syrarar er den største gruppa.

I 2040 er det påreknna å vere om lag 150 000 eldre i Vestland (67 år og meir). I 2018 utgjorde eldre 15 prosent av befolkninga. I 2040 vil eldre utgjere 20 prosent. Fordelinga av dei eldre er ikkje geografisk jamt fordelt. Kommunar som Sogndal, Øygarden og Bjørnafjorden vil få mindre enn 20 prosent eldre i 2040, medan i kommunar langs Sognefjorden, i Samnanger og i Ullensvang er det venta at eldre utgjer over 30 prosent av befolkninga. I del av befolkninga som er over 80 år er det skilnad mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Sogn og Fjordane er blant fylka som har høgast del, i høve landssnittet, med 5,5 prosent eldre. Hordaland ligg på landssnittet med 4,2 prosent eldre.

B - OPPVEKST- OG LEVEKÅR

Utdanning og arbeidstilknytning

Kvar tredje innbyggjar i Vestland fylke har no høgare utdanning, og over tid har utdanningsnivået auka. Sjølv om delen med høgare utdanning aukar, er det ikkje slik at det er eit mål i seg sjølv at flest mogleg skal ha høg utdanning. Mange jobbar krev også vidaregåande utdanning og særleg yrkesfagleg opplæring. Fullført vidaregåande skule blir slik sett eit viktig kompetansekrav for deltaking i arbeidslivet og eit «trappetrinn» for fordeling av helse i befolkninga. For aldersgruppa 25-29 år og 30-39 år har det vore ein nedgang i delen med vidaregåande skule og ein tilsvarande auke i delen med grunnskule som høgaste fullførte utdanning dei siste ti åra.



Figur 2.1.1: Høgaste fullførte utdanningsnivå 1991–2017. Universitet og høgskule, kort, omfattar høgare utdanning til og med 4 år. Universitet og høgskule, lang, omfattar høgare utdanning på meir enn 4 år, inkl. forskarutdanning. Kjelde: SSB tabell 08921

Det er større skilnader i forventa levealder etter utdanning mellom dei som har grunnskule og vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå, enn mellom dei som har vidaregåande skule og høgare utdanning. Det er regionale skilnader i utdanningsnivå. Nesten ein fjerdedel av dei unge i dei mellomsentrale kommunane står utan vidaregåande utdanning.

Tabell 2.1.1: Del unge (25–29 år) med vidaregåande skule eller meir utdanning i Vestland, etter sentralitet (sjå vedlegg). Kjelde: Regionale utviklingstrekk, KMD. 2018


Sentralitet	Mest sentral			Minst sentral	
	2	3	4	5	6
Vestland	83,2	77	76,7	79,7	81

Samla sett, har kvinner høgare utdanningsnivå enn menn. 38 prosent av kvinner i Vestland fylke har universitets- og høgskuleutdanning, og 36 prosent har vidaregåandeutdanning som høgaste fullførte utdanning. Blant menn er situasjonen motsett: 42 prosent har vidaregåande utdanning mot 29 prosent med universitets- og høgskuleutdanning som høgaste fullførte utdanning.

Det er venta nedgang i etterspurnaden etter arbeidskraft med grunnskule som høgaste utdanningsnivå. Samtidig ventar NHO sine medlemsbedrifter auka behov for arbeidskraft med fag- og yrkesopplæring og fagskuleutdanning dei neste fem åra.

Fråfall og overgangar i vidaregåande skule

Progresjonen for elevane som starta på vidaregåande i 2012 er låg for begge fylka og nær gjennomsnittet for landet. Om lag 20 prosent av dei som starta på yrkesfag i 2012 hadde slutta fem år seinare. Tilsvarende, for studieførebuande opplæring, låg mellom 2,5 og 3,7 prosent for fylka. Sogn og Fjordane hadde høgare gjennomføringsgrad på yrkesfag enn Hordaland, men også ein større del elevar som slutta. I åra 2011/ 2012 har Sogn og Fjordane (-0,6) ei negativ endring, medan Hordaland (1,6) har ei positiv. Hordaland har også ein større del elevar som fullførte utan å bestå, eller som fullførte med den planlagde grunnkompetansen.




Figur x: Gjennomstrøyming for elevar i vidaregåande skule etter fullføringsgrad. Elevane starta i 2012. Fullføringsgraden er målt fem år etter (2017).

Samanlikna med Hordaland og gjennomsnittet for Noreg, gjekk ein høgare del av yrkesfagselevane i Sogn og Fjordane ut i lære, og ein lågare del byrjar på påbygging til studiekompetanse. 38,3 prosent av elevane i Hordaland og 44 prosent av elevane i Sogn og Fjordane gjekk over i lære. 24,2 prosent av elevane i Hordaland, mot 13,5 prosent i Sogn og Fjordane gjekk over til påbygging til generell studiekompetanse.

Trivsel på skulen

Tala for trivsel i grunnskulen viser eit stort fleirtal svarer at dei trivst på skulen, med det er forskjellar i Vestland fylke. Tala viser at Hordaland ligg under landssnittet, medan Sogn og Fjordane ligg over. Utviklinga over tid viser at delen i Sogn og Fjordane har ein nedgåande trend. På kommunenivå er det eit spenn på over 20 prosentpoeng mellom topp og botn i fylket, når det kjem til trivsel. I Sogndal svarte 94 prosent at dei trivst på skulen, mens i Ulvik er den tilsvarande delen 71 prosent. Blant kommunane på botn er trenden sidan treårsperioden 2009/10-2014/15 nedgåande.



Figur x: Kjønn- og klassefordeling på kor mange som blir mobba kvar 14. dag i Noreg.

4,3 prosent av elevane i Hordaland og 3,7 prosent av elevane i Sogn og Fjordane svarte at dei blir mobba til tre gonger i månaden. Dette inkluderer mobbing frå medelevar, mobbing digitalt (på skulen) og/eller mobbing frå vaksne på skulen. Tal for begge fylka ligg under landssnittet som er på 5,1 prosent. Hordaland ligg litt høgare enn Sogn og Fjordane, men utviklinga har vore ulik dei to siste skuleåra. I Sogn og Fjordane har delen som blir mobba gått opp 0,3 prosentpoeng, medan det i Hordaland har vore ein nedgang på 0,6 prosentpoeng.

Lese- og reknedugleik i grunnskule

Ein fjerdedel av elevane i Hordaland og Sogn og Fjordane er på det lågaste nivået for lesing i femte klasse. Tala frå dei nasjonale prøvane viser at delen har vore stabil sidan perioden 2011/12-2013/14. Forskjellane mellom kommunane er relativt store. Medan fire av ti er på det lågaste nivået i kommunane Sund, Austrheim, Selje, Sveio og Radøy er det færre enn ein av fem elevar som er på det lågaste nivået i Vik, Førde og Jølster.


Tala for rekning viser at det er ein mindre del av elevane som er på det lågaste nivået for rekneferdigheit enn tidlegare i Vestland fylke. Delen som slit med rekning er litt redusert i begge fylke frå perioden 2011/12-2013/14 til 2014/15-2016/17. Reduksjonen er størst i Hordaland. Blant kommunane er det i Førde og Vik færre enn ein av ti elevar på det lågaste nivået for meistring, medan fleire enn fire av ti elevar i Naustdal og Austrheim er på dette nivået.

Yrkesliv og sysselsetting

Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) syner at kjønn og utdanningsnivå har lite å seie for om ein trivst på jobb, med unnatak av eit signifikant (men lite) skille mellom menn og kvinner med høg utdanning der menn trivst litt betre. I alle gruppene var delen som svarte at dei trivst på jobb mellom 79 og 82 prosent. Den nasjonale delen er 90%^{xli}.

Sysselsettingsgrada i Vestland fylke var i overkant av 66 prosent i 2017, tilnærma likt det nasjonale nivået same år. Av totalt 58 kommunar i fylket, hadde 41 av kommunane lik eller høgare sysselsettingsgrad samanlikna med det nasjonale nivået i 2017. 10 av kommunane hadde ei sysselsettingsgrad på over 71

prosent. I 2017 var sysselsettingsgrada noko høgare hjå menn enn kvinner med størst forskjell i sysselsettingsgrada for kvinner og menn i aldersgruppa 55 år og eldre. Sysselsettingsgrada er høgast blant personar i alderen 20-66 år, og særskilt for personar i alderen 25-54 år. Dette er likt for både Vestland fylke og resten av Noreg.



Figur x: Sysselsettingsgrad (15-74 år) per kommune i Vestland fylke, 2017.

Frå 2008 til 2017 har del sysselsette i alderen 15-74 år i Vestland fylke gått ned med kring tre prosentpoeng. Utviklinga er tilnærma likt nasjonalt. To av 58 kommunar i fylket opplevde same utvikling som resten av landet, medan 33 kommunar hadde ei svakare negativ utvikling. Av dei resterande 23 kommunane som opplevde ei betre utvikling enn nasjonalt i perioden 2008-2017, hadde berre Eidfjord og Modalen vekt i sysselsettingsgrada.

17 prosent av befolkninga i Noreg har nedsett funksjonsevne i 2018. 44 prosent av denne gruppa er i alderen 15-66 år sysselsett i 2. kvartal av 2018. Nivået har vore stabilt dei siste åra, men med ei svak positiv utvikling. Utdanningsnivå har særskilt positiv effekt på sysselsettingsgrada for personar med nedsett funksjonsevne. Av den delen av befolkninga med nedsett funksjonsevne er sysselsettingsgrada hjå menn med universitets- og høgskuleutdanning (1-4 år) på nivå med sysselsettingsgrada for alle menn i befolkninga med grunnskule som høgaste utdanningsnivå. Hos kvinner er tendensen lik, men variasjonen er noko mindre.

Gjennomsnittleg sysselsettingsgrad blant innvandrarar i Vestland fylke har utvikla seg svakt negativt dei siste ti åra. I 2017 var den på kring 62 prosent, mot 66 prosent for heile befolkninga. 38 av 58 kommunar i Vestland fylke hadde lik eller høgare sysselsettingsgrad blant innvandrarar, samanlikna med det nasjonale nivået. Generelt sett er sysselsettingsgrada bland innvandrarar lågare, samanlikna med menn i same gruppa. Dette er tilfelle både for Vestland fylke og nasjonalt.


Dei siste fem åra har delen heilt arbeidsledige blant personar mellom 15 og 30 år lege på rundt tre prosent i Vestland fylke, altså noko høgare enn arbeidsløysa generelt i fylket. Etter ein topp på 3,4 prosent i 2015 og 2016, har arbeidsløysa gått gradvis ned dei siste to åra. I september 2018 var arbeidsløysa blant personar i denne aldersgruppa 2,4 prosent, og dermed lik nivået for heile arbeidsstyrken i Vestland fylke. Arbeidsløysa for personar under 30 år har vore høgare for menn enn kvinner kvart år frå 2014 til 2018, men skilnaden er mindre i 2018 samanlikna med dei siste tre åra.

Når det kjem til uføreyting blant unge i alderen 18 – 24 år ligg Sogn og Fjordane signifikant lågare enn landsnivå. Nivået i Hordaland er ikkje signifikant ulikt landsnivå.

Inntekt

Inntektsulikskapen i Noreg er låg i internasjonal samanheng. Likevel har ulikskapen nasjonalt auka dei siste ti åra. Dette gjeld og for Vestland fylke. Likevel ligg Vestland fylke noko betre enn landet når det gjeld inntektsulikskap.

Del personar i hushald med vedvarande låg inntekt (etter skatt) har auka med om lag 1 prosentpoeng dei siste ti åra, både i Noreg og i Vestland fylke. Fylket ligg likevel under nasjonalt nivå for denne perioden. Del personar som budde i hushald med vedvarande låg inntekt i perioden 2014 til 2016 var 9 prosent i Noreg, 8 prosent i Hordaland og 7 prosent i Sogn og Fjordane. Samanlikna med personar over 34 år, er det ein større del unge, og særleg dei i etableringsfasen mellom 18 og 34 år, som bur i hushald med vedvarande låginntekt.




Figur X. Utviklinga av del born i alderen 0 til 17 år busett i hushald med låg inntekt.

Del born i alderen 0 til 17 år som budde i hushald med låg inntekt varierte mellom 4,9 og 20,2 prosent i kommunane i Vestland fylke i 2016. 13 av 58 kommunar i fylket hadde ein høgare del born i hushald med låg inntekt, samanlikna med det nasjonale gjennomsnittet på 12,3 prosent.

Bustad- og barnehagetilhøve

Barnehagedekninga i Hordaland og Sogn og Fjordane er høgare enn for landet samla, både blant dei små borna (1-2 år) og blant dei store borna (3-5 år). Sogn og Fjordane har generelt ei høgare dekning for begge aldersgrupper. Det er fleire minoritetsspråklege born i barnehage i Sogn og Fjordane samanlikna med Hordaland. 76 prosent av dei minoritetsspråklege i Hordaland går i barnehage mot 88 prosent i Sogn og Fjordane. Dette kan vere ei forklaring på forskjellane i barnehagedekninga i dei to fylka.

Gjennomsnittleg kvadratmeterpris på nye og brukte einebustadar har auka i Sogn og fjordane, Hordaland og heile landet sidan 2001. Prisveksten på brukte einebustadar har vore høgare i Hordaland, og særskilt i Sogn og Fjordane, samanlikna med den nasjonale utviklinga i same periode. Prisveksten på nye einebustadar har vore tilnærma lik i dei to fylka, som nasjonalt.



Figur X: Utviklinga i gjennomsnittleg kvadratmeterpris på omsette brukte og nye einebustadar i Hordaland og Sogn og Fjordane fylker, samt heile landet.

Om lag tre fjerdedelar av alle hushald i Vestland fylke bur i bustadar dei sjølv eig, medan resten leiger bustaden sin. Fordelinga er lik som resten av landet. Kor mange som eiger, og kor mange som leiger har vore tilnærma lik dei siste tre åra. Alle kommunar, med unntak av ein, ligg mellom 13 og 32 prosent leigde bustadar. Unntaket er Sogndal, der heile 43 prosent av hushalda leiger bustaden dei bur i.


Kollektivtilbod og bruk av andre tilbod

Om lag 25 prosent i Hordaland svarte at dei brukar kollektivtransport til og frå studie- eller arbeidsstad. Her varierer prosenten etter sentralitet, med gradvis færre brukarar dess meir spreiddbygd folk bur. Storbyen har 41 prosent, medan spreiddbygde stork har 12 prosent.

Om lag åtte av ti personar i Vestland fylke har gangavstand til kollektivstopp med minst ei rute. Desse tala endrar seg lite etter kor i fylket folk bur. Forskjellen mellom sentrale og mindre sentrale stork er først og fremst knytt til frekvens, det vil sei talet på avgangar i timen ein gitt dag. I Bergen har fleirtalet av befolkninga eit høgfrekvent tilbod, dvs. fem eller fleire avgangar i timen. I dei mellomsentrale kommunane har ein hovudvekt av befolkninga eit mellomfrekvent tilbod, avgangar mellom ein og fire gangar i timen. I dei minst sentrale kommunane aukar delen som har eit lågfrekvent tilbod, det vil sei færre enn ein avgang i timen. Kollektivdekninga ligg mellom 70 og 80 prosent også for dei kommunane med lågast sentralitet (kategori 5 og 6), men det er færre som har tilgang til ruter med høg frekvens.

Tryggleik og nærmiljø

Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) syner at 86 prosent i stor grad føler seg trygge i nærmiljøet sitt. Både for menn og kvinner aukar delen som i stor grad føler seg trygg, med auka utdanningsnivå. Kvinner føler seg i mindre grad trygge samanlikna med menn i alle utdanningsnivå. Det er ein tydelig gradient der graden av utryggleik er omvendt proporsjonal med økonomisk status – til større oppleving av dårleg råd, dess større er opplevinga av å ikkje føle seg trygg. Blant ungdom i Hordaland som opplyste at dei har hatt dårleg råd dei to siste åra, er det ein relativt større del som er usikre eller kjenner seg utrygge i nabolaget, enn dei som ikkje har hatt dårleg råd.



Figur x: Tryggleik i eige nabolag blant ungdom etter økonomisk status.

I Ungdata-undersøkinga svarte 92 prosent av ungdomsskuleelevar i Sogn og Fjordane at dei kjenner seg trygge når dei ferdast i nærområdet sitt. For Hordaland er tilsvarende del 88 prosent. Det nasjonale nivået er på 87 prosent.

I Hordaland oppgjev 73,2 prosent at dei trivst i eige nærmiljø. Delen varierer noko mellom regionane. Færrast i Hardanger og Voss og flest i Bergen oppgjev å trivast. Trivselen aukar med utdanningsnivå og alder, der alder har størst innverknad. 20,4 prosentpoeng skil dei eldste aldersgruppene frå dei yngste. I same undersøking oppgjev respondentane at tilgang på natur- og friluftslivsområde, tilgang til butikk og spisestad, å kunne vere i fred og å kjenne naboane er dei viktigaste faktorane for å trivast.


Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018) syner at 67 prosent meiner at tilgang til natur- og friluftslivområde er det viktigaste for å trivast i sitt nærmiljø. Dei fleste oppgjev å ha god tilgang på dette, og delen er lågast i Bergen med 93,5 prosent. Noko færre opplevde god tilgang på grøntareal, her var det færrast på Askøy, Sotra og Øygarden der 84,7 prosent svarte at dei hadde god tilgang. 18 prosent svarte at tilgang til kulturaktivitetar er viktig for trivast i nærmiljøet.

C – FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ

Klima- og miljøendringar

Miljødirektoratet sin statistikk for klimagassutslepp viser at Vestland fylke hadde eit utslepp på 7 590 480 tonn CO₂-ekvivalentar i 2016. Dei tre største sektorane var industri, olje og gass (48%), sjøfart (17%) og vegtrafikk (11%). Mengda utslepp frå industri, olje og gass har gått noko ned dei siste tre åra, medan mengda utslepp frå sjøfart har auka noko. Utslepp frå dei andre sektorane har endra lite. Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar hadde i 2017 eit samla utslepp på 422 152 tonn CO₂-ekvivalentar frå aktivitet knytte til eigen verksemd.






Figur X: Utslepp av 1000 tonn CO2-ekvivalenter frå Vestland fylke per år.

Klimaprofil for Sogn og Fjordane og Hordaland oppsummerar venta klimaendringar i Vestland fylke. Venta endringar for perioden 2071-2100 er mellom anna 4 celsiusgrader auke i middeltemperatur, auka årsnedbør på kring 15 prosent og vesentleg reduksjon i snømengd i lågareliggande områder. Det er variasjon mellom områder og årstider. I tillegg er det venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, større og fleire regnflaumar, auka fare som følgje av nedbørsmengder og auke i stormflonivå.

Vestland fylke er truga av auka frekvens med mellom anna skred og flaum grunna dei venta klimaendringane. Det er indre delar av Vestland fylke, rundt Hardangerfjorden, Åkrafjorden, indre delar av Sognefjorden, delar av Sunnfjord og fjordane vest for Førde, som har flest skredhendingar i perioden januar-september 2018. Når det kjem til flaum går det fram at kring 20 000 bygg ligg i aktsemdsone for flaum, og det er naudsynt med kartlegging. I perioden 2010-2017 utgjorde storm den største del av naturskadane i Vestland fylke, til saman eit erstatningsbeløp på 1 049 309 00 kr.

Klimaendringar og arealbruksendringar påverkar i stor grad artsmangfaldet, og i fjellområda er tilstandsverdien til økosystema i ei negativ utvikling. Det er og ei negativ utvikling for våtmarksområda og opne lågland, eller kulturlandskap, gror igjen. Den økologiske tilstanden i havområda (botn og pelagisk) er stort sett god og stabil, men varierer noko. For ferskvatn er tilstanden varierande og for kystvatn positiv på botn og negativ på overflata.



Figur X: Naturtypar i ulike økosystem som er truga.

I Vestland fylke er det 25 naturtypar og 585 artar som står i fare for å forsvinne. Naturtypane som er i fare for å forsvinne er mellom anna korallrev, kystlynghei og sukkertare. Naturtypane er spreidd over fleire økosystem, i våtmarksområde, fjæresone, skog, kulturmark, fjell, ferskvatn og marine områder. Dei truga artane er dominert av sopp, lav, mose, fuglar og insekt.

Fysisk miljø

Over tid er det blitt stadig færre inngrepsfrie naturområde. Dette er definert som eit område som ligg lenger enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep som vegar, krafllinjer, vassdragsinngrep m.m. Dei siste åra er likevel tempoet i bortfallet redusert.

60 prosent av befolkninga i Hordaland og 51 prosent av befolkninga i Sogn og Fjordane har trygg tilgang til rekreasjonsareal innanfor gangavstand får bustaden sin. Tilsvarende har høvesvis 55 og 64 prosent i begge fylka trygg tilgang til nærturterreng. Det betyr at 40-50 prosent ikkje har trygg tilgang til rekreasjonsareal og 35-45 prosent ikkje har trygg tilgang til nærturterreng. I 25 av 58 kommunar har mellom 75 og 100 prosent tilgang til nærturterreng. Generelt har større del av befolkninga trygg tilgang i mindre tettstadar enn i større tettstadar.

Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) viser at om lag 7 prosent rapporterer at dei er middels eller mykje plaga av støy frå trafikk heime. Delen er høgast i Bergen (9,3%), Hardanger og Voss (8,9%) og Sunnfjord (8,1%) opplever støy. I dei andre regionane oppgjev 5-6 prosent at dei er plaga av støy. Om lag 8 prosent rapporterte at dei var plaga av annan støy enn trafikk heime.


I Vestland fylke er det berre faste målestasjonar for luftkvalitet i Bergen. I 2017 hadde Bergen god luftkvalitet, og kravet til forskrifta om lokal luftkvalitet vart oppfylt vel alle målestasjonane. Ein rapport frå Sjøfartsdirektoratet frå 2017 syner at nivået av nitrogenoksid i Geiranger og Flåm til tider når verdiar som kan ha negativ helsemessig påverknad.

Antibiotikabruk

Frå 2013 til 2017 har tal antibiotikareseptar utskrive og utlevert frå apotek til personar i alderen 0 til 79 år, gått ned med om lag 15 prosent nasjonalt. Same nedgåande trend er gjeldande i alle fylka i landet. I tal antibiotikareseptar per 1000 innbyggjar i Hordaland ligg Hordaland fylke (340 reseptar) litt over landssnittet, og Sogn og Fjordane ligg nesten i botn med 304 per 100 innbyggjar.

Sosialt miljø


Om lag 20 prosent av ungdom i Noreg og i Vestland fylke opplyser at dei har vore mykje plaga av einsemd i løpet av den siste veka. Det er stor variasjon mellom kommunane. Utviklinga over tid viser ein nasjonal svakt aukande trend i den delen av ungdomskuleelevar som er plaga av einsemd. Førekomsten for einsemd aukar for kvart trinn i ungdomskulen. Tala viser stor kjønnsforskjell. Langt fleire jenter enn gutar føler seg einsame.



Figur X: Nasjonal kjønns- og klassefordeling av kor mange som er plaga av å føle seg einsam minst ein gong i veka før undersøkinga.

Når det gjeld den vaksne delen av befolkninga, syner Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) at delen som opplever einsemd ofte eller svært ofte, minkar med alderen. Delen er størst blant personar i alderen 18 til 24 år. Dette gjeld både for menn (16 prosent) og kvinner (18 prosent). Personar som er eldre enn det, opplever mindre einsemd dess eldre dei er. Kjønnsforskjellane er også små for alle aldersgrupper.

I Hordaland 88,5 prosent av dei spurde at dei opplever sosial støtte. Delen er noko større blant kvinner enn menn. Opplevd sosial støtt aukar med utdanningsnivå og alder for begge kjønn. Menn i alderen 30 til 39 år skil seg likevel ut, med noko høgare del som opplever sosial støtte enn venta med bakgrunn i observert alderstrend.




Figur x: Opplevd sosial støtte i Hordaland 2018.

Kollektivtilbod

Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) syner at berre 62 prosent av befolkninga meiner at dei har god tilgang til offentleg transport. Delen varierer mellom geografiske område i fylket. 82 prosent av befolkninga i Bergen vurderer tilgangen som god. Under halvparten av dei spurde i resten av fylket meiner det same. HAFS/ Ytre Sogn er den regionen der folk er minst nøgde med kollektivtilbodet (27%), deretter Nordfjord (35%) og Sunnhordland (36 prosent).

Kulturdeltaking- og tilbod

Ungdomsskuleelevar i dei indre og nordlege delane av Vestland ser ut til å vere mest nøgd med kulturtilbodet, medan kystkommunane scorar lågast. I Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) var Nordhordland det området der færrest svarte ja på spørsmål om dei hadde god tilgang på kultur- og idrettstilbod



Figur x: Kartet viser del av befolkninga i kommunar i Hordaland som har eit anlegg innan 15 min gangavstand frå eigen bustad. Eit anlegg kan i denne samanheng vere alt frå større idrettshallar (fotball, sykkel, klatring), til mindre nærmiljøanlegg som ballbinge/ badeplass/ informasjonstavle/ tursti.

I 2013 gjennomførte Hordaland fylkeskommune ei undersøking av folk sine interesser for ulike område innan kultur. I den kom det fram at hordalendingar er mest interesserte i friluftsliv, film, idrett og musikk. Undersøkinga viste også at det er skilnader mellom regionar i fylket. Dei tradisjonelle kulturfelta som til dømes folkedans/musikk og lokalhistorie/ slektsgransking står sterkare utanfor Bergen, medan film, skjønnlitteratur, teater og bildekunst står sterkare i Bergen. For dei i Hordaland som nyttar seg lite av eit kulturområde er tid og manglande interesse dei viktigaste forklaringane. Teater skil seg mest ut. Her er dårleg tilbod/lang reiseveg oftare lista som hovudårsak for at innbyggjarane ikkje oftare går på teater, musikal og revy. Teaterframsyning er det kulturtilbodet som flest innbyggjarar utanfor Bergen saknar.

På nasjonalt nivå viser tal frå kulturbarometeret til SSB (2016) at konsertar er det området med høgast interesse, etterfølgt av bøker, idrettsarrangement og kino. Den samla auken i talet på besøkande var i følgje rapporten på 40 prosent frå 2005 til 2016. Frå 2016 til 2017 hadde musea i Vestland god auke i talet på enkeltbesøk.

Tal på besøkande per kinovisning har gått ned dei siste åra. Både Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt ein reduksjon som er høgare enn gjennomsnittet for heile landet. Frå 2015 til 2017 har det vore ein nedgang på nesten 5 besøkande per framsyning i Hordaland og 4 for Sogn og Fjordane. På landsbasis var nedgangen 3,2 besøkande per framsyning.

Besøk på folkebiblioteka har dei siste tre åra lege relativt stabilt kring 4–5 besøk i året per innbyggjar. Sogn og Fjordane har hatt ein liten auke frå 2015 til 2016, men det er forventa variasjonar over tid.

Den største skilnaden mellom Sogn og Fjordane og Hordaland finn er det i kulturskulen. Prosentdelen born mellom 6 og 15 år som er aktive i kulturskulen ligg på 13,3 prosent for Noreg, 12 prosent for Hordaland, og

heile 20 prosent for Sogn og Fjordane. Nivået nasjonalt, og i dei to fylka, har vore stabilt dei siste tre åra. Den store skilnaden mellom fylka kan delvis forklarast med at Bergen er ein stor kommune med låg deltaking (åtte prosent i 2017), og trekk difor ned snittet for fylket. Det er generelt høgare deltaking i mindre kommunar.

Deltaking i organisert aktivitet

Sjølv om delen aktive medlemmar i organisasjonar og foreiningar har gått ned, har organisert aktivitet generelt ein sterk posisjon i det nye fylket. Vestland ligg på landsgjennomsnittet for deltaking i organisert aktivitet hos ungdomsskuleelevar, og adelen som deltek er høg. Folkehelseundersøkingane for Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) peiker på ein klar positiv samanheng mellom høgt utdanningsnivå og deltaking i organisert aktivitet for dei over 18 år. 31 prosent av dei med høgare utdanning svarte at dei deltok i organisert aktivitet kvar veke, medan 18 prosent av dei med grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå svarte det same. Den same trenden er synleg mellom utdanningsnivå og uorganisert vekentleg deltaking også, men i litt mindre grad.

D – SKADAR OG ULYKKER

Vegtrafikkulykker og eigenmelde skadar

I 2017 vart 104 personar drepne eller alvorleg skadde i vegtrafikkulykker i Vestland fylke. Av disse var det 16 som omkom. Utviklinga over tid syner at tal vegtrafikkulykker per 1000 innbygarar som fører til død eller alvorleg personskade, har gått ned i Vestland fylke og i landet elles.



Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane

(2019) syner at 19 prosent av dei vaksne over 18 år i løpet av dei siste 12 månadane oppgjev å ha vore utsett for ein eller fleire skadar som førte til at dei oppsøkte lege eller tannlege. Fordelt på alder og kjønn syner resultatane at ungdom 18–24 år, og menn generelt, er hyppigare utsette for skade. Den vesle gruppa respondentar over 80 år hadde den største skadedelen (26 %). Både Hordaland og Sogn og Fjordane ligg over landsnittet på 13,7 prosent (2016) når det kjem til personskadar i alle aldrar per 100 innbygarar. Hordaland låg i 2016 på 14 prosent og Sogn og Fjordane på 15,6 prosent. Truleg ligg Vestland fylke signifikant betre enn landsnivået når det gjeld skadar behandla på sjukehus blant 0 til 14 åringer. For både personskadar i alle aldrar og for personskadar mellom 0 til 14 år har Vestland fylke ein sterkare nedgåande trend enn landet.

I tal frå 2016 ligg Sogn og Fjordane og Hordaland over landsnittet på hoftebrot, med høvesvis 19,6 og 18,3 prosent. Landsnittet var 13,7 prosent i 2016. Hordaland har ein nedgåande og Sogn og Fjordane ein aukande del hoftebrot per 1000 innbygarar.


E - HELSERELATERT ÅTFERD

Helse og kosthald

Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) syner at om lag ein av tre er fysisk aktive i minst 30 minutt per dag. Delen som er dagleg fysisk aktive aukar noko med utdanningsnivå. Resultatane syner aldersforskjell i aktivitetsnivået – aktiviteten er høgast blant dei yngste og lågast blant dei eldste, men nedgangen over aldersgrupper er ikkje lineær. Utviklinga over alder er nokså lik blant kvinner og menn. Kjønnforskjellane er små og ikkje signifikante.



Blant dei som deltok i Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) opplyser folk at dei et mindre frukt, bær og grønsaker enn det Folkehelseinstituttet anbefalar. Ein av tre et frukt og bær dagleg. Under halvparten opplyser at dei et grønsaker dagleg. Delen som et frukt, bær og grønsaker dagleg, er større blant kvinner enn menn. Delen av den vaksne befolkninga som et anbefalt mengd fisk, er større. Meir enn tre av fem opplyser at dei et fisk, anten som pålegg eller til middag, ein til tre gonger i veka. I overkant av ein av åtte et fisk endå oftare enn det.



Figur x: Kosthaldsdata

Daglegrøykarar og snusbruk

Delen vaksne i alderen 25–74 år som rapporterer at dei røyker dagleg har endra seg over tid. Delen som røyker dagleg har gått ned, medan delen som snusar dagleg har gått opp. I Sogn og Fjordane er røyking og snusing mindre utbreidd enn i Hordaland og i landet som heilskap, medan delen som dagleg røyker og snusar i Hordaland har lege på eller rett over det nasjonale snittet. Både for menn og kvinner fell delen som røyker dagleg betydeleg med utdanningsnivå. Delen som røyker er tre til fire gonger høgare blant dei som har grunnskule som høgaste fullførte utdanning samanlikna med dei som har minst fire års universitetsutdanning. Utdanningsnivå spelar derimot i mindre grad inn på snusbruk. I alle utdanningsgrupper er det ein langt høgare del som brukar snus dagleg blant menn enn blant kvinner. Alder spelar også ei viktig rolle – delen som røyker dagleg aukar frå den yngste gruppa (18–29 år) heilt til 50–59 årsgruppa, for deretter å søkke. Det ser ikkje ut til å vere ein signifikant forskjell i delen daglegrøykarar mellom kvinner og menn. Blant snusbrukarar er det ein motsett trend: Delen som snusar minskar med alderen, og i alle aldersgrupper under 70 år er det ein høgare del som snusar blant menn enn blant kvinner. Her er forskjellane minst blant dei yngste (18–29 år).

Tannhelse

Nær 90 prosent av innbygarane over 18 år i Hordaland har vore til tannlege eller tannpleiar i løpet av dei to siste åra. Blant dei som ikkje har vore til tannlege eller tannpleiar i løpet av dei fem siste åra er økonomi og redsle/frykt dei viktigaste årsakene.


F – HELSETILSTAND

Oppleving av eiga helse

I Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019) svarte tre av fire vaksne at dei opplever si eiga helse som god eller svært god. Likevel er det skilnad mellom folk; det er ein klår gradient der delen som rapporterer



om god helse aukar trinnvis med aukande utdanningsnivå. Skilnaden mellom dei med grunnskule som høgaste fullførte utdanning og dei med fleire enn fire år på universitet eller høgskule, er på over 20 prosentpoeng. Det er ubetydelege kjønnsforskjellar. Målt etter alder, er det ein tendens til at delen som rapporterer om god helse er lågare blant dei over 50 år enn i dei yngre aldersgruppene.



Figur x: Del med opplevd god helse fordelt på kjønn og utdanningsnivå for Hordaland, 2018.

Dei fleste opplever at dei har god tannhelse, og det er liten variasjon med alderen. Det er derimot ein kjønnskilnad: Kvinner (79,8 prosent) opplever i større grad enn menn (71,4 prosent) å ha svært god eller god tannhelse. Den eigenopplevde tannhelsa blir påverka av økonomi og utdanningsnivå. Det er gradvis betring i opplevinga av eigen tannhelse etter kvart som hushaldsinntekta aukar. Den same trinnvise trenden er også synleg etter utdanningsnivå – jo kortare utdanning, jo dårlegare oppleving av eiga tannhelse.

Moderate psykiske lidningar

Tal personar som er i kontakt med primærhelsetenesta når det gjeld psykisk sjukdom og lidingar har dei siste åra auka noko både i Hordaland, Sogn og Fjordane og i landet som heilskap. I Sogn og Fjordane oppsøker ein vesentleg mindre del av befolkninga helsevesenet i samband med desse plagene enn i Hordaland og i heile landet.

Samandrag av tidlegare folkehelseoversikter

Både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar oppdaterte sist folkehelseoversiktene sine i 2015. Namna på dokumenta er «*Kunnskapsgrunnlag- Oversikt over levekår og livsstil i Sogn og Fjordane*» og «*Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt*». Dokumenta vart bygde opp etter krava i folkehelseforskrifta.

SOGN OG FJORDANE

På mange levekårsindikatorar peikar Sogn og Fjordane seg positivt ut. Det er små inntektsskilnadar, få born i familiar med låg inntekt og høg venta levealder. I tillegg færre born med eineforsørgar, færre unge lovbrytarar og færre unge arbeidsledige enn landsgjennomsnittet. Både trivsel og mobbing i skulen er i 10. klasse statistisk betre enn landsgjennomsnittet. Fråfallet frå vidaregåande skule er lågare enn landsgjennomsnittet.

Levekåra i fylket skil seg likevel mindre frå landsgjennomsnittet enn tidlegare. Dette gjeld i særleg grad indikatorar som måler utviklinga for born og ungdom. Talet på born under barnevernet og lesedugleiken blant 5. klassingar har hatt ei negativ utvikling dei siste åra. I tillegg har talet på born som bur med berre ein omsorgsperson gått ned på landsplan, men ikkje i Sogn og Fjordane.

HORDALAND

Delar av fylket er særskilt utsette for skred, og sårbare ved store nedbørsmengder og klimaendringar. Sentralisering og omstilling i arbeidslivet gir seg særskilte utslag i Hordaland. Ei rask omstilling i eit sterkt sentralisert fylke kan føre til risiko for auka sosial ulikskap innan helse i framtida. Befolkninga veks langs fleire dimensjonar grunna aldring, innvandring og barnevekst. Den generelle folketalsveksten saman med sentraliseringa i dei kystnære områda, krev areal til både infrastruktur og bustadbygging. Dette kan leggje press på andre kvalitetar, som rekreasjonsareal og stille soner.

Som resten av landet, er det ei utfordring knytt til fråfall i den vidaregåande skulen i Hordaland. Mange av dei som ikkje fullfører det vidaregåande løpet hos oss, går på yrkesfagleg linje. Ei viktig årsak til fråfallet her er at elevane ikkje får lærlingplassar.

- i <file:///C:/Users/Ainhaug/Downloads/Folkehelse%20og%20b%C3%A6rekraftig%20samfunnsutvikling.pdf>
- ii <file:///C:/Users/Ainhaug/Downloads/Folkehelse%20og%20b%C3%A6rekraftig%20samfunnsutvikling.pdf> s. 14.
- iii <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>
- iv https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/ud/vedlegg/utvikling/oneyearcloser_2018.pdf
- v https://www.regjeringen.no/contentassets/1e632f4a6e434af2b67950dc45aa2ffe/frafall_rapport_ksu_e.pdf
Henta 22. mai 2019
- vi https://www.bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge/ Henta 22. mai 2019
- vii https://www.bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge/ henta 22. mai 2019
- viii Vestland | Statistikk og utviklingstrekk, s. 76
- ix <https://forskning.no/psykologi/politikerne-er-bekymret-for-ensomhet-men-er-det-virkelig-et-okende-folkehelseproblem/1333936>
- x Korleis har ungdommane i Hordaland det?
- xi Meld. St. 13 (2018–2019) Melding til Stortinget, Muligheter for alle Fordeling og sosial bærekraft
- xii https://www.bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge/ Henta 22. mai 2019
- xiii https://www.regjeringen.no/contentassets/1e632f4a6e434af2b67950dc45aa2ffe/frafall_rapport_ksu_e.pdf
Henta 22. mai 2019
- xiv <https://noa.stami.no/arbeidsmiljoindikatorer/psykososialorganisorisk/jobbtifredshet1/tifredshet/>
- xv Faragher, 2005. Henta frå (21. mai 2019)
<https://noa.stami.no/arbeidsmiljoindikatorer/psykososialorganisorisk/jobbtifredshet1/tifredshet/>
- xvi Risikoindeks for folkehelse
- xvii <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/lav-lonn-og-tungt-arbeid>
- xviii https://www.idunn.no/tfs/2019/02/overgang_fra_utdanning_til_arbeid_blant_hoeyt_utdannede_ette Henta 22. mai 2019
- xix https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/ssp/_attachment/269777?_ts=155588a7588 Henta 22. mai 2019
- xx <https://utdanningsforskning.no/artikler/ungdom-fra-lavere-sosiale-lag-slutter-med-idrett-forst/> Henta 22. mai 2019
- xxi Korleis har ungdommane det?
- xxii https://www.bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge
- xxiii Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og Sogn og Fjordane (2019)
- xxiv https://www.regjeringen.no/contentassets/74e09fb91fe04d2ea7bfeca43abea184/rapport_vr_03_2016_v6_in_nvandrara_si_deltaking_i_norsk_frivilligliv.pdf Henta 24. Mai 2019
- xxv Mari Lande With (2017). [Ubetalt arbeid, i Vrålstad og Wiggen \(red\). Levekår blant innvandrere i Norge 2016. SSB-rapport 2017/13](#)
- xxvi Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018) og i Sogn og Fjordane (2019)
- xxvii <http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NIBR/Publikasjoner/Fortetting-og-folkehelse>
- xxviii *Leve hele livet Meld St 15 (2017-2018)*
- xxix Folkehelseundersøkinga i Hordaland (2018) og i Sogn og Fjordane (2019)
- xxx Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt
- xxxi Meld.St.13 Muligheter for alle – Fordeling og sosial bærekraft
- xxxii <file:///C:/Users/Ainhaug/Downloads/Folkehelse%20og%20b%C3%A6rekraftig%20samfunnsutvikling.pdf>
- xxxiii Meld.St.13 Muligheter for alle – Fordeling og sosial bærekraft
- xxxiv SSB: økonomiske analyser 1/2017
- xxxv Ulikhetsmeldinga Fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-13-20182019/id2630508/sec1>
- xxxvi Meld.St.13 Muligheter for alle – Fordeling og sosial bærekraft
- xxxvii https://www.bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge
- xxxviii Vestland | Statistikk og utviklingstrekk, s. 71
- xxxix Vestland | Statistikk og utviklingstrekk, s. 12
- xl Risikoindeks for folkehelse
- xli <https://noa.stami.no/arbeidsmiljoindikatorer/psykososialorganisorisk/jobbtifredshet1/tifredshet/>